

Quo vadis Tyskland?

Diskusjon i svensk offentlegheit om «det tyske problemet» og framtida til Tyskland, 1944-1949

Maria Dorthea Harsvik



Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN

Haut 2019

Quo vadis Tyskland? Diskusjon i svensk offentlegheit
om «det tyske problemet» og framtida til Tyskland,
1944-1949

© Maria Dorthea Harsvik

2019

Quo vadis Tyskland? Diskusjon i svensk offentlegheit om «det tyske problemet» og framtida til Tyskland, 1944-1949

Maria Dorthea Harsvik

<http://bora.uib.no/>

Abstract

This master thesis analyses discussions of “the German Problem” and the future of Germany in the Swedish public between 1944-1949. The research focuses on political, humanitarian and economical aspects of the debates about the reconstruction of Germany. The source material consists of the newspapers *Arbetaren*, *Dagens Nyheter*, *Stockholms-Tidningen*, *Svenska Dagbladet*, as well as other publications from the same period.

This thesis argues that the Swedish public considered Sweden to be a democratic and humanitarian nation suited for participation in the spiritual and democratic reconstruction of Germany. Sweden had a special position as a neutral state during and after the Second World War. Because Sweden was spared war and occupation, it had the resources to contribute on a large scale to the rebuilding of Europe and became an important actor in this respect. Despite their declaration of neutrality, Sweden sold iron ore to Germany and gave them permission to transport troops through Sweden during the war. For this they received criticism both during and after the war. Therefore, they wanted to create goodwill among the international community in the post-war period by providing international aid. The Swedish public had a considerable interest in the future of Germany, especially the German-speaking exiles in Sweden, most of whom were Social Democrats with a particular interest in the political reconstruction of post-war Germany.

Swedish humanitarian aid to Germany was considered to be an important contribution to the economic and political reconstruction of Europe. Both humanitarian and political solutions discussed in the Swedish public were strongly influenced by social democratic ideas. German federalism was seen as the best and most viable political solution to secure peace and to avoid a centralized and aggressive Germany. The discussions in the Swedish public of “The German Problem” and the future of Germany were interpreted in relation to the political and ideological dynamics of the Cold War.

Also, the role of German history played an important role in the debates about the future of Germany. It reflected the attitudes toward the question of guilt and the rise of National Socialism. Any forms of “Vansittartism”, i.e. the portrayal of Germans with innate militaristic and anti-democratic characteristics, were rejected by the Swedish public. On the other hand, the expulsion of Germans from Central- and Eastern-Europe was viewed as necessary to avoid minority problems in Central European states, similarly to what occurred during the inter-war period.

Forord

Fyrst av alt vil eg takke min rettleiar, Christhard Hoffmann, for gode faglege råd og god oppfølging gjennom heile masterperioden.

I tillegg vil eg takke dei tilsette ved klipparkivet ved Sigtunastiftelsen i Sverige for hjelp med innsamling av store delar av kjeldematerialet, og Kari Normo ved Universitetsbiblioteket i Bergen for all hjelp med bestilling av både kjelder og forskingslitteratur.

Til slutt vil eg takke mamma og tante Marit for korrekturlesing.

Maria Dorthea Harsvik

Bergen, 2019

Innhold

ABSTRACT	V
FORORD	VI
1. INNLEIING	1
1.1 PROBLEMSTILLING OG AVGRENSING	2
1.2 TIDLEGARE FORSKING.....	4
1.3 KJELDER OG METODE	7
1.4 DISPOSISJON AV OPPGÅVA	9
2. HISTORISK BAKGRUNN	11
2.1 TYSKLANDS SKULD OG FRAMTID	11
2.1.1 <i>Hemn eller fred?</i>	12
2.1.2 <i>Mellom Morgenthau og Marshall</i>	15
2.2 SVENSK-TYSKE RELASJONAR: DEN NAZISTISKE UTFORDRINGA	23
2.2.1 <i>Sverige og Tyskland i krigstid og etterkrigstid</i>	24
2.2.2 <i>Folkhemmet og nazismen</i>	26
2.3 KONKLUSJON.....	28
3. TYSKLAND: EUROPAS «SJUKE MANN»? SKILDRINGAR AV TYSKLAND, 1945-1949	29
3.1. TYSK SKULD OG SJKDOM	29
3.2 MORALSK ATTERREISING: DEMOKRATISERING OG DENAZIFISERING	34
3.3 MELLOM AUST OG VEST: KALD KRIG SOM KONTEKST.....	38
3.4 KONKLUSJON	42
4. INGENMANNSLAND I EUROPA: KORLEIS LØYSE «DET TYSKE PROBLEMET»? 1944-1949	43
4.1 TYSKLAND OG «FREDEN», 1944-1945.....	44
4.2 «DET TYSKE PROBLEMET» MELLOM AUST OG VEST, 1945-1947.....	49
4.2.1 <i>Politiske løysingar: tysk føderasjon eller einskapsstat?</i>	49
4.2.2 <i>Økonomiske løysingar: «Morgenthaus destruktiva ideer» eller eit industrialisert Tyskland?</i>	55
4.3 «DET TYSKE PROBLEMET» I EI DELT VERD, 1948-1949	59
4.4 KONKLUSJON	64
5. Å HJELPE ELLER IKKJE HJELPE? SVENSK HUMANITÆR INNSATS I TYSKLAND OG FORDRIVELSEN I SVENSK OFFENTLEGHEIT, 1945-1949	66
5.1 HUMANITÆR HJELP I RUINLANDET TYSKLAND.....	66
5.2 FORDRIVELSEN: REAKSJONAR I FOLKHEMMET	74
5.3 SVERIGE: EIT DEMOKRATISK OG HUMANITÆRT «LJUSGLIMT»?.....	81
5.4 KONKLUSJON	83
6. TYSKLAND MELLOM FORTID OG FRAMTID: LÆRDOMAR FRÅ TYSK HISTORIE, 1944-1949	85
6.1 NAZISMEN: FRÅ BISMARCK TIL HITLER?	85
6.2 FRÅ VERSAILLES TIL DET TREDJE RIKET?	91
6.3 KONKLUSJON	93
7. KONKLUSJON	95

KVEN DELTOK I DISKUSJONEN OM FRAMTIDA TIL TYSKLAND?	96
KVA TILTAK VAR NAUDSYNT FOR Å LØYSE «DET TYSKE PROBLEMET» OG SIKRE FRED?	97
FOLKHEMMET SOM IDEAL?	98
VIDARE FORSKING	99
KJELDER OG LITTERATUR	100
KJELDER 1941-1949	100
<i>Aviser</i>	100
<i>Brosjyre-serie: Världspolitikens dagsfrågor</i>	100
<i>Bøker</i>	100
LITTERATUR	101
<i>Bøker, artiklar og avhandlingar</i>	101
<i>Artiklar henta frå internett</i>	105

1. Innleiing

The human problem the war will leave behind it has no yet been imagined, much less faced by anybody. There has never been such destruction, such disintegration of the structure of life.¹

-Anne O'Hare McCormick

Those who were not alive at the time may find it difficult to appreciate the extent to which European politics in the post-war years were governed by the fear of a German revival and directed to make sure that this never happened again.²

-Sir Michael Howard

Andre verdskrig og følgjene av konflikten skapte politisk, økonomisk, sosial og moralsk uvisse på det europeiske kontinentet. Dette var særleg tilfellet med Tyskland. Etter intensiv krigføring var landet i ruiner og under alliert, militær okkupasjon. Endringane og avgjerdene om Tyskland kan verke kjende og sjølvsaute for oss i ettertid, men dette var langt frå sjølvsaugt for aktørar i samtida. Slik det går fram av sitata ovanfor var det mykje uvisse både med bakgrunn i dei materielle øydeleggingane og kva tiltak ein måtte gjennomføre for å sikre Europa mot tysk aggresjon. Spørsmål om kva atterreisinga av Tyskland skulle innebære vart oppfatta som avgjerande for resten av Europa. Frå nederlag i fyrste verdskrig, demokratisk kaos i mellomkrigstida til ein totalitær stat ansvarleg for krigsbrotsverk og utryddingspolitikk, var det tyske samfunnet på byrjinga av 1900-talet forma av turbulente hendingar. Kva skulle den politiske utforminga av det tyske samfunnet innebære, og kven skulle delta i denne?

Debattar om dette fann stad under krigen og var særleg aktuelt i dei fyrste etterkrigsåra. Slike diskusjonar var til stades i Sverige. På bakgrunn av tidlegare svensk-tyske historiske relasjonar vil det vere utbyterikt å undersøke meiningsutvekslinga om framtida til Tyskland i svensk offentlegheit. Geopolitisk og kulturelt var Tyskland den viktigaste påverknaden i svensk samanheng. Sverige var i ein særeigen posisjon som nøytralt demokrati under og etter krigen. Ved å ha unngått krigshandlingar i eige land vart Sverige til ein viktig aktør med store ressursar i atterreisinga av Europa. Det er difor grunnlag til å undersøke kva for førestillingar

¹ Sitert frå Judt 2010, s. 13.

² Sitert frå Judt 2010, s. 100.

og alternativ om ordninga av Tyskland i etterkrigstid som var til stades i svensk offentlegheit. Oppgåvetittelen «Quo vadis Tyskland?» er henta frå ein artikkel i *Arbetaren* med tittelen «Quo vadis Bayern?».³ Quo vadis er latin for «kvar går du?», og kan illustrere mykje av spørsmåla kring ordninga av det tyske samfunnet. Med bakgrunn i tyske krigsbrottsverk, okkupasjon, konsentrasjonsleirar og utryddingspolitikk skapte dette politiske, moralske og juridiske problemstillingar kring ordninga av Tyskland. Det er allereie store mengder av forskning og anna litteratur om andre verdskrig og hendingane i konflikten. Det er difor viktig å undersøke nærare forståinga i dei fyrste etterkrigsåra om kva for løysingar som vart diskutert for ordninga av Tyskland etter store omveltingar av det tyske samfunnet og sjølve Europa.

1.1 Problemstilling og avgrensing

Hovudproblemstillinga til denne masteroppgåva skal vere: *Kva for haldningar var det til «det tyske problemet» og framtida til Tyskland i svensk offentlegheit i perioden 1944-1949? Kva for framstillingar av Tyskland vart formidla i svensk offentlegheit? Kva skulle atterreisninga av Tyskland innebere politisk, økonomisk og humanitært, og kva historiebilete var forslaga basert på?*

Denne problemstillinga er utgangspunktet for oppgåva, og gjennom ulike delproblemstillingar blir ulike aspekt ved haldningar til «det tyske problemet» og framtida til Tyskland i svensk offentlegheit drøfta. Etter ein total krig med tysk overgjeving utan vilkår var atterreisninga av Tyskland samansett av fleire faktorar. Med omfattande øydeleggingar var det naudsynt med materiell og humanitær hjelp, etter eit totalitært styre med ein nazifisert befolkning og statsapparat var det naudsynt med vidfemnande politiske og administrative tiltak. Og med atterreisninga av den europeiske økonomien skapte dette spørsmål om kva rolle eit framtidig Tyskland skulle ha i Europa. Føremålet med å ha ein slik innfallsvinkel der fokuset i svensk offentlegheit omhandlar det politiske, økonomiske, moralske og humanitære ved ei ordning av Tyskland, er å få eit meir heilskapleg bilete av meiningsutvekslinga i Sverige.

Avgrensing av masteroppgåva i både tid og rom er naudsynt for å kunne halde det innan rammene for eit slikt prosjekt. Undersøkningsperioden er satt frå 1944 til 1949. Dette er gjort med tanke på kjeldematerialet og realhistoriske hendingar, og desse står i samanheng til

³ *Arbetaren* 10.07.1946.

kvarandre. Då eit tysk nederlag vart til eit spørsmål om tid i sluttfasen av krigen er det mogleg å undersøke frå 1944 då det vart meir aktuelt å kome fram til ei ordning for etterkrigstida. Det vil vere utbyterikt med ein undersøkingsperiode fram til og med 1949 då delinga av Tyskland i to statar vart fastsett. Det er viktig å understreke at mi avgrensing i tid er gjort i samband med tema, kjeldematerialet og den realhistoriske konteksten. I tillegg til tidsavgrensinga er det behov for avklaring av «svensk offentlegheit». Det er ikkje mogleg å inkludere alt som vart uttrykt i svensk offentlegheit i perioden, og det er difor gjort eit utval av kjeldemateriale med innhald av meiningsutveksling om temaa. Passande kjeldemateriale til problemstillinga og svensk offentlegheit er aviser og andre publikasjonar. Avisene er *Arbetaren*, *Dagens Nyheter*, *Stockholms-Tidningen* og *Svenska Dagbladet*. Meiningsinnhaldet i desse avisene bli vektlagt i analysen, men andre relevante bidrag i bokform og tidsskrift blir inkludert for å få eit meir djuptgåande bilete av diskusjonen i samtida.

Her er det òg naudsynt å avklare kva som kan meinast med «det tyske problemet». Den tyske nasjonalstaten vart danna i 1871, og sidan dess har «det tyske problemet» fått ny aktualitet på 1900-talet. For kva rolle skulle eit samla Tyskland ha i ein vidare europeisk kontekst? Sjølve omgrepet har ikkje hatt ei fast tyding og innhald, men har heller vore prega av den realhistoriske konteksten med ulike politiske, økonomiske og sosiale forhold. Mykje av problematikken omhandla utfordringa som nasjonalstaten Tyskland representerte for maktforholdet i det etablerte europeiske statssystemet. Den nye nasjonalstaten hadde ressursar til å bli ein ny hegemonimakt gjennom sterk militærmakt, industrialisering og befolkningsvekst.⁴ Dette utgjorde ein del av den politiske dimensjonen av problemet. I tillegg til står den kulturelle dimensjonen i samanheng til den politiske då ein skulle definere kva som var «tysk» og dermed «tyskar». Skulle det til dømes vere ein tysk nasjonalstat eller fleire, og korleis skulle maktforholdet vere mellom desse og resten av Europa?⁵ I mellomkrigstida skapte fredsordninga frå fyrste verdskrig ein uavklart relasjon mellom tyske minoritetar utanfor grensene til den tyske nasjonalstaten, og dette var eit aspekt ved «det tyske problemet». Eit anna aspekt etter fyrste verdskrig som prega forståinga av problemet var spørsmålet om korleis ein skulle hindre framtidig tysk aggresjon. Med tysk nederlag og alliert okkupasjon frå 1945, vart innhaldet i dette forma av den politiske-ideologiske polariseringa mellom stormaktene. Med alliert kontroll og politisk maktutøving er «det tyske problemet» endra til «det tyske spørsmålet» av tidlegare forskingslitteratur. Dei politiske problema om

⁴ Hobson 2015, .s 319.

⁵ Wolff 2003, s. 4-6.

kva rolle ein tysk stat skulle ha i det internasjonale samfunnet, var framleis til stades sjølv om Tyskland ikkje lengre var ein sjølvstendig stat og stormakt.⁶ Etter danninga av Aust- og Vest-Tyskland i 1949 vart det ei gradvis «normalisering» av «det tyske problemet» der to tyske statar vart vurdert som ei løysing. Samstundes var det særleg i Vest-Tyskland ei orientering på 1960-talet med tankar om gjenforeining gjennom *Ostpolitik*.⁷

1.2 Tidlegare forskning

Denne masteroppgåva er basert på tidlegare forskingslitteratur, og det er difor naudsynt med ein gjennomgang av kva som er ulikt frå tidlegare forskning med mitt prosjekt. Eg er ikkje kjend med tidlegare forskning med det same kjeldemateriale som omhandlar diskusjonen i svensk offentlegheit om «det tyske problemet» og framtida til Tyskland i perioden 1944-1949. Det er noko overlapp av tema og utvalt kjeldemateriale med anna forskning, men ikkje med utvalet som heilskap. Skuldspørsmålet var eit sentralt tema knytt til atterreisinga av Tyskland. I forskingslitteraturen er truleg den tyske skulddebatten satt mest i fokus. *Vi är inte färdiga med Hitler på länge än* er ei svensk omsetting og omarbeiding av doktoravhandlinga til den svenske germanisten Barbro Eberan frå 1983. Denne omhandlar den tyske skulddebatten frå 1945 til 1949 der den tar opp rolla til skuldspørsmålet mellom tyskarane sjølve og Tyskland og omverda. Eit nyare bidrag om den tyske skulddebatten er frå sosiologen Jeffrey K. Olick med boka *In the House of the Hangman* frå 2005. Undersøkingssperioden er frå 1943 til 1949, og han vektlegg prosessen med kollektiv minne om nazismen og kollektiv skuld i Tyskland i etterkrigsåra. I svensk forskning har Johan Östling gitt mest merksemd om den svenske debatten i etterkrigsåra om tysk skuld. Östling har undersøkt i forskingsartikkelen «The Limits of Wahlverwandtschaft» frå 2001 førestillingar av Tyskland i konservative *Svenska Dagbladet* og *Svensk Tidskrift* i perioden 1945-1948. Her blir skuldspørsmålet og førestillingar om det historiske og framtidige Tyskland i svensk konservativ presse drøfta. Funn av Östling har vore nyttig å vurdere i tilknytning til eigen analyse av kjeldematerialet. I tillegg til førestillingar om framveksten av nazismen og skuldspørsmålet, rettar eg fokus kring tankar om sjølve fredsoppgjeret og meir om bruken av historiske lærdomar i kjeldematerialet. Dette er ulikt frå Östling. Eit anna viktig bidrag frå Östling som vil vere nyttig i analysen og som vidare kontekst for svensk offentlegheit i

⁶ Lammers 2006, s. 448.

⁷ Verheyen 1991, s. 10.

perioden, er doktorgradsavhandlinga *Nazismens sensmoral* som undersøker svenske erfaringar av nazismen i etterkrigstid.⁸ I min analyse av kva for framstillingar og inntrykk av Tyskland som vart formidla til svensk offentlegheit i perioden er særleg reiseskildringar brukt som kjeldegrunnlag. Reiseskildringar frå Tyskland blir òg drøfta av Östling, og fokuset er på dei mest kjende journalistane. Sjølv om det er overlapp av kjeldematerialet og tema som demokratisering og denazifisering, har eg retta større merksemd om sjølve skildringane, med kva for ord og omgrep som vart brukt, av den tyske befolkninga og Tyskland. På denne måten kan ein få eit betre innsyn i kva for framstillingar av Tyskland som vart formidla til svensk offentlegheit.

Det meste av forskinga om svensk offentlegheit har omhandla Sverige under andre verdskrig, og ikkje etterkrigsåra. Tidlegare hovudfokus i forskinga har vore om den svenske nøytralitetspolitikken under krigen, og den politiske og diplomatiske posisjonen Sverige var i. På 1960-talet vart prosjektet «Sverige under andre verdskrig» (SUAV) iverksett, og dette vart seinare kritisert for å ikkje undersøke det moralske aspektet ved svensk nøytralitetspolitikk, svensk-tyske relasjonar under krigen og følgjene dette fekk for Holocaust.⁹ Det var særleg frå 1990-talet at svensk forskning vurderte Holocaust som ein del av svensk historie og ikkje berre tysk historie. Med dette skiftet i tolkinga av rolla til Sverige under krigen vart det utgitt fleire publikasjonar som omhandlar moralske problemstillingar om Sverige og svensk presse i krigstid. Tema som kunnskap om den tyske utryddingspolitikken i svensk presse og det moralske ansvaret til Sverige vart problematisert. Døme på dette er *Sverige och Nazityskland. Skuldfrågor och moraldebatt* av Lars M. Andersson og Mattias Tydén (red.). *Att bo granne med ondskan* av Klas Åmark frå 2016 undersøker svenske relasjonar til nazismen, det nazistiske regimet og Holocaust, og i denne samanhengen vart kunnskap om Holocaust i svensk presse drøfta.

Det har blitt større fokus på dei fyrste etterkrigsåra i forskingslitteraturen, og ikkje berre som ein periode nærmast utan innhald mellom andre verdskrig og den kalde krigen. Eit bidrag om svensk presse etter andre verdskrig er frå historikaren Antero Holmila med *Reporting the Holocaust in the British, Swedish and Finnish Press, 1945-1950* som utfordrar framstillinga om manglande debatt om Holocaust i dei fyrste etterkrigsåra. Funn av Holmila om reaksjonar til frigjeringa av konsentrasjonsleirane og korleis ein forklarte nazismen i svensk presse er

⁸ Östling har fått kritikk for bruken av omgrepet «erfaring». Sjå til dømes bokmeldinga av Paul A. Levine frå 2009, s. 1552-1553, der han foreslår at omgrepet «reaksjonar» hadde vore meir passande.

⁹ Östling 2008, s. 22.

relevant for mitt prosjekt. Som nemnd innleiingsvis ynskjer eg å undersøke meiningsutvekslinga i svensk offentlegheit om kva atterreisninga av Tyskland skulle innebere humanitært. Tidlegare forskning har fokusert på svensk flyktningpolitikk og konkrete svenske hjelpetiltak og hjelpeorganisasjonar. Føremålet med innfallsvinkelen til denne oppgåva er å undersøke nærare reaksjonar til fordrivelsen av tyskarar frå Aust- og Sentral-Europa, og haldningar til svensk humanitær hjelp til Tyskland. Til dette vil særleg doktoravhandlingane *Den svenska Tysklands-hjälpen 1945-1954* av Jörg Lindner og *Från Centraleuropa till Folkhemmet* av Rudolf Tempsch vere relevante med kontekst til tema og deira funn. Lindner skriv om svenske humanitære hjelpetiltak, men utdjupar ikkje om kva for reaksjonar det var til humanitær hjelp til Tyskland i ein vidare svensk offentlegheit. Her gir Tempsch eit betre overblikk over reaksjonar i svensk opinion til den sudetyske innvandringa til Sverige, og undersøkingsperioden i studien er frå 1938 til 1955. Sjølv om han undersøker den sudetyske innvandringa til Sverige som følgje av fordrivelsen, vart ikkje fordrivelsen sett på som heilskap. I doktorgradsavhandlinga *Exil in Schweden* av germanisten Helmut Müssener frå 1974 undersøker han den tyskspråklege emigrasjonen til Sverige frå 1933, og i denne samanhengen følgjer han blant anna den sudetyske innvandringa og den politiske verksemda deira i Sverige. Eit anna døme på svensk forskning om fordrivelsen er doktoravhandlinga *Retorik och realpolitik. Storbritannien och de fördrivna tyskarna efter andra världskriget* av Hans-Åke Persson frå 1993. Men denne avhandlinga fokuserer på innstillinga til Storbritannia og andre britiske aktørar til fordrivelsen, og omhandlar ikkje Sverige. Anna forskingslitteratur om svensk humanitær hjelp til Tyskland i etterkrigstid har fokusert mest på einskilte organisasjonar. Relevante døme på dette er doktorgradsavhandlinga *Exporting visions and saving children – the Swedish Save the Children Fund* av Ann Nehlin frå 2009, og mastergradsoppgåva av Christin Mays frå 2011 *For the Sake of Democracy* om samarbeidskomiteen for demokratisk oppbygnadsarbeid.

Den tematiske vinklinga i mitt prosjekt krev oversyn over faglitteratur om både Sverige og Tyskland. Om svensk offentlegheit er det mest relevante for mitt tema skildra ovanfor. Engelskspråkleg forskingslitteratur dekkjer dei realhistoriske hendingane i Tyskland før, under og etter andre verdskrig. Det er mykje faglitteratur om den tyske og europeiske atterreisninga, den allierte okkupasjonen av Tyskland og aukande polarisering mellom stormaktene og den kalde krigen. Sjølv om hovudfokuset i denne oppgåva vil vere om meiningsinnhaldet i kjeldene frå svensk offentlegheit er det naudsynt å knyte dette opp til realhistoriske hendingar i Tyskland og Europa. Diskusjonen i svensk offentlegheit i samtida skjedde ikkje i eit

vakuum. Ut i frå det eg er kjend med har ikkje tidlegare forskingslitteratur svart på kva for haldningar det var i dei fyrste etterkrigsåra til ei framtidig ordning av Tyskland i svensk offentlegheit. Det vil difor vere utbyterikt å få ei meir heilskapleg framstilling av både kva for politiske løysingar som vart diskutert, og om det var nokre forslag som vart vektlagt, og haldningar til svensk humanitær hjelp til Tyskland og fordrivelsen i staden for fokus på einskilte hjelpetiltak og organisasjonar.

1.3 Kjelder og metode

Arbeidet med ei masteroppgåve krev eit utval av kjelder, ein innsamlingsprosess og metodisk tilnærming til kjeldene. Her skal eg greie ut om mitt eige utval og arbeid med kjeldene. Passande kjelder til å svare på meiningsutveksling i svensk offentlegheit er aviser og andre relevante bøker og tidsskrift. Som nemnd tidlegare er utvalte aviser syndikalistiske *Arbetaren*, liberale *Dagens Nyheter* og *Stockholms-Tidningen* og konservative *Svenska Dagbladet*. I analysen blir desse vektlagt, og føremålet med aviser på tvers av det politiske spektrumet er å kunne få betre oversikt over haldningar i offentlegheita til den framtidige ordninga av Tyskland. På grunnlag av dette er andre relevante publikasjonar inkludert i kjeldematerialet slik at avgrensinga ikkje berre blir «svensk presse». «Sverige» som undersøkingsobjekt hadde blitt for omfattande, og difor er «svensk offentlegheit» betre eigna for dette prosjektet. Utvalet av desse dagsavisene er på grunnlag av ulike politiske grunnposisjonar. I perioden var *Svenska Dagbladet* den leiande konservative avisa. *Arbetaren* var ein av dei mest utprega anti-nazistiske avisene under krigen, og det er interessant å granske om dette kom til uttrykk i forslaga om Tyskland i etterkrigstida. Til trass for at det sosialdemokratiske partiet var det største i Sverige, var det meir sannsynleg at veljarane leste større nasjonale aviser slik som *Dagens Nyheter* enn deira eiga partiavis.¹⁰ *Stockholms-Tidningen* har blitt kategorisert som konservativ avis av noko forskingslitteratur, men i denne oppgåva har eg valt å kategorisere denne som liberal, men med pro-tyske tendensar til tider.¹¹ Ved å ha eit slikt vidfemnande politiske profilar frå syndikalistisk, liberal til konservativ, kan dette seie noko om det var konsensus eller ikkje i svensk offentlegheit om framtida til Tyskland. Ved bruk av aviser som kjelder kan eg som historikar lese i ettertid kva som vart formidla og lest i svensk offentlegheit i perioden. Til dømes er ein leiarartikkel eit resultat av den opinionsdannande

¹⁰ Holmila 2011, s. 14-15.

¹¹ Holmila 2011, s. 43.

funksjonen til redaksjonen.¹² Slike dagsaviser er nyttige å ta utgangspunkt i då dei kommenterte fortløpande om aktuelle hendingar i samband med utviklinga i Tyskland og relasjonane mellom stormaktene, og dermed haldningar til dette.

Innsamlingsprosessen av kjeldematerialet er gjort i fleire etappar. Mykje av materialet frå *Dagens Nyheter*, *Stockholms-Tidningen* og *Svenska Dagbladet* er frå klipparkivet ved Sigtunastiftelsen i Sverige, medan materialet frå *Arbetaren* og *Dagsposten* er henta frå mikrofilm. Frå klipparkivet samla eg inn materiale frå kategoriane «Tyskland spesialspørsmål» og «historie i Tyskland» frå 1943 til 1949 med bokmeldingar, reiseskildringar, leiarartiklar og andre artiklar. Dette var i startfasen av prosjektet og sidan dess har eg avgrensa undersøkingsperioden frå 1944 til 1949. I tillegg henta eg materiale frå kategoriane «Willy Brandt», «Leopold Schwarzschild» og «Marshallplanen». Sjølv om klipparkivet ved Sigtunastiftelsen er eit av dei mest innhaldsrike klipparkiva for svenske aviser i Sverige er det likevel gjort eit utval i innsamlingsprosessen, og difor har eg henta materiale frå mikrofilm av utvalte aviser i tillegg. Framgangsmåten for å finne relevante bidrag frå både klipparkivet og mikrofilmar var samansett av hovudsakleg to faktorar: identifisere diskusjonar og materiale i tidlegare forskingslitteratur og gjennom sentrale realhistoriske hendingar. Det har vore særleg nyttig å ta utgangspunkt i avgjerder gjort av okkupasjonsmaktene om Tyskland og deretter undersøke reaksjonar i svensk offentlegheit. Døme på dette er Potsdam-konferansen i august 1945, avgjerdene i Nürnbergprosessen hausten 1946, samanslåinga av amerikansk og britisk okkupasjonszone til «Bizonen», Marshall-planen og danninga av dei to tyske statane i 1949. Denne framgangsmåten har eg òg tatt i bruk for å finne relevante bøker og tidsskrift i perioden, samt søk på Oria og Libris.

Med bakgrunn i problemstillinga og kjeldematerialet er metoden kvalitativ. Tolking av meiningsinnhaldet i kjeldene er mest utbyterikt då intensjonen er å undersøke sjølve innhaldet i teksten, nemleg om kva som vart uttrykt i svensk offentlegheit om den politiske, økonomiske, sosiale og humanitære ordninga av Tyskland. Som nemnd innleiingsvis blir hovudproblemstillinga svart på gjennom ulike delproblemstillingar i analysekapitla. Sjølv om det er ulikt kjeldemateriale til delproblemstillingane, er det nytta ein framgangsmåte til å feste kjeldene i tid og rom. Dette tyder å avklare kva som står i teksten, kven som har skriva teksten og når og kvar teksten har blitt skapt. Vidare er sentrale spørsmål for analysen om kva for sjanger teksten er, og om mogleg kva intensjonen til forfattaren kan ha vore med teksten. Eit

¹² Ekman, Thullberg & Åmark (red.) 1993, s. 32.

avgjerande moment for analysen er å klarleggje konteksten teksten kan bli satt inn i.¹³ Heilt konkret for mitt prosjekt vil slike spørsmål kome til uttrykk ved å avklare sjangeren til teksten då meiningsinnhaldet i denne er ulikt frå ei reiseskildring, ei bok eller ein leiarartikkel. Til dømes er reiseskildringar godt eigna til å kunne svare på korleis den tyske befolkninga vart skildra av journalistar i møte med Tyskland i etterkrigstid. Reiseskildringar kan gi svar på kva for inntrykk av dei tyske okkupasjonssonene og sigermaktene som vart formidla i svensk offentlegheit. Vidare er leiarar i avisene særleg passande til å kunne seie noko om kva for politiske og økonomiske løysingar som vart fremma. Kven som var forfatternen av teksten er viktig å avklare då det gir ein indikasjon på kven som deltok i diskusjonen om framtida til Tyskland i svensk offentlegheit. Den historiske konteksten kjeldene vart skapt i er viktig då realhistoriske hendingar i tysk og europeisk kontekst forma debatten i Sverige. Kjeldegrunnlaget i analysekapitla er difor fastsett gjennom sjangeren og dei ulike problemstillingane.

1.4 Disposisjon av oppgåva

Denne masteroppgåva er samansett av sju kapittel. Kapittel 2 fungerer som historisk bakgrunn for resten av analysekapitla. Historisk bakgrunn er tematisk todelt der den fyrste delen omhandlar angloamerikansk debatt og planlegging om ordninga av Tyskland i etterkrigstid. Svensk-tyske relasjonar er hovudfokuset i den andre delen av bakgrunnen. Temaet og problemstillinga for oppgåva krev oversyn over både Sverige og Tyskland og møtet mellom desse. Deretter følgjer det fyrste analysekapittelet med reiseskildringar som kjeldegrunnlag. Undersøkningsperioden er satt frå 1945 til 1949. Grunnlaget for dette er føremålet med kapittelet, nemleg om kva for inntrykk og skildringar av Tyskland som vart formidla til svensk offentlegheit etter nederlaget. Temaet i kapittel 4 er den svenske debatten om politiske løysingar på «det tyske problemet». Sidan dette er forslag til framtidige politiske løysingar er undersøkningsperioden satt frå 1944 til 1949, og det er særleg leiarartiklar som blir brukt som kjeldegrunnlag. Deretter følgjer kapittel 5 om diskusjon i svensk offentlegheit om svensk humanitær hjelp til Tyskland og reaksjonar til fordrivelsen av tyskarar frå Aust- og Sentral-Europa. Her er perioden igjen satt frå 1945-1949 på grunn av kjeldematerialet og realhistoriske hendingar. Med det siste analysekapittelet ynskjer eg å undersøke syn i svensk offentlegheit på korleis det framtidige Tyskland vart vurdert i samanheng med det historiske

¹³ Melve & Ryymin (red.) 2018, s. 49-57.

Tyskland. Dette blir gjennom forståinga og tolkinga av nazismen og bruken av historiske lærdomar knytt til den framtidige ordninga av Tyskland. Sidan temaet er tolking av nazismen og bruken av historiske analogiar er perioden satt til 1944-1949. Avslutningsvis i oppgåva blir det ein oppsummering følgd av ein konklusjon jamført med hovudproblemstillinga.

Innfallsvinkelen for dette prosjektet har vore dei ulike aspekta ved ei atterreising av Tyskland, og dette blir spegla i både problemstillinga og den tematiske strukturen av oppgåva.

2. Historisk bakgrunn

Med bakgrunn i det tematiske fokuset problemstillinga og oppgåva er det grunnlag for å ha ei tematisk todeling av dette bakgrunnskapittelet med fokus på Tyskland og svensk-tyske relasjonar. Føremålet med dette er å få oversikt over den historiske bakgrunnen for å danne rammene til å diskutere kjeldematerialet opp mot problemstillinga. Svensk offentlegheit tok utgangspunkt i den allierte diskusjonen om framtida til Tyskland, og det er difor sentralt å syne innhaldet i denne. Det er fyrst om den allierte debatten og planlegginga i krigstid og etterkrigstid av ordninga av Tyskland. Det fyrste temaet innan dette er om ein debatt som fann stad i Storbritannia om skuld, straff og hemn overfor Tyskland. Denne delen fungerer meir som ein mogleg inndeling av ytringar i ein intellektuell debatt om framtida til Tyskland. Deretter følgjer den konkrete allierte planlegginga av ordninga av Tyskland med vekt på dei angloamerikanske landa. Det andre hovudtemaet i kapittelet er om svensk-tyske relasjonar og møte med det svenske samfunnet og nazismen.

2.1 Tysklands skuld og framtid

Krigføringa og øydeleggingane under andre verdskrig gjorde at store delar av Europa i 1945 var prega av manglande fysisk infrastruktur og institusjonar som ga samfunnet eit politisk, juridisk, moralsk og økonomisk grunnlag.¹⁴ Det var ikkje aktuelt å halde ved eller prøve å rekonstruere samfunnsforhold som var før krigsutbrotet i 1939. Både i Aust- og Vest-Europa vart det forventa omfattande sosiale endringar, og det var semje om at grunnlaget for framtidige demokrati var sjølve planlegginga av desse. Føremålet med dette var å unngå liknande politiske, økonomiske og sosiale forhold frå mellomkrigstida.¹⁵ På denne måten er ikkje andre verdskrig det fyrste europeiske oppgjeret som har endra sosiale system: ved freden i Augsburg i 1555 vart prinsippet om at herskaren i eit territorium avgjer kva for offisiell religion dette skal ha (*cuius regio eius religio*) etablert.¹⁶

Det mest avgjerande spørsmålet for ordninga av det europeiske kontinentet var kva som skulle bli gjort med Tyskland. Med den politiske, økonomiske og strategiske betydinga til Tyskland var, og er, landet i ein viktig geostrategisk posisjon i sentrum av Europa. Landet var ein sentral faktor i den europeiske og globale maktbalansen. Lenin oppfatta det slik at den

¹⁴ Lowe 2013, s. 14.

¹⁵ Judt 2010, s. 63-64, 67.

¹⁶ Judt 2010, s. 129.

som har Tyskland, har Europa.¹⁷ Etter nederlaget i mai 1945 var Tyskland prega av ein alvorleg mangel på blant anna vatn, mat, brensel og bustader, i tillegg til ein omfattande øydelegging av infrastruktur. Desse forholda vart ytterlegare forverra av rørslene av millionar av menneske: tidlegare innsette i fengsel og konsentrasjonsleirar, fordrivne personar, krigsfangar og soldatar.¹⁸ Sjølv om dei tiltaka som vart gjennomført, kan i ettertid verke som sjølvsgat, var dette langt frå sjølvsgat for aktørane i samtida. Kva skulle atterreisninga innebere for eit land med eit tidlegare regime ansvarleg for folkemord, okkupasjon og andre krigsbrottsverk? I dette delkapittelet skal det difor vere eit fokus på kva for hovudposisjonar som var blant dei allierte, med vekt på dei angloamerikanske landa, kring spørsmålet om framtida til Tyskland. Planlegginga av organiseringa og behandlinga av Tyskland i etterkrigstid var eit sentralt tema blant dei allierte under og etter andre verdskrig.

2.1.1 Hemn eller fred?

Ut i frå inndelinga til Jeffrey K. Olick av litteratur om Tyskland i krigstid er det to hovudsynspunkt: dei som forsto nasjonalsosialismen som eit historisk avvik (aberrationists) og dei som rekna det som ein grunnleggjande del av tysk historie (essentialists).¹⁹ Synet på skuld, straff og kor omfattande dette skulle vere, var i samanheng med korleis ein definerte nazismen og framveksten av denne i Tyskland. Den tidlegare amerikanske presidenten Herbert Hoover, uttrykte det slik til Truman i 1946 om den tyske problemstillinga: «You can have vengeance, or peace, but you can't have both».²⁰ Ein sentral debatt om det tyske problemet og kva som burde bli gjort med landet i etterkrigstid, fann stad i Storbritannia mellom lord Robert Vansittart og sosialistar, og då især Victor Gollancz. Desse to er eit utval av eit mangfald i diskusjonen i samtida, men dei er kanskje dei mest «samlande» for sentrale argument og posisjonar i den angloamerikanske debatten. Slik Aaron Goldman påpeiker i ein artikkel frå 1979, skulle Storbritannia vere delvis ansvarleg for prosessen og ordninga av ein fred i Tyskland, og debatten over «vansittartismen» kunne klarleggje viktige tema for fleire i samtida. Denne debatten fekk fram spørsmål om Tyskland i etterkrigstid kring reperasjonar, kva form for okkupasjon, rettferd og straff, omskulering og kva rolle tyskarane sjølve skulle

¹⁷ Shlaim 1985, s. 124.

¹⁸ Reinisch 2013, s. 1-2.

¹⁹ Olick 2005, s. 157.

²⁰ Judt 2010, s. 106.

ha i atterreisninga av landet.²¹ Lord Robert Vansittart hadde tidlegare vore departementsråd for det britiske utanriksdepartementet, og frå 1938 hadde han ei stilling som diplomatisk rådgivar til regjeringa. Etter at han gjekk av i juni 1941 vart han medlem av Overhuset, og haldt fram med å fremme anti-tyske haldningar gjennom blant anna bøker og artiklar. Desse anti-tyske haldningane hadde som bakgrunn i at han rekna nazistane som representantar for kva den tyske befolkninga ynskja. Kritikarar av Vansittart og hans syn på skuld og straff, var som regel liberale eller venstreorienterte. Kritikken frå venstresida var mest retta kring forklaringa til Vansittart for krig og ibuande eigenskapar hos det tyske folket, og at denne forklaringa ikkje inneheldt økonomiske faktorar som avgjerande. I tillegg ville det å skylde på tyskarane vende merksemda vekk frå den eigentlege motstandaren: det fascistiske systemet.²²

Vansittart uttrykte eit sterkt ynskje om hemn overfor den tyske befolkninga. I *Black Record: Germans Past and Present* argumenterte han for at nazismen var ein del av ein tysk historie kanskje to tusen år tilbake, og som eit resultat av dette vart nazismen forstått som ei følgje av ein tysk, nasjonalkarakter og ikkje som eit avvik frå historia.²³ Omgrepet «vansittartismen» har bakgrunn i denne argumentasjonen med at årsaken til nazismen og andre verdskrig var på grunn av antidemokratiske, militaristiske og hatske eigenskapar hos det tyske folket.²⁴

Vansittart ville ikkje gi Versailles-traktaten, kapitalismen eller andre økonomiske grunnar noko av årsaken til framveksten av nazismen og andre verdskrig, men trakk heller fram det han oppfatta som ein langvarig, tysk militarisme som fyrst søkte ekspansjon i Europa og deretter verda.²⁵ På grunnlag av dei eigenskapane han tileigna den tyske nasjonen i tillegg til tysk historie, fremma han eit forslag om kva tiltak som burde bli iverksett i Tyskland etter krigen i *Bones of Contention*. Hovudtrekka i desse fredsvilkåra var at det burde vere ei tysk overgjeving utan vilkår, ein langvarig alliert okkupasjon av Tyskland med kontroll over media og ressursane til krigføring, oppløysinga av det tyske militæret og ein rettargang for skuldige i krigsbrottsverk.²⁶ Slik Olick skriv minner dette om Morgenthau-planen.²⁷ I tillegg argumenterte Vansittart for at Tyskland som ei nasjonal eining ikkje var til fordel for Europa.

²¹ Goldman 1979, s. 157.

²² Goldman 1979, s. 155-156, 166.

²³ Olick 2005, s. 45.

²⁴ Östling 2008, s. 78.

²⁵ Vansittart 1941, s. 5-6 og [1945], s. 47.

²⁶ Vansittart [1945], s. 48-49.

²⁷ Olick 2005, s. 48.

Med Tyskland som «ei eining» sikta han til at dette er synonymt med eit prøyssisk hegemoni.²⁸ Han skreiv vidare at:

The German soul cannot learn humility without being humiliated, and *kept* humble. [...] The Germans have had every opportunity – and after the last war every cause – to be humble. [...] The lesson was there after the last war, ready-made. We cancelled it, and have had to relearn it at thrice the cost. We betrayed our own dead because we would not ram humility home when it was most needed.²⁹

Vansittart fekk kritikk for eigna haldningar frå fleire hald, men det var særleg frå sosialistane der forleggaren Victor Gollancz var den mest sentrale kritikaren. Boka *Shall Our Children Live Or Die?* frå 1942 var eit motsvar til *Black Record* av Vansittart. Gollancz var ikkje einig i det han oppfatta som rasehat mot tyskarar og kollektiv hemn som eit verkemiddel til fred. I motsetnad til Vansittart som tileigna den tyske nasjonen eigenskapar som årsak til andre verdskrig, argumenterte Gollancz for imperialismen og Versailles-traktaten som avgjerande faktorar for krigsutbrotet og framveksten av nazismen.³⁰ I tillegg ynskja han ikkje å hate det tyske folket, nazistane og til og med Hitler, sjølv om ein kunne hate nazistiske handlingar og brotsverk. Han ynskja å skilje mellom hat og straff, og at ein ikkje gjorde dette til synonyme omgrep når ein skulle planlegge straffeprosessen i Tyskland i etterkrigstid. Vidare åtvara han mot det han oppfatta som intensiv propaganda for straff etter sigeren av dei som har gitt ordre eller gjennomført krigsbrotsverk. Dette var på grunnlag av hans syn der «every one of us is guilty», og faren ved å insistere på hat og hemn.³¹ I følgje Gollancz nytta det ikkje å skulde på det tyske folket: «the toy-maker of Nürnberg or the steel-worker of Ruhr», då menneske er forma av omstende. Det ville òg auke hatet og tilsløre det felles ansvaret og skulda for krigen.³² For å unngå feila gjort i fortida var det naudsynt for Gollancz at det tyske folket sjølv tok ansvar og gjennomførte ein demokratisk revolusjon innanfrå, og at det totale nederlaget av Hitler-Tyskland vart sikra utanfrå som ein grunnleggjande faktor for at dette kunne bli gjennomført. Berre slik kunne det tyske folket få fridom.³³ Dette synet står i kontrast til Vansittart sitt om kva framgangsmåte ein skulle velje for å innføre eit anna

²⁸ Vansittart [1945], s. 57.

²⁹ Vansittart [1945], s. 73.

³⁰ Olick 2005, s. 47 og Gollancz 1942, s. 33.

³¹ Gollancz 1942, s. 64-66, 93.

³² Gollancz 1942, s. 32, 107.

³³ Gollancz 1942, s. 33.

styresett i Tyskland etter krigen: «By the Grace of God and for the salvation of man, we shall rescue the earth from Germany and Germany from herself».³⁴

2.1.2 Mellom Morgenthau og Marshall

Allierte planar kring Tyskland i etterkrigstid var i endring i krigsåra. Forslag til tiltak og planar vart fremma ved to nivå blant dei allierte: blant rådgivande ekspertar og dei politiske leiarane.³⁵ Mykje av utfordringa var å finne felles målsetjingar og prinsipp. Det var ulikskapar mellom Sovjetunionen og dei vestlege allierte, men òg blant dei einskilde allierte. Det var motstridande ynskjer om hemn overfor den tyske befolkninga og samstundes hindre omfattande hungersnød og sosial uro. Samstundes prøvde dei einskilde allierte å forme sin okkupasjonszone ut i frå ulike visjonar om den framtidige økonomiske og politiske ordninga av Europa.³⁶

I den tidlege angloamerikanske diskusjonen var det eit uttrykt ynskje om å vende tilbake til dei politiske forholda før krigsutbrotet, og sikre maktbalansen i Europa ved å støtte demokratiske element i Tyskland. Eit sentralt bidrag var Atlanterdeklarasjonen frå august 1941. Dette dokumentet fungerte som ei generell orientering av prinsipp slik som nasjonal sjølvråderett, ta avstand frå ekspansjonistiske mål og ei øydelegging av det nazistiske regimet. Dette var korkje ein traktat eller ei endeleg formulering av målsetjingar for fredstid mellom USA og Storbritannia, men fungerte heller som ei stadfesting av felles prinsipp. Desse formuleringane var vage nok til at Sovjetunionen erklærte si støtte til desse same år.³⁷ Det vart tydelegare at ein framtidig ordning vart meir omfattande geopolitisk, med bakgrunn i omfanget av tysk aggresjon og alliansen mellom USA, Storbritannia og Sovjetunionen,³⁸ og at det ikkje var mogleg å halde ved dei politiske forholda som var før krigsutbrotet. Formuleringa og kravet om ei tysk overgjeving utan vilkår vart etablert ved Casablanca-konferansen i byrjinga av 1943. Føremålet med dette var å unngå ei ny «Dolkestøtslegende». Den tyske militære leiinga under fyrste verdskrig haldt nederlaget skjult for den tyske offentlegheita, og fekk store delar av tysk opinion til å vere overtydd om at hæren var blitt

³⁴ Vansittart 1941, s. 13.

³⁵ Szanajda 2015, s. 6.

³⁶ Fulbrook 1992, s. 129-130, 152.

³⁷ Olick 2005, s. 34.

³⁸ Olick 2005, s. 34.

dolka i ryggen av den politiske leiinga og revolusjonen som tvang keisaren til å gå av.³⁹ Formuleringa om ei overgjeving utan vilkår for å sikre at den tyske befolkninga var klar over det totale nederlaget ved dette oppgjeret, var omstridd i samtida. Mykje av kritikken som vart retta mot denne formuleringa gjekk ut på at den kunne bli tatt i bruk av nazistisk propaganda for å fremme sterkare tysk motstand og forlenge krigen. Denne typen av argumentasjon vart òg brukt mot den omstridde Morgenthau-planen frå 1944 som ville blant avindustrialisere store delar av Tyskland. Formuleringa fungerte òg som ei stadfesting frå USA og Storbritannia overfor Sovjetunionen om å etablere ein vestleg front i tillegg til at det ikkje skulle bli inngått fred med nokon indre element i Tyskland.⁴⁰

Vidare i oktober og november 1943 møttes utanriksministrane for Storbritannia, USA og Sovjetunionen i Moskva. Her vart moglege løysingar for Tyskland diskutert ytterlegare, men det vart ikkje nokon endeleg avgjerd om dei politiske og økonomiske forholda. Dei vart samde om større retningslinjer slik som å etablere ein alliert kommisjon, overgjeving utan vilkår, ei total nedrusting og okkupasjon av Tyskland gjennomført av «dei tre store», oppløysinga av nasjonalsosialismen og at grensene frå 1937 skulle gjelde for Tyskland. Meir omfattande planlegging av sentrale politiske spørsmål om Tyskland og Europa i etterkrigstid vart vist til den allierte kommisjonen (EAC) samansett av Storbritannia, USA og Sovjetunionen.⁴¹ Ved Teheran-konferansen i november og desember 1943 mellom Churchill, Roosevelt og Stalin, vart «det tyske problemet» diskutert. Roosevelt ynskja å dele Tyskland inn i fem autonome statar og tre sonar som skulle vere under kontroll av Forente Nasjonar, medan Churchill la fram eit forslag om å dele Tyskland inn i ein nordleg prøyssisk stat og ei gruppe sørlege statar som skulle bli slått saman med Austerrike. Stalin var ikkje overtydd om at ei deling av Tyskland var ei haldbar løysing over lengre tid då han rekna den nasjonale kjensla hos tyskarane ville føre til eit forsøk på sameining av landet, og at ei slik samling måtte bli hindra med makt.⁴²

Frå 1943 kan ein sjå eit skilje i allierte målsetjingar med tanke på kor omfattande ei framtidig ordning av Tyskland skulle vere. I byrjinga av krigen var angloamerikansk tankegang prega av ynskje om å vende tilbake til dei politiske forholda som var før krigsutbrotet. Dennis L. Bark og David R. Gress argumenterer for at både USA og Storbritannia oppfatta det som

³⁹ Hobson 2015, s. 339.

⁴⁰ Olick 2005, s. 35-37.

⁴¹ Szanajda 2015, s. 9-11.

⁴² Szanajda 2015, s 11-12.

naudsynt med kontroll over Tyskland, gjennomført saman med Sovjetunionen, for å sikre ein fred. Vidare skriv dei at avgjerda om eit tysk nederlag som den grunnleggjande faktoren for fred, var ikkje basert på kunnskap om tyske krigsbrotsverk, men heller for å hindre eitt nytt forsøk på tysk ekspansjon. Nasjonalsosialismen som ideologi vart forstått i samanheng med ekspansjonisme og prøyssisk militarisme, og desse samt andre tradisjonar og institusjonar vart sett på som faktorar for tysk aggresjon i 1914 og 1939. I følgje Bark og Gress vart ikkje det tyske nederlaget eit resultat av straff for krigsbrotsverka under det nazistiske regimet, og at planlegginga og gjennomføringa av det tyske nederlaget og nazistiske krigsbrotsverk var to parallelle hendingar; «The one did not determine the other».⁴³ Men dette tyder ikkje at *debatten kring* desse temaa vart behandla uavhengig av kvarandre.

Ved den andre Quebec-konferansen i september 1944 la den amerikanske finansministeren Henry Morgenthau Jr. fram sitt forslag for ordninga av Tyskland etter krigen. Innhaldet i dette var å dele Tyskland i to autonome statar, ein fransk anneksjon av Ruhr og Saar, ei polsk overtaking av sørlege Schlesien og dei områda Sovjetunionen ikkje tok over i det austlege Preussen. Dei områda som var att skulle bli til eit jordbruksland ved å bli nekta tungindustri.⁴⁴ Føremålet med dette var å hindre ein ny tysk, militær aggresjon. Morgenthau var overtydd om at ein kunne berre hindre det ved å fjerne det industrielle grunnlaget for å føre ein krig.⁴⁵ Sjølv strategien vart sterkt kritisert då den var lekka til den amerikanske pressa, og både Churchill og Roosevelt trakk seinare støtta til denne planen.⁴⁶ Bark og Gress skriv at sjølv om denne strategien aldri vart iverksett i praksis, var ideen om straff og hemn som prinsipp for ein framtidig okkupasjon av Tyskland meir utbreidd enn atterreising og forsoning.⁴⁷ Før det tyske nederlaget i mai gjekk både USA og Storbritannia vekk frå Morgenthau-planen, og ynskja heller at Tyskland skulle bli økonomisk og politisk desentralisert. Føremålet med denne tanken var å hindre ei framtidig tysk regjering å ruste opp til ein ny krig.⁴⁸ Under Jalta-konferansen mellom Stalin, Roosevelt og Churchill i februar 1945, vart dei tidlegare retningslinjene om demilitarisering, ei tysk overgjeving utan vilkår og å fjerne nasjonalsosialismen, haldt ved.⁴⁹ I tillegg vart Frankrike sikra ein okkupasjonszone i Tyskland, samt ein plass i det allierte kontrollrådet, etter at Storbritannia, USA og

⁴³ Bark & Gress 1993, s. 18.

⁴⁴ Szanajda 2015, s. 15.

⁴⁵ Szanajda 2015, s. 15.

⁴⁶ Olick 2005, s. 85-86.

⁴⁷ Bark & Gress 1993, s. 23.

⁴⁸ Bark & Gress 1993, s. 26.

⁴⁹ Olick 2005, s. 86.

Sovjetunionen anerkjente eksilregjeringa til Charles De Gaulle som legitim. Ei endeleg avgjerd kring «det tyske problemet», blant anna om spørsmålet om ei mogleg deling av Tyskland, vart utsett til eit endeleg tysk nederlag vart nærare.⁵⁰

Etter det tyske nederlaget i byrjinga av mai 1945 vart det ikkje nokon fredstraktat som kunne fastsette rolla til Tyskland i ein europeisk samanheng, og kva forpliktingar som skulle gjelde for landet.⁵¹ Og dei allierte kunne ikkje signere ein slik traktat med ei tysk regjering nettopp på grunn av at det var inga tysk regjering: det vart eit politisk maktvakuum etter den tyske kapitulasjonen og etter at dei allierte avslutta det formelle styret til Dönitz 23. mai. Sidan dei allierte hadde den øvste administrative og politiske autoriteten i det okkuperte Tyskland, vart det opp til dei å utnemne ei ny tysk regjering, men dette var det ikkje semje om blant okkupasjonsmaktene på grunnlag av dei politiske motsetnadane.⁵² Berlin-deklarasjonane frå 5. juni 1945 inneheldt tre dokument. Det fyrste sikra dei allierte alle materielle og menneskelege ressursar i okkupasjonssonene, og det skulle bli iverksett tiltak for å kunne gjennomføre ei demilitarisering, nedrusting og denazifisering av det tyske samfunnet. Det andre dokumentet skisserte grensene for okkupasjonssonene i Berlin og Tyskland, medan det siste fastsette organisasjonen av okkupasjonsmaktene. Dei einskilde allierte sine øvstkommanderande hadde den høgste autoriteten i eiga sone; dei sto ansvarleg overfor eiga regjering og det allierte kontrollrådet der dei var medlem. Desse deklarasjonane var ei byrjing for vidare alliert samarbeid og kontroll i Tyskland, men det skulle bli vanskeleg å sameine ulike målsetjingar og interesser. Potsdam-konferansen vart haldt det same året frå 17. juli til 2. august der statsleiarane frå Storbritannia, USA og Sovjetunionen deltok. Sjølv om Frankrike hadde fått ei direkte interesse gjennom si tyske okkupasjonszone, fekk dei ingen invitasjon om å delta på konferansen, og som ei følgje av dette vurderte dei det slik at Frankrike ikkje var bunden av avgjerdene for okkupasjonspolitikken i Tyskland.⁵³ På konferansen vart det semje kring politiske og økonomiske prinsipp som skulle gjelde for okkupasjonen i dei fire sonene. Dei politiske prinsippa inneheldt blant anna formuleringar om ei fullstendig nedrusting og demilitarisering, å overtyde den tyske befolkninga om det totale nederlaget, og deira ansvar og skuld i samtida si situasjon som eit resultat av tysk krigføring

⁵⁰ Szanajda 2015, s. 24-27.

⁵¹ Det var ikkje til nokon fredskonferanse etter 1945 på grunn av at sigersmaktene vart ikkje samde om innhaldet for ein eventuell traktat eller fredskongress. Dette var ulikt frå tidlegare fredsoppgjer slik som Westfalen i 1648, Utrecht i 1714, Wien i 1815 og Versailles 1919.

⁵² Bark & Gress 1993, s. 58-59.

⁵³ Szanajda 2015, s. 31-34.

og fanatisk nazistisk motstand. I tillegg skulle det nasjonalsosialistiske partiet bli oppløyst saman med tilhøyrande organisasjonar og nazistiske institusjonar. Utdanninga skulle bli kontrollert av dei allierte der føremålet var å erstatte eit nazistisk og militaristisk tankesett med eit demokratisk. Det juridiske systemet skulle bli organisert etter demokratiske prinsipp, og den politiske strukturen saman med tysk administrasjon skulle bli desentralisert. Når det gjaldt dei økonomiske prinsippa var tanken om å hindre ein ny tysk aggresjon avgjerande for kva tiltak som skulle bli iverksett. Produksjonen av materiell og produkt som var sentrale i ein krigsøkonomi skulle bli avgrensa og kontrollert.⁵⁴

Sjølv om dei allierte vart samde om denazifisering og demokratisering av det tyske samfunnet som prinsipp og ein del av atterreisninga av Tyskland, var det ulike tilnærmingar og framgangsmåtar til dette. Korleis skulle ein innføre eit demokrati i eit tidlegare totalitært og nazifisert samfunn? Og kva skulle eit tysk demokrati innebere; kva assosiasjonar hadde tyskarane sjølve til ei slik styreform? Gjennom Weimarrepublikken vart demokrati knytt opp til nasjonalt nederlag og audmjuking, politisk kaos og økonomisk krise. Etter nederlaget i 1945 vart det igjen knytt opp til nasjonalt nederlag og audmjuking og økonomisk øydelegging, samt ei oppfatning der sigermaktene påla udemokratiske ordningar overfor taparane. Ei omfattande utfordring for dei allierte var å overtyde den tyske befolkninga om at situasjonen etter nederlaget var dei sjølve skuldege i gjennom det nazistiske regimet, krigføringa og følgjene av dette.⁵⁵ Ulikt frå 1918 var det inga tvil om omfanget av øydeleggingane og nederlaget. Men reaksjonane på nederlaget blant den tyske befolkninga var annleis enn det okkupasjonsmaktene hadde forventa: det var ikkje nokon omfattande motstand til okkupasjon og det var ikkje nokre tydelege teikn på skuld eller anger i den tyske befolkninga. Tyske bekymringar krinsa meir kring matmangel enn å innføre demokrati ut i frå målsetjingane til dei allierte, og situasjonen var prega av politisk apati og likegyldigheit.⁵⁶ Tyskarane viste liten forståing for årsaker til eiga situasjon, og dette påverka deira forhold til skuld og ansvar for handlingane ovanfor omverda. Jeffrey K. Olick viser til politiske og historiografiske skildringar frå diskursen i den nære etterkrigstida der den tyske befolkninga blir framstilt som det fyrste offeret for Hitler og nasjonalsosialismen; det var vektlagt at det var ein *tysk* katastrofe.⁵⁷

⁵⁴ Documents on Germany 1944-1985, s. 54-59.

⁵⁵ Fulbrook 1992, s. 140.

⁵⁶ Mazower 1998, s. 243.

⁵⁷ Olick 2005, s 163.

I tillegg til dei økonomiske og politiske retningslinjene for okkupasjonen som nemnd ovanfor, vart forholda kring krav om reparasjonar fastsett der Sovjetunionen fekk reparasjonar frå både eiga sone og dei vestlege sonene. Krav om reparasjonar frå Storbritannia, USA og andre land skulle vere frå dei vestlege okkupasjonssonene. Ei omfattande og omstridd hending som òg vart fastsett ved Potsdam-konferansen var fordrivelsen av om lag 12-14 millionar tyskarar frå Sentral- og Aust-Europa. Desse etniske tyskarane var i områder slik som Russland, Polen, Tsjekkoslovakia, Jugoslavia, Ungarn, Romania og dei baltiske statane.⁵⁸ Ein sentral tanke for utforminga av politikken i etterkrigstida var å unngå ordninga med Folkeforbundet og dei særeigne rettane til minoritetane i mellomkrigstida etter opprettinga av fleire nasjonalstatar i Sentral-Europa. I sjølve protokollen står det at den tyske befolkninga frå Ungarn, Tsjekkoslovakia og Polen skulle bli forflytta til tyske områder «in an orderly and humane manner».⁵⁹ Sjølv om Storbritannia, USA og Sovjetunionen ikkje hadde sanksjonert utvisninga av tyskararar frå Jugoslavia og Romania, vart det likevel gjennomført av styresmaktene. Eit resultat av denne hendinga var at den uavklarte relasjonen mellom tyske minoritetar og nasjonalstaten Tyskland forsvann, og at den ikkje kunne bli brukt som politiske og nasjonalistiske krav om ekspansjon slik det vart brukt om tysk krigføring under andre verdskrig. Denne tvungne befolkningsoverføringa er den største i europeisk historie, og som ei følgje av denne og tysk krigføring vart områda i sentrale og austlege delar av Europa meir homogene nasjonalstatar enn tidlegare.⁶⁰ Oppgjeret etter andre verdskrig får fram kompleksiteten ved ei slik etnisk reinsing etter ein total krig med moralske, politiske og juridiske problemstillingar samt tankar kring hemn og rettferd og forholdet mellom minoritetar og nasjonalstatar.

Dei allierte ynska å behandle Tyskland som ei økonomisk og politisk eining som uttrykt gjennom Potsdam-konferansen, og føremålet med desse avgjerdene var å hindre ny tysk aggresjon slik som etter fredsoppgjeret frå fyrste verdskrig. Men sjølv om det var uttrykt ynskje om å ordne Tyskland som ei eining og overføre retningslinjene for protokollen gjennom alliert samarbeid, var det i realiteten særst vanskeleg då dei fire okkupasjonssonene vart etablert og dei vart prega av ulike målsetjingar og interesser.⁶¹ Utover fordrivelsen av tyskararar frå Sentral- og Aust-Europa, delinga av Tyskland inn i okkupasjonssoner og

⁵⁸ Lowe 2013, s. 149.

⁵⁹ Documents on Germany 1944-1985, s. 63.

⁶⁰ Hobson 2015, s. 455-456 og Mazower 1998, s. 220-221.

⁶¹ Szanajda 2015, s. 38.

prinsippa om demokratisering, denazifisering og «decartelization», var det ikkje vidare semje blant dei allierte. Det vart satt opp møter for utanriksministrane for Frankrike, Storbritannia, USA og Sovjetunionen etter Potsdam-konferansen der målet var å førebu fredstraktatar mellom Austerrike og Tyskland og dei allierte, og skissere ei endeleg ordning av Tyskland i etterkrigstid, men det vart ikkje nokon avgjerder ut i frå desse. Etter møtet i London i desember 1947 vart det ikkje avtalt nye møter. Sjølv om dette ikkje var sjølvstyk i samtida skulle 1947 vise seg å vere eit vendepunkt for Tyskland og Europa. Samtidige aktørar frykta tiår med fattigdom og nye utbrot av borgarkrig då kaoset virka meir omfattande enn etter 1918. Den økonomiske stagnasjonen mellom 1945 og 1947 på det europeiske kontinentet, saman med den verste vinteren sidan 1880 og dårleg innhausting sumaren 1947, gjorde at situasjonen var prega av politisk og sosial uvisse. I tillegg var matforsyning eit omfattande problem; berre Sveits og Sverige greidde å unngå alvorleg matmangel. Den angloamerikanske tilnærminga til deira okkupasjonssoner i denne perioden, var å finne alternativ slik at den tyske befolkninga ikkje vendte seg til nazismen og kommunismen om dei økonomiske, sosiale og politiske forholda ikkje vart forbetra. I slutten av 1946 vart USA og Storbritannia samde om å danne ei felles sone ut i frå dei to okkupasjonssonene, «Bizonen», og dette vart gjennomført i byrjinga av 1947.⁶² Dette tiltaket var økonomisk naudsynt for Storbritannia då den britiske sona var prega av dårlege forhold som vart forverra av den aukande flyktningstraumen av tyskarar frå Sentral- og Aust-Europa. På denne måten fekk USA større innverknad i dei vestlege okkupasjonssonene.⁶³

Den europeiske økonomien i perioden var prega av mangelen på den tyske marknaden og ein akutt mangel på amerikanske dollar. Før krigen hadde Tyskland vore ein sentral del av marknaden for Sentral- og Aust-Europa i tillegg til regionen kring Middelhavet, Belgia og Nederland. Då det ikkje vart fastsett ei politisk løysing for Tyskland følgde økonomisk stagnasjon for både tyske okkupasjonssoner og resten av Europa. Det var ingen fungerande tysk valuta; sigarettar vart blant anna brukt som betalingsmiddel i dei tyske sonene. Det vart ein aukande etterspørsel etter amerikanske produkt i den europeisk marknaden, men utan produkt å selje var det ikkje noko grunnlag for handel og det var ikkje mogleg å importere materiell og råmateriale som var naudsynt for produksjon. Reaksjonen i dei vestlege okkupasjonssonene på matmangel, prosessen med denazifisering og utbreidd kriminalitet, saman med ein nostalgi for det nazistiske regimet, gjorde at dei vestlege allierte oppfatta dette

⁶² Judt 2010, s. 86-93, 122-124.

⁶³ Persson 1993, s. 66-67.

som ein trussel og som eit grunnlag for kommunismen og neo-nazistiske rørsler.⁶⁴ Som ein respons på denne europeiske, økonomiske krisa la den amerikanske statssekretæren George C. Marshall fram ei tilnærming for å løyse dette og for å unngå ei spreiding av kommunismen i området. Han argumenterte for eit meir omfattande program for økonomisk atterreising på det europeiske kontinentet der USA skulle stå for finansieringa av programmet.

Utanriksministrane for Storbritannia, Frankrike og Sovjetunionen møttes mellom 27. juni og 2. juli 1947 for å diskutere forslaget til Marshall, men det vart inga løysing på korleis ein skulle utføre programmet på grunn av sovjetisk motstand kring det dei argumenterte for at deltaking i programmet ville hindre sjølvråderetten til landa. Då dei ikkje vart samde, inviterte den franske og britiske regjeringa 22 land til ein konferanse i Paris to dagar etter møtet med dei tre utanriksministrane. Korkje Sovjetunionen eller sovjetisk okkuperte land frå Aust-Europa deltok på denne konferansen.⁶⁵

Ulike målsetjingar for den europeiske atterreisinga og aukande polarisering mellom stormaktene kom særleg til uttrykk då dei allierte utanriksministrane møttes på den siste konferansen i London som vart haldt mellom desse, frå 25. november til 16. desember 1947. Amerikanarane hadde endra målsetjingane for okkupasjonen av Tyskland, medan Sovjetunionen auka kontrollen og påverknaden i si sfære. Tidlegare hadde amerikanske målsetjingar med okkupasjonen vore: «Germany will not be occupied for the purpose of liberation but as a defeated enemy nation. Your aim is not oppression but to occupy Germany for the purpose of realizing certain important Allied objectives».⁶⁶ Frå 1947 vektla amerikanske målsetjingar ein «just and lasting peace» i Europa og resten av verda, og som eit grunnlag for dette måtte økonomiske, politiske og moralske føresetnader vere på plass i Tyskland for å bidra til eit stabilt Europa. Ei tydeleg endring frå tidlegare målsetjingar var fokuset på å fremme tiltak som danna grunnlag for tysk demokrati og sjølvstyre.⁶⁷ Då det ikkje vart semje om ein felles, tysk administrasjon ved konferansen i London, starta USA, Frankrike og Storbritannia eigne diskusjonar kring framtida til Tyskland i byrjinga av 1948. Vidare vart det vestlege Tyskland inkludert i Marshall-planen, og ordningar for ein eventuell vest-tysk stat vart drøfta.⁶⁸

⁶⁴ Judt 2010, s. 87-88.

⁶⁵ Szanajda 2015, s. 72.

⁶⁶ Documents on Germany 1944-1985, s. 17.

⁶⁷ Documents on Germany 1944-1985, s. 124-125.

⁶⁸ Judt 2010, s. 125-126.

Den aukande polariseringa mellom stormaktene kring «det tyske problemet» og ulike målsetjingar for ordninga av Europa, gjorde seg gjeldande i 1948 med Berlin-blokaden. Bakgrunnen for denne var reforma av valutaen i den vestlege sona frå Reichsmark til tyske mark. Frankrike vart ein del av Bizone, og USA, Frankrike og Storbritannia behandla det vestlege Tyskland som ei økonomisk eining. Desse tiltaka som fann stad i den vestlege sona innan politisk og økonomisk atterreising var ikkje haldbare for sovjetiske mål og interesser. Frå sovjetisk side vart denne reforma brukt som argument for å legitimere ein blokade av Berlin i eit forsøk å drive dei tre andre okkupasjonsmaktene ut or byen. Blokaden varte frå juni 1948 til mai 1949, og den resulterte i ei eskalering av polariseringa mellom stormaktene og danninga av ein austleg og ein vestleg tysk stat i 1949.⁶⁹

2.2 Svensk-tyske relasjonar: den nazistiske utfordringa

Tryggleikspolitikken til Sverige har blitt forma av den geostrategiske posisjonen med stormaktene Russland og Tyskland som nære naboland. Dette har vore særleg tydeleg under dei to verdskrigane der Sverige haldt ved sin nøytralitetspolitikk. Under andre verdskrig var diplomati og handel sentrale faktorar for å kunne halde ved svensk nøytralitet.⁷⁰ Heilt sidan middelalderen har utviklinga og endringane i dei tyske områda påverka svensk historie innan kultur, religion, språk, ideologi, handel og militæret. Allereie under hansatida vart det knytt politiske og kommersielle band som vart forsterka på 1500- og 1600-talet på grunnlag av reformasjonen og svenske ambisjonar om å bli ei europeisk stormakt. Sjølv om 1700-talet var ein periode med sterk påverknad frå Frankrike, var Tyskland framleis viktig innan kunst, teologi og vitskap.⁷¹ Slik Johan Östling skriv er det semje i forskingslitteraturen kring tysk kultur som den mest sentrale påverknaden i Sverige før fyrste verdskrig. Her kan fyrste verdskrig bli framstilt som eit brot der den svenske opinionen vart polarisert der, stort sett, dei konservative støtta sentralmaktene, medan sosialistar og liberale støtta opp om vestmaktene. Perioden før utbrotet av fyrste verdskrig, og då særleg frå danninga av staten Tyskland i 1871, gjorde tyske førestillingar og ideal seg gjeldande i svensk sfære gjennom omsetjingar av blant anna underhaldningslitteratur og populærvitskap. I mellomkrigstida vart den svenske relasjonen til Tyskland meir uklar då sistnemnde vart assosiert med militarisme og

⁶⁹ Szanajda 2015, s. 87-97.

⁷⁰ Gilmour & Stephenson (red.) 2013, s. 101-103.

⁷¹ Östling 2008, s. 209.

nasjonalisme under fyrste verdskrig. Ved den nazistiske maktovertakinga i 1933 vart omstenda meir uklare, og under andre verdskrig var det berre ei avgrensa gruppe i Sverige som ope støtta Nazi-Tyskland.⁷² Rolla og påverknaden frå Tyskland på det svenske samfunnet kjem tydeleg fram då Sverige endra det fyrste framandspråket i den svenske skulen frå tysk til engelsk fyrst i 1946.⁷³

2.2.1 Sverige og Tyskland i krigstid og etterkrigstid

Den mest sentrale rolla til Sverige i den tyske militære strategien i området under krigsåra var å levere jernmalm til tysk krigsindustri og fungere som eit transittområde for tyske tropper til Noreg og Finland mellom 1940 og 1943. Meir enn to millionar tyske soldatar kryssa svensk territorium, i tillegg vart det transportert ei stor mengde krigsmateriell. Denne hendinga er ei av dei mest omtalte i forhold til svensk nøytralitetspolitikk, og vart oppfatta som eit brot på denne.⁷⁴ Den svenske handelspolitikken under krigen er òg eit emne som har blitt diskutert, og denne debatten har vektlagt spørsmål om kva konsekvensar denne handelen, som vart slutt på i 1944, kunne ha vore. USA og Storbritannia ynskja å minske svensk eksport av jernmalm til Tyskland, men hadde denne eksporten ei avgjerande rolle for krigsutviklinga? I følgje Kent Zetterberg i *Hitler's Scandinavian Legacy* er verknaden av leveringa av jernmalm overvurdert i både planlegginga i samtida og i forskingslitteratur og forståing i ettertid. I tillegg samanliknar han eksport av jernmalm under fyrste og andre verdskrig, og volumet var i følgje han, om lag det same.⁷⁵ Men i forhold til Sverige som transittområde for tyske tropper, spelte handelspolitikken ei større rolle i svensk-tyske relasjonar under krigen.⁷⁶ Ei følgje av tysk ideologi og krigføring under andre verdskrig førte til at Tyskland mista statusen som politisk, vitskapleg og kulturelt føregangsland i Europa. «Det tyske problemet» haldt fram med å vere ei sentral problemstilling under den kalde krigen, men det var fyrst og fremst nødhjelp og etter kvart handelsrelasjonar som var mest gjeldande i svensk-tyske relasjonar i næraste etterkrigstid.⁷⁷

⁷² Östling 2008, s. 210-211.

⁷³ Östling 2008, s. 212.

⁷⁴ Andersson & Tydén 2007, s. 47.

⁷⁵ Gilmour & Stephenson (red.) 2013, s. 106.

⁷⁶ Andersson & Tydén 2007, s. 50.

⁷⁷ Östling 2008, s. 212.

Det er ulike tilnærmingar til årsaker til den svenske orienteringa til Tyskland på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. I boka *Sweden's relations with Nazism, Nazi Germany and the Holocaust*,⁷⁸ blir blant anna ulike tolkingar av svensk-tyske relasjonar fram til, og under, andre verdskrig drøfta. Ei tolking vektlegg framveksten til Japan, Italia og Tyskland innan det internasjonale systemet, og utfordringa denne framveksten representerte. Desse tre statane hadde eit militært og økonomisk potensiale som dei ynskja å nytta seg av til å endre det internasjonale systemet til deira fordel. Stormaktene Russland, Frankrike og Storbritannia, og etter kvart USA, vart framstilt som motstandarar av desse endringane, og lykkast i 1945 med å sigre over dei tre ekspansjonistiske statane. Ut i frå dette perspektivet er svensk orientering til Tyskland i perioden frå 1870 til 1945, ei «naturleg» tilpassing for ein liten stat til ei stormakt. Dette kom til uttrykk gjennom tettare band mellom den svenske og tyske kongefamilien. Den økonomiske utviklinga på slutten av 1800-talet med bakgrunn i industrialiseringa vart òg ein sentral faktor til tettare svensk-tyske relasjonar, då Sverige orienterte seg til Tyskland innan industrialisering, utdanning og vitenskap. Under fyrste verdskrig haldt Sverige ved sin nøytralitetspolitikk, men det var framleis engasjement frå svenske offiserar, intellektuelle og akademikarar for å kjempe på tysk side for å sikre finsk sjølvstende frå Russland. Pro-tyske tendensar virka meir omfattande under fyrste verdskrig enn mellom 1933 og 1945. I tillegg til framstillingar i forskingslitteraturen som vektlegg frivillig tilpassing til Tyskland, er det òg ein tendens til å rette fokuset mot det tyske presset som prega svensk-tysk relasjon under både fyrste og andre verdskrig.⁷⁹

Ei anna tolking av årsaker til den svenske orienteringa til Tyskland set fokuset på USA og Russland som dominerande stormakter i det internasjonale systemet ovanfor mindre, nøytrale statar slik som Sverige, i staden for utfordringa frå Tyskland, Italia og Japan. I følgje denne tilnærminga er det kring 1890-talet at USA og Russland byrjar si framvekst som internasjonale aktørar. Sjølv etter nederlaget mot Japan i 1905, haldt industrialisering og militær opprusting fram i Russland. USA gjorde store framsteg innan industrialisering, og vart ein større internasjonal aktør etter krigen mot Spania i 1898. Vidare i denne framstillinga er det vektlagt manglande deltaking i Versailles-freden og Folkeforbundet frå desse to stormaktene som årsak til samanbrotet av ordninga etter fyrste verdskrig. Med dette som

⁷⁸ I tillegg til Stig Ekman og Klas Åmark er John Toler redaktør i denne engelske utgåva. Komiteen for humaniora og samfunnsvitenskap ved Vetenskapsrådet fekk i oppdrag av den sosialdemokratiske regjeringa i 2000 å starte eit forskingsprogram om svenske forhold til nazismen, Nazi-Tyskland og Holocaust.

⁷⁹ Ekman, Åmark & Toler 2003, s. 33-51.

bakgrunn set denne tilnærminga sovjetisk og særleg amerikansk deltaking som avgjerande faktor for varig fred på det europeiske kontinentet etter 1945. Den svenske orienteringa til Tyskland i perioden frå 1890-talet til 1945, er ut i frå dette forklart som ein reaksjon på ein gamal frykt for Russland. Etter det tyske nederlaget i 1945 fungerte Storbritannia og USA som tryggleik overfor trusselen frå aust. Samstundes var Storbritannia ein viktig faktor i den svenske tryggleikspolitikken overfor Russland frå 1700-talet og utover. Med den aukande ideologiseringa av internasjonal politikk etter 1917, vart bolsjevismen ein faktor i tillegg til den tradisjonelle frykta for Russland.⁸⁰

2.2.2 Folkhemmet og nazismen

Korleis vart nazismen motteke i Sverige; kva var omfanget av fenomenet? I samlinga *Who were the Fascists? Social Roots of European Fascism* skriv Bernt Hagtvet om kvifor nazismen ikkje fekk noko omfattande støtte i det svenske samfunnet og i politiske institusjonar. Han meiner det er fleire årsaker til dette; det var ingen polarisering av det politiske systemet, ikkje nokon politiske målsetjingar om territorial ekspansjon eller territoriale konflikthar med andre nasjonar. Det var heller ikkje store konflikthar i samfunnet kring den kulturelle, politiske og religiøse definisjonen av nasjonen, og det var ingen nasjonal audmjuking etter eit nederlag slik som i Tyskland. Antisemittisme vart ikkje ein del av ei masserørsle, og ei utanlandsk okkupasjonsmakt støtta ikkje opp om ei rørsle slik som i Noreg. Sjølv om Hagtvet hevdar at ulike, mindre rørsler i Sverige, rekna seg sjølve som fascistiske eller nazistiske, var dei ikkje ein alvorleg trussel mot det politiske systemet. Samstundes var dei svenske myndigheitene merksame på desse rørslene, og Hagtvet hevdar vidare at det var ei frykt for vidare vekst av høgreradikale element, og at denne frykta auka i mellomkrigstida.⁸¹

Dette er moglege årsaker til spørsmålet om kvifor nasjonalsosialismen og andre høgreradikale rørsler ikkje lukkast i Sverige, men kva med innhaldet? Er det mogleg å skilje mellom pro-tyske tendensar i motsetnad til pro-nazistiske haldningar? Frå samlinga *Sweden's relations with Nazism, Nazi Germany and the Holocaust*, kan ein skilje mellom fire grupper sjølv om desse ikkje var fastsette einingar i samtida. Den fyrste er personar som var medlem i ein nasjonalsosialistisk organisasjon, følgt av grupper der ein sympatiserte med

⁸⁰ Ekman, Åmark & Toler, s. 51-68.

⁸¹ Larsen et al. 1980, s. 715-716, 735-736.

nasjonalsosialismen. Støtte til det tyske regimet og svensk nasjonalsosialistisk rørsle var basert på eit ideologisk grunnlag, men det var mogleg at ein ikkje støtta nokre av ideane eller metodane fullt ut. Den tredje gruppa var påverka av kulturelle band knytt til Tyskland, og då særleg gjennom tysk vitenskap, litteratur og kunst. Den siste gruppa var prega av geopolitiske interesser der ein hevda at Sverige var avhengig av eit sterkt Tyskland i samband med maktkampen mellom stormaktene i det internasjonale systemet, og især med tanke på frykta for Russland. Frå 1933 og utover var det vanskelegare å skilje mellom pro-tyske og pro-nazistiske haldningar. Ut i frå dette legg Jonas Hansson vekt på kva haldningar ein hadde til det nazistiske regimet i Tyskland var i samband med kva generasjon ein hørte til. Dei som hørte til ein yngre generasjon og kjende mest til Tyskland under Hitler, vurderte nok svensk-tyske relasjonar frå 1933 annleis enn dei som kjende til keisarriket.⁸² Grupperingane som hadde ei positiv innstilling til delar av det nazistiske programmet, og som rekna Hitler og nazismen som ei rimeleg løysing for Tyskland, var i følgje Klas Åmark i *Att bo granne med ondskan*, brubyggjarar for nazistisk innverknad i Sverige. Mykje av innhaldet i politikken til dei svenske nazistiske partia var prega av Hitler og ideologien i tysk nazisme med innslag av anti-semittisme, anti-demokrati, anti-kommunisme og anti-kapitalisme. Denne påverknaden auka etter maktovertakinga i 1933 i Tyskland. Men i motsetnad til tysk nazisme, lukkast ikkje dette fenomenet i Sverige og den vart aldri ei masserørsle. Fascistiske og nazistiske rørsler i Sverige var prega av økonomisk og organisatorisk veikskap, indre konflikt og fragmentering.⁸³ Men trusselen og utfordringa frå desse rørsle gjorde at den svenske arbeidarrørsla vart meir integrert i det svenske samfunnet. Og den mest sentrale effekten var at sosialdemokratiet oppfatta seg sjølve som det sikraste alternativet til fascismen og som kunne sikre det svenske demokratiet.⁸⁴

Det blir rekna at det var tre svenske nazistiske parti på 1930-talet; det svenske nasjonalsosialistiske partiet (SNSP), svensk sosialistisk samling (SSS) og Sveriges nasjonale forbund (SNF). Det tidlegare kommunistiske partiet, Sosialistiske Partiet, vart frå 1941 eit nazistisk parti. Sjølv om det var nokre velhavande medlemmar frå overklassen, var dei fleste medlemmane frå lågare sjikt med mindre moglegheiter til å bidra med kampfond og medlemsavgifter. Det var òg openheit for nazismen i akademiske kretsar.⁸⁵ Men nazistpartia i

⁸² Ekman, Åmark & Toler 2003, s. 192-193.

⁸³ Åmark 2016, s. 306, 325-326.

⁸⁴ Johansson 2000, s. 149, 151-152, 159.

⁸⁵ Åmark 2016, s. 309, 311.

Sverige fekk aldri nokon omfattande tilslutning; dei fekk aldri over 1% i allmenne val.⁸⁶ Etter det tyske nederlaget i 1945 vaks det fram ei oppfatning i dei næraste etterkrigsåra om svensk nazisme i samanheng med Sverige si rolle under krigen. Framstillinga om at Sverige ikkje hadde noko val som småstat, og ikkje kunne anna enn å gi etter for tyske krav for å unngå ein tysk okkupasjon, kan bli kalla for ei «småstatsrealistisk forteljing». I denne framstillinga hadde det svenske samfunnet som heilskap, med nokre unntak, unngått og avvist nazismen.⁸⁷

2.3 Konklusjon

Den allierte planlegginga av Tyskland var prega av endringar ut i frå den realhistoriske konteksten. Aukande polarisering mellom stormaktene gjorde det vanskeleg å halde ved felles prinsipp og målsetjingar for atterreisninga av Tyskland. Utover okkupasjonstida fann dei vestallierte demokratia eigne løysingar for dei vestlege sonene, medan Sovjetunionen gjennomførte eigne tiltak i eiga sone. Den angloamerikanske debatten og planlegginga av ordninga av Tyskland etter nederlaget var særskild viktig i samtida. Diskusjonen av «vansittartismen» i Storbritannia i krigstid illustrerte ulike forståingar kring årsaker til framveksten av nazismen. Hovudinndelinga her var dei som forsto nasjonalsosialismen som eit historisk avvik frå tidlegare tysk historie og forma av historiske omstende, og andre som oppfatta dette som ein grunnleggjande del av tysk historie der den tyske befolkninga hadde ein nasjonalkarakter prega av særeigne eigenskapar. Vidare i analysen vil det vere nyttig å ta utgangspunkt i denne inndelinga av tolkingar av nazismen og debatten om «vansittartismen». Dette får fram grunnleggjande synspunkt om forståing av nazismen og korleis ein ynskja å ordne det tyske samfunnet etter nederlaget.

Nazismen i Sverige fekk ikkje noko omfattande tilslutning, og eventuell støtte til det nazistiske regimet var i samanheng med kva for generasjonar det var. I møte med den nazistiske utfordringa styrka det svenske sosialdemokratiet seg gjennom ei rolle der dei verna om det svenske demokratiet mot fascismen. Tidlegare svensk-tyske relasjonar var forma av geopolitiske, kulturelle og økonomiske omstende.

⁸⁶ Johansson 2000, s. 218.

⁸⁷ Östling 2008, s. 105-107.

3. Tyskland: Europas «sjuke mann»? Skildringar av Tyskland, 1945-1949

I dei næraste etterkrigsåra vart det publisert mange reportasjar frå det krigsherja europeiske kontinentet, og større svenske aviser sendte særleg journalistar til Tyskland. Noko av årsaken til at reportasjar vart eit satsingsområde kan vere behovet i samtida for informasjon og bearbeiding av hendingane føre og under krigen. Fleire av journalistane ga ut artikkelseriane i eigne bøker. I følgje Hans Magnus Enzensberger var den analytiske reiseskildringa og augevitneskildringar, ikkje skjønnlitteratur eller memoarar, meir retta kring behovet i samtida for bearbeiding og forståing av tidlegare hendingar.⁸⁸ Ei vanleg skildring av landet i denne perioden var at Tyskland var eit land i ruiner – både materielt og ideologisk. Kva vart formidla av informasjon om Tyskland til svensk offentlegheit i perioden 1945-1949? Kva framstillingar vart brukt om landet? På grunnlag av det tematiske innhaldet i kjeldematerialet skal det vere ei tematisk inndeling av kapittelet. Fyrst er det om kva for framstillingar og omgrep som vart brukt om Tyskland og den tyske befolkninga. Her vil òg uttrykk om skuld og ansvar vere i fokus. Dette er følgt av demokratisering og denazifisering, og til slutt om kald krig og okkupasjonspolitik.

3.1. Tysk skuld og sjukdom

Årsaken til at det blir fokus på språk med kva for omgrep og skildringar som blir tatt i bruk om den tyske befolkninga, er for å undersøke nærare språkbruk og konstruksjon av grupper. Difor vil slike reiseskildringar fungere godt som kjeldemateriale då meiningsutveksling i samtida og skildringar av ei befolkning kjem til uttrykk. Fokus på dei subjektive og konstruktive aspekta ved all språkbruk vart òg knytt opp til historiefaget med den språklege vendinga på 1900-talet.⁸⁹ I sjølve kjeldematerialet har forfattarane av desse skildringane sjølv gjort eit utval med tanke på kva informasjon som vart presentert om forholda i Tyskland, og kva for omgrep og skildringar som vart tatt i bruk om den tyske befolkninga.

Bruken av bilete i reiseskildringane er viktig å merke seg. Desse var med på å understreke budskapen i tekstane med Tyskland i ruinar. Ein anna viktig funksjon ved desse var å få fram kontrasten mellom Sverige og Tyskland. I ein artikkel frå *Stockholms-Tidningen* hausten

⁸⁸ Om Hans Magnus Enzensberger frå Östling 2008, s. 216.

⁸⁹ Melve 2010, s. 222.

1945, blir Tyskland omtalt som ei isolert øy og at landet var bak eitt jernteppe, og var i større grad isolert enn under det nazistiske regimet. Vidare blir det understreka at det var ein kinesisk mur mellom Tyskland og resten av omverda, og at dei allierte var som erobrarar overfor den tyske sivilbefolkninga og stempla nærmast alle tyskarar som forbrytarar. Det blir stilt spørsmål ved om desse «Pinnebergare» var skuldige og skulle ta ansvaret for brotsverka til nazistane.⁹⁰ I teksten av Roald Nerdrum frå *Svenska Dagbladet* juni 1945, er det eit skilje mellom tyskarar og nazistar, og der tyskarar blir haldt ansvarlege for handlingane til nazistane. Men det vart vektlagt at tyskarar ikkje tok ansvar for kva som vart gjort under det nazistiske regimet. Her er det heller ikkje noko medynk for situasjonen til tyskarane etter nederlaget: «Tyskarna ha ingenting att klaga över och borde vara utomordentligt tacksamma för den behandlingen de få».⁹¹ Dette er kort tid frå nederlaget og byrjinga av okkupasjonen, og kan vere prega av samtida sitt uttrykk for hemn overfor den tyske befolkninga. Ynskje om hemn overfor den tyske befolkninga kom til uttrykk både gjennom alliert diskusjon og planlegging i krigstid, og enkelte bidrag i offentleg diskusjon som til dømes den mellom lord Robert Vansittart og Victor Gollancz i Storbritannia.⁹² I motsetnad til dette var det ei større forståing overfor manglande innsats for å ta ansvar for eiga rolle i det nazistiske Tyskland i ein artikkel frå *Stockholms-Tidningen* året etter. Manglande interesse for Nürnberg-prosessen og eit oppgjer med eiga rolle var forståeleg ut i frå forholda med tyske byar i ruinar, soneinndeling og økonomisk stagnasjon. Det var tvil om den levande generasjonen kunne ta seg ut or det moralske forfallet, åndelege forvirringa og den materielle nauda på grunn av at arva etter Hitler var så omfattande.⁹³

Manglande forståing og interesse blant tyskarane sjølve for offera for nazismen, og årsaker til forholda etter nederlaget, var utbreidd i etterkrigstida. Dette er noko som vart tatt opp av fleire som skulle formidle inntrykk frå Tyskland. Frå ein artikkel i *Arbetaren* i 1945 vart det understreka at det var ingen, eller få som ville vedgå at krigen var deira feil. Og det var lita innsikt i Tyskland for kva følgjer krigen fekk for resten av verda. I følgje journalisten gjekk mykje av problemet ut på at tyskarar var villige til å følgje ordrar, og at dette forklarar blant anna deira fråskrivning av ansvar ved å påstå at dei var tvungen til å bli medlem av partiet.

⁹⁰ «Pinneberg» er namnet på hovudpersonen i romanen *Kleiner Mann, was nun? (Lille mann, hva nå?)* av Hans Fallada frå 1932. Frå *Stockholms-Tidningen* 23.09.1945: «Pinneberg var antinazist. Han ville leva som en anständig borgerlig människa och han ville låta andra leva.»

⁹¹ *Svenska Dagbladet* 04.06.1945.

⁹² Meir om diskusjonen mellom Gollancz og Vansittart i kapittel 2 om synet på skuld og straff.

⁹³ *Stockholms-Tidningen* 28.03.1946.

Vidare skriv han at det var ei manglande gransking i Tyskland av deira eiga politiske leiing.⁹⁴ Barbro Alving (Bang) frå *Dagens Nyheter* hevda at tyskarane gøymde seg bak den egosentriske sjølvmedynken får å unngå politisk aktivitet og ei nasjonal sjølvransaking. Ordet «sjølvmedynk» var det fyrste ordet ein måtte lære seg og ta stilling til i det okkuperte Tyskland i følgje Alving.⁹⁵ I same artikkelserie skildra ho at alle okkupasjonssonene var prega av apati og ansvarsløyse.⁹⁶ Victor Vinde tok òg opp temaa skuld og ansvar i boka *Nürnberg i blixtljus*.⁹⁷ Skuldspørsmålet var her eit grunnleggande problem for tyskarane, og han skreiv at det verka som om tyskarane mista både kollektivt og individuelt ansvar gjennom nazismen. Dette er med bakgrunn i det forfattaren oppfatta som noko av særpreget til den nazistiske staten: det var ingen som vurderte seg sjølve som ansvarleg for eigne handlingar på grunn av at dei handla ut i frå ordrar: «Det var alltid den överordnade, som bar ansvaret. Och till slut fanns bara en enda ansvarig: Hitler själv».⁹⁸ Om manglande forståing for årsaker til deira eigen situasjon i etterkrigstid, skreiv Vinde at tyskarane var overtydd om at alle andre folk hadde gjort dei same brotsverka, og at tyskarane vart straffa på grunn av nederlag i krigen. I tillegg skreiv han at det var for tidleg for ein medynkskampanje for tyskarane. Det tyske samfunnet etter nederlaget vart ofte framstilt i svensk presse som eit sjukt folk og samfunn, og dette er tilfellet i skildringane Vinde brukte om den tyske befolkninga. Han omtalte dette som den «tyske sjuken», og at det var naudsynt for tyskarane å bli «friske og normale» igjen før ein kunne avgjere om dei vart til gode demokratar eller ikkje. I denne samanhengen definerte han nazistar ut i frå kva innstilling ein hadde, og på grunn av dette var fleirtalet av tyskarar nazistar. Dette kjem fram då han kommenterte Nürnberg-prosessen då han omtalte framstillinga om at nazistane var ei mindre gruppe som terroriserte eit heilt folk som ei legende.⁹⁹

Ei anna skildring av den tyske befolkninga kjem fram i ein artikkel frå *Svenska Dagbladet* i byrjinga av 1947 der det blir omtalt slik: «Det är som massa [...] ett ungt och livskraftigt men omoget och omdömeslöst folk som å ena sidan vill ledas, å andra sidan lovas, som kräver mat

⁹⁴ *Arbetaren* 06.08.1945.

⁹⁵ *Dagens Nyheter* 30.06.1946. Dette er den fyrste artikkelen i artikkelserien til Alving sumaren 1946 frå amerikansk og engelsk okkupasjonsone. Her tok ho opp tema frå stormaktspolitikk til kvardagsliv. Artiklane vart utgitt: 30.06.1946, 01.07.1946, 03.07.1946, 05.07.1946, 07.07.1946, 09.07.1946, 12.07.1946, 14.07.1946, 17.07.1946 og 19.07.1946.

⁹⁶ *Dagens Nyheter* 12.07.1946.

⁹⁷ Boka er utgitt i 1946, og delar av materialet har tidlegare vore publisert i avisa *Göteborgs Handels- och Sjöfartstidning*, og boka vart til etter ein månad vitjing i Nürnberg og i den amerikanske sona i Tyskland.

⁹⁸ Vinde 1946, s. 133.

⁹⁹ Vinde 1946, s. 15-16, 57, 128-133.

och tigger ideal».¹⁰⁰ Som ei følgje av dette var det forståeleg kvifor Hitler kom til makta i følgje journalisten, og det var nettopp dette tyskarane ynskja sjølv etter nederlaget: mat og løfter. Når det kjem til skuldkjensle blant tyskarane stilte journalisten seg negativ til dette, og hevda at tyskarane sjølve ikkje forsto opphavet til forholda i etterkrigstida med bakgrunn i det nazistiske regimet og krigføringa under krigen. Skulda for situasjonen og forholda under okkupasjonen vart retta meir mot dei fire allierte.¹⁰¹ Same året blir reiseskildringane *Tysk höst* av Stig Dagerman og *Människor under jorden* av Erik Asklund utgitt i bokform.¹⁰² Dagerman skreiv at det var lettvent, men problematisk, å skildre Tyskland som ein pasient eller som «Europas sjuke mann» som hadde behov for eit anti-nazistisk serum. Dette er i motsetnad til Vinde som skildra den tyske befolkninga som «sjukt». Om skuldkjensle hos tyskarane merka Dagerman seg at det var nærmast ingen teikn til dette. Den tyske befolkninga var heller prega av apati og kynisme, og då særleg i forhold til Nürnberg-prosessen og dei fyrste frie vala. Han vektla at svolt er ein dårleg pedagog, og at svolt ikkje har noko med moral å gjere: «Erst kommt das Fressen, dann die Moral».¹⁰³ Andre vektla òg den materielle og økonomiske nauda som årsak til gløymse blant tyskarane. Dette kjem til dømes fram i ein artikkelserie i *Arbetaren* der nauda var ein grunnleggjande faktor for at minnet om hendingane etter 1933 vart nærmast utviska.¹⁰⁴ Dagerman ynskja å rette større fokus kring dei vanskelege levevilkåra i Tyskland i sine analyser av den tyske befolkninga. Han poengterte at: «den tyska nöden är kollektiv, medan de tyska grymheterna trots allt inte var det», og var kritisk til kollektivskuldtesen retta mot den tyske befolkninga.¹⁰⁵

På lik linje med Vinde skildra Erik Asklund i *Människor under jorden*, Tyskland som noko sjukleg og som ein invalid. I følgje han var landet i ein karantene der den «nazistiske smitta» framleis var til stades, og at det var opp til tyskarane sjølve om varigheita på karantenen. Han stilte spørsmål om kva tyskarane hadde lært av konflikten, og merka seg at Hitler og nazismen ikkje vart oppfatta som ei avgjerande årsak til deira situasjon i etterkrigstid. Han skreiv vidare at sjølv om den allierte okkupasjonen av Tyskland var mildare enn tysk okkupasjon av andre

¹⁰⁰ *Svenska Dagbladet* 03.01.1947.

¹⁰¹ *Svenska Dagbladet* 03.01.1947.

¹⁰² Stig Dagerman publiserte *Tysk höst* ut i frå tidlegare artiklar i avisa *Expressen* etter ei reise i Tyskland (i britisk og amerikansk okkupasjonsone, samt Berlin) frå hausten 1946 til våren 1947. Erik Asklund reiste til Danmark, Tyskland, Nederland, Belgia, Frankrike, Italia, Sveits, Tsjekkoslovakia og Polen frå september 1946 til januar 1947 for *Folket i Bild*, og ga ut *Människor under jorden*.

¹⁰³ Dette sitatet stammar frå *Tolvskillingsoperaen* av Bertolt Brecht frå 1928.

¹⁰⁴ *Arbetaren* 31.03.1947.

¹⁰⁵ Dagerman 1947, s. 21-25, 42, 71.

europiske land i krigstid, framstilte tyskarane seg sjølve som okkuperte på lik linje med desse, og viste liten vilje til forståing overfor andre krigsherja land i Europa.¹⁰⁶ I følgje Rolf Lamborn, journalist i *Stockholms-Tidningen*, var det korkje teikn på skuldkjensle eller ansvar for kva som vart gjort i okkuperte land hos den tyske befolkninga. I tråd med skildringa frå *Svenska Dagbladet* om befolkninga i Tyskland som masse ynskja å bli leia og å bli gitt løfter, omtalte Lamborn dei òg som at dei framleis var avhengig av å ha ei leiing. I tillegg legg han vekt på ei oppfatning der enkelte kretsar i Tyskland rekna atterreisinga av landet som eit steg til å igjen bli ein politisk og industriell maktfaktor i Europa, og at ein var i same situasjon som etter fyrste verdskrig med fare for tysk opprusting.¹⁰⁷

Sjølv i 1949 vart den tyske befolkninga skildra som «sjukt». Barbro Alving i *Dagens Nyheter* skreiv om befolkninga i det vestlege Tyskland som «nevrotiske» og «sjukt». På grunn av at det framleis ikkje var noko omfattande oppgjer med personleg rolle og nazistisk tankesett, gjekk dei vidare som eit psykologisk ufriskt folk i følgje Alving. Den vest-tyske befolkninga vart skildra som nokon som tvang seg til å gløyme tidlegare hendingar og kva Tyskland representerte for resten av omverda frå 1933 til nederlaget, og argumenterte for at befolkninga i Vest-Tyskland ikkje hadde nokon tru eller politisk oppfatning lengre. Ho trakk fram tyskarane sine eigne tilnærmingar til tidlegare hendingar om å flykte inn i gløymse: «Han ser inte alls. Han flyr in i glömskan – en osund glömska av allt som han inte kan, orkar, vill eller vågar andligen klara upp».¹⁰⁸ Eit interessant døme som blir vektlagt, er samtalar med personar som vore utanfor grensene til Tyskland, men dei gløymde å nemne kvifor dei reiste og til kva tid: nemleg på grunn av krigføring og okkupasjon. Dette kalla Alving for den «perversa turismen». Ei manglande forståing blant tyskarane for årsaker til deira situasjon i etterkrigstid og manglande oppgjer med nazismen og eiga rolle, er gjennomgåande tema i samtida. Og framstillinga der tyskarane oppfatta seg sjølve som offer for okkupasjonen, utan å ta omsyn til eller ansvar for offera for nazismen, er synleg i kjeldematerialet. Dette inntrykket om lita innsikt i forholda til andre krigsherja land og årsaksforhold er til dømes stadfesta i litteratur om humanitært hjelpearbeid i Tyskland i etterkrigstid. Her vart ord som apati, misnøye og likegyldigheit brukt om tyske tilnærmingar til nederlaget og okkupasjonen.¹⁰⁹ Skildringa av gløymsla blant tidlegare soldatar i artikkelen til Alving frå 1949 er òg til stades hos Vinde.

¹⁰⁶ Asklund 1947, s. 44, 185-186.

¹⁰⁷ *Stockholms-Tidningen* 21.10.1948.

¹⁰⁸ *Dagens Nyheter* 07.08.1949.

¹⁰⁹ Trentmann & Just (red.) 2006, s. 282. Her er det vektlagt endringar i tysk tilnærming til Storbritannia i britisk okkupasjonszone i perioden 1945-1946.

Her blir denne gruppa omtalt som «politiske analfabetar» på grunnlag av deira forståing av Europa i ruiner og under okkupasjon.¹¹⁰

Tolkingane i svensk offentlegheit av relasjonen mellom den tyske befolkninga og nazismen, var å forstå denne som ein sjukdom. Var det her ein tanke om at den nazistiske «sjukdomen» var «genetisk» eller om det var resultat av historiske omstende?¹¹¹ «Vansittartismen» vart avvist av svensk presse, og det var heller forklaringar som krinsa kring ei «forgifting» av den tyske befolkninga. Ei slik tilnærming til forklaring av framveksten av nazismen er stadfesta i tidlegare forskingslitteratur.¹¹² På denne måten kunne den tyske befolkninga bli «friske» frå den «nazistiske sjukdomen».

3.2 Moralsk atterreising: demokratisering og denazifisering

Slik det er nemnd i førre kapittel vart dei allierte samde om denazifisering og demokratisering av Tyskland. Men kva for reaksjonar finn ein i svensk offentlegheit kring desse prinsippa? Kva for synspunkt var det kring spørsmålet om deltakinga til tyskarane i atterreisinga og andre utfordringar ved demokratisering og denazifisering av det tyske samfunnet?

Omfanget av øydeleggingane etter det tyske nederlaget og samanbrotet til den nazistiske staten reiste spørsmål om kva for tidlegare hendingar ein kunne følgje som døme med den politiske atterreisinga. Men det vart uttrykt at det ikkje var eit slikt døme der det var naudsynt med langvarig okkupasjon av ei stormakt: «Aldrig förut hade ett civiliserat folks hela struktur så fullständigt störtat över ända. [...] En skrämmande situation, inför vilken man stod tämligen oförberedd».¹¹³ Desse forholda vart blant anna omtalt slik filosofane Locke og Hobbes skildra ein tilstand med eit folk og land utan lov og statsmakt.¹¹⁴ Med ei slik øydelegging av både sosiale, politiske og økonomiske samfunnsforhold vart det reist spørsmål kring dei vestlege allierte si forståing og tilnærming til demokrati, og kven av tyskarane sjølve som kunne ta del i demokratiseringa av Tyskland. I ein artikkel frå *Stockholms-Tidningen* våren 1945 vart denne problemstillinga tatt opp. Den vestlege tilnærminga til denazifisering vart vurdert som

¹¹⁰ Vinde 1946, s. 122.

¹¹¹ Her er det tatt utgangspunkt i inndelinga til Olick frå kapittel 2 der han delar historieskrivinga om Tyskland og erfaringa med nazismen i to: dei som tolka nazismen som ein del av tysk historie (essentialists) og andre som tolka den som eit historisk avvik (aberrationists). Olick 2005, s. 157.

¹¹² Holmila 2011, s. 51 og Östling 2008, s.96.

¹¹³ *Stockholms-Tidningen* 20.05.1945.

¹¹⁴ *Svenska Dagbladet* 17.05.1946.

meir moralsk innretta der tyskarane skulle ta på deg skuld og angre, medan Sovjetunionen si tilnærming vart sett på som meir «realistisk» ved å bli kvitt nazistane, og samstundes ikkje vurdere heile den tyske befolkninga som «syndig Magdalena». I følgje dette standpunktet skulle vestmaktene sørge for at tyskarane ikkje gløymde at dei hadde akseptert Hitler så lett. Vidare på hausten same året var okkupasjonen rekna for eit hinder i den demokratiske atterreisinga.¹¹⁵ Dei grunnleggjande føresetnadane for eit tysk demokrati var ikkje til stades konkluderte Christer Jäderlund i ei reiseskildring frå *Stockholms-Tidningen* i byrjinga av 1946. På grunn av nauda var han i tvil om den tyske befolkninga var mottakelege for demokratiske prinsipp, og med bakgrunn i dei to konkurrerande verdssystema oppfatta han Tyskland berre som eit objekt i dragkampen mellom desse. Vidare skildra han tysk ungdom, og då særleg soldatungdom, som sto igjen «naken» i ruinane etter at deira tankesett ikkje lengre var gjeldande:

Deras liv har varit Hitler-Jugend, förmilitär utbildning, kasern och front. De kan ingenting och vet ingenting annat, dessa ungdomar. De har vant sig vid att andra tänkt och sörjt för dem, medan de själva bara haft att flyga, skjuta, äta, sova och marschera.¹¹⁶

Ei utfordring som Jäderlund vektla var oppfatninga blant store delar av ungdomen og nokre eldre, der dei ynskja ein ny krig som løysing på problema til Tyskland. Samstundes skulle dei nye demokratiske leiarane ta del i den demokratiske atterreisinga og prøvde å overtyde desse gruppene om at ein ny krig ville absolutt ikkje løyse nokre problem for det tyske samfunnet.¹¹⁷ Noko som vart tatt opp i desse reiseskildringane var nettopp problemet med danninga av tysk, politisk og demokratisk legitimitet. Spørsmål om eventuelle følgjer ved politisk deltaking og mistru blant tyskarane overfor politiske parti og lovnadar, vart formidla til svensk offentlegheit. I samband med dette vart det fremma i ein artikkel i *Dagens Nyheter* at den tyske befolkninga ikkje var modne for politiske val, og hadde ikkje noko tidlegare grunnlag for demokrati. Okkupasjonen vart rekna for hovudårsaken til manglande tysk, politisk aktivitet då dei politiske avgjerdene vart gjort av andre statsmakter. Her vart det nytta ei samanlikning av situasjonen etter fyrste verdskrig med etablering av Weimarrepublikken der, i følgje journalisten, Tyskland fekk demokrati over «ei natt», og at dette korkje var funksjonsdyktig eller kunne hindre ein ny krig. Det same skulle då skje frå 1945, men i

¹¹⁵ *Stockholms-Tidningen* 20.05.1945 og 23.09.1945.

¹¹⁶ *Stockholms-Tidningen* 28.03.1946.

¹¹⁷ *Stockholms-Tidningen* 28.03.1946.

forhold til demokratisk grunnlag var journalisten pessimistisk innstilt: «Glöm inte att Tyskland aldrig har varit i djupare mening demokratiskt – att Tyskland inte har någon demokratisk tradition att bygga på».¹¹⁸ Vinde hevda òg at det ikkje var noko demokratisk grunnlag i Tyskland med bakgrunn i manglande historiske røter for ei demokratisk styreform og at eit slikt styresett ikkje var eksportvare. Temaet politisk legitimitet vart tatt opp i ei reiseskildring frå *Svenska Dagbladet* same året der det vart hevda at eitkvart tysk regime ikkje kunne danne grunnlag for tiltru og velnøye hos befolkninga. Frykta for ei ny nasjonalsosialisme om eit demokrati ikkje lykkast i dei utfordrande forholda i samtida, er til stades i denne teksten.¹¹⁹ Men kva inntrykk får ein om assosiasjonar til demokrati som tyskarane sjølv hadde? Usikre levekår, utanlandsk undertrykking, politisk uro og arbeidsløyse vart sett på som synonymt med Weimarrepublikken av store delar av den tyske befolkninga i følgje Vinde. Ulik behandling av tyskarane i okkupasjonssonene var i samanheng med ulik tyding av omgrepet demokrati.¹²⁰

Denazifisering og gjennomføringa av dette vart identifisert som eitt av dei største problema i Tyskland i perioden. Mykje av problematikken gjekk ut på omfanget av denazifiseringa og korleis ein skulle gjennomføre dette. Samstundes var det inga heilskapleg politikk kring dette blant okkupasjonsmaktene, og gjennomføringa vart prega av dei ulike tilnærmingane. Spørsmålet om kva grad tidlegare nazistar skulle få ta del i atterreisninga vart identifisert som eit av dei største problema i Tyskland av Daniel Viklund i *Dagens Nyheter* i desember 1946. Her formidla han om tilhøve prega av forvirringa ved ei manglande denazifiseringspolitikk, og behovet for ei løysing for å unngå vidare forverring og at det skulle bli «ett öppet kräftsår».¹²¹ Vansken med dette vart skildra i *Svenska Dagbladet* same månad, og journalisten stilte spørsmål til gjennomføringa: «Rensas det nu verkligen upp med nazismen i Tyskland, får de ansvariga sitt straff och de övriga sin chans att börja på nytt?».¹²² Aukande motvilje til demokrati og tendens til radikalisme blant tyskarane vart vaktlagt i teksten. Mykje av kritikken som vart retta mot sjølv gjennomføringa av denazifiseringa handla om at ein starta med dei mindre tilfella og venta med dei større – noko journalisten skylda på tyskarane sjølv for med bakgrunn i deira ynskje om å ta del i samfunnet igjen så raskt som mogleg.¹²³ Vidare

¹¹⁸ *Dagens Nyheter* 09.07.1946.

¹¹⁹ *Svenska Dagbladet* 17.05.1946.

¹²⁰ Vinde 1946, s. 142-144, 151.

¹²¹ *Dagens Nyheter* 30.12.1946.

¹²² *Svenska Dagbladet* 31.12.1946. Skildring frå amerikansk okkupasjonsone.

¹²³ *Svenska Dagbladet* 31.12.1946.

i 1947 skreiv same avis at det ikkje var eit meir forakta og misbrukt ord hos den tyske befolkninga enn «demokrati». Tyskarane var igjen rekna som umodne til ei demokratisk styreform. Det vart argumentert for dette med den historiske bakgrunnen med to krigar og nederlag, og at eit slikt folk ikkje kunne byggje opp denne styreforma frå «i dag til i morgon». Det vart konkludert med at:

Det tyska folket famlar i dag efter en ledning. [...] Dagens stora fråga är om det tyska folket skall finna den ledning som lägger grunden till en sund demokrati, eller om det än en gång skall följa ledare, som för utvecklingen i motsatt riktning. Några andra alternativ finns inte.¹²⁴

Stig Dagerman tok òg opp oppfatninga om at eit stort rettsapparat vart haldt gåande på grunn av mindre tilfelle, medan dei større og meir alvorlege tilfella fekk gå. Vurderinga til Dagerman av domstolane i prosessen med denazifisering, var at desse var udugelege. Vidare hevda han at svolt og naud hindra demokratiseringa av Tyskland, og at dei fyrste frie vala i 1946 var gjennomført for tidleg og danna ikkje vidare grunnlag for demokrati. I følgje Dagerman var ikkje føresetnadane for demokrati frie val, men heller forbetra levevilkår og at tyskarane fekk håp for deira eiga framtid.¹²⁵ I følgje Rolf Lamborn frå *Stockholms-Tidningen* hadde tyskarane korkje behov eller forståing for demokrati. Sjølv dei med politiske verv hadde inga forståing for kva amerikansk, engelsk eller nordisk demokrati skulle innebere. På grunn av tidlegare nazistisk propaganda var tyskarane mistruiske overfor demokrati, og det var ikkje interesse blant ungdomane eller universiteta for demokratiske prinsipp. Lamborn stilte seg kritisk til gjennomføringa av denazifiseringa og reiste spørsmål kring rolla til vestmaktene i demokratiseringa. Mangel på menneskelege ressursar med kompetanse, og bortsett frå toppnazistane som vart dømde i Nürnberg fekk leiande og trufaste nazistar gå fri, medan dei mindre vart fjerna, rekna han for alvorlege problem. I tillegg til dette hevda han at tyskarane venta på deira nye «Führer» som skulle gjere Tyskland til den leiande europeiske stormakta.¹²⁶ Barbro Alving rekna offisielle forsøk innan denazifisering for ein fiasko, og dette er i samsvar med andre vurderingar av politikken og prosessen. Alving skreiv at det vart fleire dømme der større «fisk» fekk gå, medan dei mindre i partiet vart utstøytte og fekk ikkje ta del i det nye Tyskland. Ho retta spørsmål kring menneska som vart satt utanfor fellesskapet i

¹²⁴ *Svenska Dagbladet* 03.01.1947.

¹²⁵ Dagerman 1947, s. 27, 84, 87.

¹²⁶ *Stockholms-Tidningen* 21.10.1948.

løpet av dei fire åra: «är det inte bättre att låta en eller annan nazist löpa i dag, än riskera att få en ny nationalsocialistisk anstormning av de missnöjda om några år?». ¹²⁷

Utfordringa med å danne grunnlag for tysk, politisk legitimitet i samband med okkupasjonspolitikken til stormaktene var eit sentralt tema sjølv i 1948. Dette vart tatt opp i reiseskildringa *Kulissbygget* av Egon Kötting og Ragnar Thoursie. ¹²⁸ Okkupasjonsmaktene sin posisjon, gjennomgåande splitting av det tyske samfunnet og soneinndelinga vart trekt fram av forfattarane som faktorar som prega dei nye politiske partia. Desse partia hadde ikkje nokon omfattande påverknad då okkupasjonsmaktene avgjorde dei ytre rammene for det politiske livet. I følgje Kötting og Thoursie vart ei følgje av dette ein avstand mellom desse ytre rammene og opinionen som partia representerte: «Partierna slåss om en makt som de i själva verket inte besitter». ¹²⁹ Og korleis ein definerte demokrati var i samanheng med kva okkupasjonszone ein tok utgangspunkt i. På grunn av motsetnadane mellom aust og vest vart demokratisering satt meir i bakgrunnen, og sett frå ståstaden til forfattarane var sjølve okkupasjonen ein avgjerande årsak til manglande demokratisering av Tyskland. Slik som Christer Jäderlund i *Stockholms-Tidningen*, vart spørsmålet om tyske ungdomar tatt opp i *Kulissbygget*. Har vart ungdomen omtalt som eit sosialt og politisk problem, og ei gruppe som ikkje hadde noko til overs for landet om dei ikkje fekk avklart kva rolle dei skulle ha i «ruinane». Kötting og Thoursie konkluderer med at det var stagnasjon og kaos innan politiske, økonomiske og kulturelle forhold, og eit forfall som vart forsterka av konflikten mellom stormaktene. ¹³⁰

3.3 Mellom aust og vest: kald krig som kontekst

Stormaktene vart samde om ei inndeling av Tyskland i okkupasjonszoner etter nederlaget, men ynskja å halde landet som ei politisk og økonomisk eining. Her blir uttrykk om kald krig og okkupasjonspolitikk vektlagt. Korleis vart okkupasjonsmaktene vurdert og framstilt i svensk offentlegheit i perioden?

¹²⁷ *Dagens Nyheter* 07.08.1949.

¹²⁸ *Kulissbygget: Tyskland mellan Molotov och Marshall* vart utgitt i 1948 etter ei reise til Tyskland sumaren 1947. Det er fokus på økonomi, politikk og kulturliv.

¹²⁹ Kötting & Thoursie 1948, s. 257, 261.

¹³⁰ Kötting & Thoursie 1948, s. 176-179, 286.

Frå byrjinga av okkupasjonen var det ulike tilnærmingar blant stormaktene til gjennomføringa og politikken i okkupasjonssonene. Som nemnd tidlegare vart den sovjetiske tilnærminga rekna som meir «realistisk» då dei ikkje vurderte den tyske befolkninga som «syndig Magdalena» i *Stockholms-Tidningen* sumaren 1945. I denne teksten var Walter Schramm, pseudonym for Egon Kötting,¹³¹ meir positiv til tiltaka i sovjetisk sone, og vurderte desse som meir effektive og realistiske i motsetnad til tilnærminga til dei vestlege okkupasjonsmaktene. Vestleg okkupasjonspolitikk vart vurdert som meir moralsk innretta enn den sovjetiske.¹³² Kötting skreiv seinare i 1945 om dei ulike okkupasjonssonene der den sovjetiske okkupasjonspolitikken vart framstilt som streng, medan den franske vart sett på som den mest omsynslause. Amerikansk politikk vart vurdert som reaksjonær, og strengare enn den britiske. Kötting konkluderte om sjølve okkupasjonen av Tyskland: «gör ett skrämmande intryck. Med sådana medel bibringar man aldrig tyskarna demokratisk uppfostran, inte heller bygger man upp Europa på sådant sätt».¹³³ I motsetnad til Kötting var Roald Nerdrum i *Svenska Dagbladet* positivt innstilt til den franske okkupasjonssonen. Men samstundes retta han kritikk mot okkupasjonsmaktene og deira manglande felles politikk. Han vektla at om ikkje dei allierte vart samde om felles metode i okkupasjonssonene kunne destruktive moment i det tyske samfunnet få gjennomslag.¹³⁴ Christer Jäderlund presenterte okkupasjonen i Tyskland som lykke i ulykka for den tyske befolkninga då det var mykje som tyda på at det hadde blitt ein innbyrdes «blodsorgie» av hemn om ikkje okkupasjonsmaktene hadde sikra orden gjennom omfattande okkupasjon. Inntrykket frå vestlege okkupasjonssonene var at store delar av befolkninga var framleis under «bedøving» etter samanbrotet og nederlaget. I følge Jäderlund hadde nederlaget og okkupasjonen forverra «det tyske problemet», og at dette hadde lengre røter enn til Hitler.¹³⁵ I ei reiseskildring frå *Svenska Dagbladet* ga Gunnar Heckscher uttrykk for ei manglande statsmakt som kunne sikre orden, og at det difor var naudsynt med okkupasjon av Tyskland over lengre tid. Han tok okkupasjonsmaktene i forsvar overfor usemje mellom desse og tysk sivilbefolkning, og skildrar dei generelle forholda som umoglege. Samstundes var det store praktiske ulemper med oppdelinga med okkupasjonssoner i følge Heckscher. I tilknytning til varigheit på okkupasjonen ynskja han at det skulle vere nokre grunnleggjande faktorar på plass i det tyske samfunnet:

¹³¹ Müssener 1974, s. 509.

¹³² *Stockholms-Tidningen* 20.05.1945.

¹³³ *Stockholms-Tidningen* 23.09.1945.

¹³⁴ *Svenska Dagbladet* 04.06.1945.

¹³⁵ *Stockholms-Tidningen* 28.03.1946.

Icke förrän de mest elementära problemen äro lösta, när det finns mat, när ruinerna äro uppröjda och bortsprängda, när folket satts i arbete och fått tak över huvudet – då kan man börja diskutera tidpunkten för ockupationens avlösning genom en demokratisk och lagbunden tysk styrelse, som får att syssla med svåra men icke nödvändigt olösliga problem.¹³⁶

Aukande polarisering mellom stormaktene prega okkupasjonen i Tyskland. Dette vart blant anna tatt opp i artikkelserien av Barbro Alving frå *Dagens Nyheter* sumaren 1946. Ho skildra okkupasjonssonene som objekt for okkupasjonsmaktene med ulike og motstridande metodar. Alving hevda det var eit jernteppe tvers over Tyskland der den sovjetiske sona hadde ein drastisk og målmedveten politikk som fylte ikkje-kommunistiske tyskarar med nasjonal og ideologisk frykt. På den andre sida av jernteppe var det ein okkupasjonspolitikkk splitta i tre.¹³⁷ I same avis desember 1946 skreiv Daniel Viklund om endringar i tysk opinion om engelsk sone, og sjølv om tyskarane vart meir kritiske overfor okkupasjonsmaktene var det ikkje noko teikn til nasjonal motstand.¹³⁸ Vinde tok òg opp den aukande polariseringa mellom stormaktene, og at dette kunne påverke indre forhold i Tyskland over lengre tid. Sjølv om det ikkje var noko krigføring i tyske områder mellom dei allierte, oppfatta Vinde den gjensidige mistrua og behovet for å sikra seg mot eventuelle hensikter til motparten som uttrykk for at kvar stormakt prøvde å sikra egne interesser sjølv på kostnad av motparten.¹³⁹ I samband med politiske relasjonar mellom Tyskland og omverda, oppfatta Viklund i *Dagens Nyheter* at frykta for russarane og mistru mot Sovjetunionen blant den tyske befolkninga, var den viktigaste faktoren i tysk opinion om utanrikspolitikkk. I tillegg argumenterte han for at sjølv etter nederlaget hadde ikkje tyskarane vendt seg frå «stormaktskomplekset» då det vart stor interesse om Churchill sine utspel om eit «Paneuropa». I følgje Viklund var det ei endring hos den tyske befolkninga overfor utanrikspolitiske forhold: merksemnda kring dette auka frå fokus på grunnleggjande faktorar i kvardagen som mat, klede, og bustad, til interesse for utanrikspolitiske forhold. Han fremma tanken på eit mogleg samarbeid mellom Tyskland og Sovjetunionen eller i det minste ein politikk som kunne balansere og utnytte motsetnadane mellom aust og vest.¹⁴⁰ Tanken om at ein ny konflikt var uunngåeleg var til stades hos Rolf Lamborn i *Stockholms-Tidningen*. Han hevda at grunnlaget for ein ny verdskrig og

¹³⁶ *Svenska Dagbladet* 17.05.1946.

¹³⁷ *Dagens Nyheter* 09.07.1946.

¹³⁸ *Dagens Nyheter* 30.12.1946.

¹³⁹ Vinde 1946, s. 150-151.

¹⁴⁰ *Dagens Nyheter* 05.01.1947.

«revansjekamp» var hos tyskarane sitt hat overfor russarane. Teikn til den «magiske drifta» etter makt hos den tyske befolkninga byrja å kome fram igjen.¹⁴¹ I motsetnad til dette la Barbro Alving vekt på ei frykt blant tyskarane, og ikkje hat, overfor russarane. Frå ei reiseskildring frå Vest-Tyskland argumenterte ho for at befolkninga var usikker på deira politiske posisjon til Sovjetunionen og dei vestlege okkupasjonsmaktene. Ho skildra det slik at dei ynskja å ha Tyskland fritt og som ei eining, men ikkje raudt og ei tvungen samanslåing. Dei ynskja òg å få landet suverent ved at vestmaktene trakk seg frå Tyskland, men samstundes ha desse værande som ein garanti får å unngå at Tyskland vart til ei austleg sone.¹⁴² Mangelen på ein heilskapleg politikk blant stormaktene for atterreisinga av Tyskland fekk merksemd. Egon Kötting, medforfattar av *Kulissbygget*, skreiv i ei reiseskildring i *Stockholms-Tidningen* om dette. Her stilte han spørsmål kring kvifor atterreisinga gjekk saktare i Tyskland enn i resten av Vest-Europa. Kötting meinte at hovudårsaken var mangel på konstruktiv politikk frå okkupasjonsmaktene si side. Han skreiv òg om frykta for ei atterreising av Tyskland, samstundes som ein forsto at ein kunne ikkje unngå dette over lengre tid.¹⁴³

I følge Egon Kötting og Ragnar Thoursie i *Kulissbygget* var spørsmålet om stillinga til Tyskland mellom aust og vest i endring. Tidlegare hadde denne problemstillinga blitt formulert slik: med aust mot vest eller med vest mot aust. Kötting og Thoursie ga uttrykk for at Tyskland berre vart blitt til eitt omstridd «ingenmannsland» innan motsetnadane mellom USA og Sovjetunionen, og at stormaktene brukte okkupasjonssonen som oppmarsjområde og som «strategiske brickor vilka i största möjliga utsträckning måste inlemmas i och utnyttjas av den egna politiken och det egna näringslivet».¹⁴⁴ Slik som Vinde, oppfatta forfattarane at stormaktene forsøkte å sikre egne politiske og økonomiske interesser i dei tyske sonene. I tillegg var dei kritiske overfor sjølve grunnlaget til okkupasjonen då dei meinte at prinsippet om overgjeving utan vilkår som vart fastsett av dei allierte under krigen, skapte problem for okkupasjonsmaktene. Dette hadde bakgrunn i sjølve omfanget av kontroll av det tyske samfunnet som var naudsynt etter nederlaget, og at det ikkje var nok ressursar til å gjennomføre dette. Kötting og Thoursie argumenterte for at det var mykje som tyda på at dei vestlege okkupasjonsmaktene hadde misvisande føresetnader då dei gjekk ut i frå situasjonen

¹⁴¹ *Stockholms-Tidningen* 21.10.1948.

¹⁴² *Dagens Nyheter* 04.08.1949.

¹⁴³ *Stockholms-Tidningen* 15.07.1948.

¹⁴⁴ Kötting & Thoursie 1948, s. 67-68, 252.

i 1918 i staden for 1945. I følge forfattarane undervurderte dei vestallierte samanhengen mellom tysk og europeisk næringsliv.¹⁴⁵

3.4 Konklusjon

Eit gjennomgåande tema i kjeldematerialet var at den tyske befolkninga var ut or stand til å forstå årsakssamanhengen mellom tysk krigføring og framferd i krigstid, og deira eigen situasjon i etterkrigstid. Offermentaliteten, manglande ansvar og skuldkjensle blant den tyske befolkninga vart formidla i svensk offentlegheit. Sjølv om det vart kommentert om manglande skuldkjensle og ansvar hos tyskarane, var ikkje svensk offentlegheit overtydd over kollektivskuldtesen retta mot tyskarane som heilskap. Dette er i samsvar med tidlegare forskning om svensk offentlegheit i perioden. Det vart gjort eit skilje mellom «nazistar» og «tyskarar» i kjeldematerialet. I denne samanhengen var nazismen forstått som ein sjukdom. Utfordringa med gjennomføringa av demokratisering og denazifisering av det tyske samfunnet fekk stor merksemd i svensk offentlegheit. Det var stor semje om manglande tyske demokratiske tradisjonar som demokratiseringa i etterkrigstida kunne bygge vidare på. Nauda og okkupasjonen vart framstilt som dei viktigaste årsakene til manglande demokratisering av Tyskland. Samstundes var den allierte okkupasjonen oppfatta som naudsynt for å sikre fred og hindre innbyrdes konflikt. Den aukande polariseringa mellom stormaktene forma okkupasjonen. Det vart gjort ulike vurderingar i undersøkingsperioden av okkupasjonsmaktene og deira tiltak i eigne soner.

¹⁴⁵ Kötting & Thoursie 1948, s. 66.

4. Ingenmannsland i Europa: korleis løyse «det tyske problemet»?

1944-1949

Samstundes som den allierte diskusjonen føregjekk om ordninga av Tyskland, vart svensk-tyske relasjonar eit gjennomgåande tema i Sverige.¹⁴⁶ Gjennom publisering av reiseskildringar frå Tyskland fekk svensk offentlegheit kjennskap til forholda i okkupasjonssonene, og problemstillinga kring «det tyske problemet» fekk merksemd som eit aktuelt og avgjerande tema for framtida til sjølve Europa. Og med bakgrunn i tidlegare svensk-tyske relasjonar er det interessant å undersøke nærare synspunkt knytt til «det tyske problemet» og framtida til Tyskland.¹⁴⁷ I motsetnad til førre kapittel er avgrensinga i tid noko annleis i dette; her skal perioden vere frå 1944 til 1949. På grunnlag av krigsforløpet er det nyttig å undersøke frå 1944 og frametter, då nederlaget til Tyskland vart meir eit spørsmål om tid og det vart særleg aktuelt å diskutere kva for løysingar som skulle gjelde for Tyskland i etterkrigstid. Hovudproblemstillinga i dette kapittelet vil då vere: kva for politiske forslag vart diskutert i svensk offentlegheit for å løyse det «tyske problemet» i perioden 1944-1949? Korleis vart rolla til dei allierte oppfatta? Og kva skulle den politiske og økonomiske atterreisinga av Tyskland innebere? Det vil òg bli retta fokus på økonomiske faktorar i samband med diskusjonen om politiske løysingar, då ståstad kring politikk og økonomi vil vere knytt opp til kvarandre, især i denne realhistoriske konteksten. Ein kronologisk struktur vil få fram endringar og utanrikspolitiske hendingar relevante for diskusjonen om framtida til Tyskland. Det er nyttig å undersøke debatten i svensk offentlegheit opp mot utviklinga i sjølve Tyskland, då diskusjonen i svensk offentlegheit ikkje skjedde i eit vakuum. Den normative argumentasjonen er særleg viktig her då det er forslag om framtida til Tyskland, korleis landet *burde* bli ordna, som er hovudfokuset for dette kapittelet. Mitt val for dette kapittelet med inndeling av kjeldematerialet i periodar, er som følgjande: 1944-1945, 1945-1947 og 1948-1949. Grunnlaget for å dele det inn slik er den realhistoriske konteksten: den fyrste perioden er frå krigstid og til tysk nederlag, medan dei to andre er frå etter nederlaget i 1945 og fram til 1949. Inndelinga i 1945-1947 og 1948-1949 er med bakgrunn i det tematiske fokuset i kjeldematerialet.

¹⁴⁶ Sjå artikkel av Östling frå 2001 «The Limits of Wahlverwandtschaft. Images of Germany in the Main Swedish Conservative Organs 1945-48». Om Tyskland i etterkrigstid: «These events were thoroughly analysed in Sweden, whose relations with Germany had been full of changes through history».

¹⁴⁷ Sjølv om tidlegare forskingslitteratur har tatt i bruk omgrepa «det tyske problemet» og «det tyske spørsmålet», har eg valt å bruke omgrepet «det tyske problemet» i teksten på grunnlag av bruken av dette i kjeldematerialet.

4.1 Tyskland og «freden», 1944-1945

Sluttfasen av krigen markerte ei intensivering av krigføringa. Sjølv med omfattande luftangrep i Tyskland gjennomført av dei allierte og framrykking av allierte styrkar på både aust- og vestfronten, var det stor tysk motstand. Mykje av motstanden var motivert av frykta for brutal sovjetisk framferd som følgje av tysk okkupasjon og krigføring.¹⁴⁸ Dei allierte hadde blitt samde om nokre prinsipp som skulle gjelde for Tyskland etter nederlaget som til dømes Atlanterdeklarasjonen frå 1941 og tysk overgjeving utan vilkår frå 1943. Likevel var det mykje som var avhengig av stoda ved krigsslutt. Dette vert spegla i kjeldematerialet. Det var særleg relasjonane mellom stormaktene som vart oppfatta som det avgjerande ved ei framtidig ordning av Tyskland. Men sjølv om det var usikre faktorar ved tysk nederlag, var det likevel førestillingar om korleis det tyske samfunnet kunne bli ordna, og korleis ein skulle behandle den tyske befolkninga. I kjeldematerialet til denne undersøkingsperioden er det ein ulikskap i omfanget av forslag basert på sjanger; avisene hadde eit meir generelt innhald medan bøkene og tidsskrifta utdjupa meir.

I svensk offentlegheit tok personar som kunne bli identifisert som ein del av «det andre Tyskland» aktivt del i diskusjonen om kva atterreisninga av Tyskland skulle innebere.¹⁴⁹ Ideen om «det andre Tyskland» vart legitimert av tyske emigrantar og andre, nettopp ved å hevde at det var to Tyskland der det nazistiske regimet ikkje kunne representere emigrantane. Blant desse var det ikkje semje om nazismen var eit brot eller i kontinuitet med tysk historie og tradisjonar.¹⁵⁰ Den kanskje mest kjende av desse i Sverige var Willy Brandt, seinare utanriksminister og forbundskanslar i Vest-Tyskland, valte eksil i Noreg etter nazistisk maktovertaking i Tyskland i 1933. Etter tysk okkupasjon av Noreg i 1940, flykta Brandt til Sverige der han fekk norsk pass og arbeidde i svensk presse. I perioden var han særskild aktiv med publikasjonar om Noreg og Tyskland. I tillegg hadde han ei sentral rolle i ein internasjonal krets av sosialistar og han vart medlem av den sosialdemokratiske eksilgruppa i Stockholm. Brandt hadde eit omfattande nettverk som blant anna besto av tyske motstandsgrupper og etterretningstenester.¹⁵¹

¹⁴⁸ Kershaw 2016, s. 354-356.

¹⁴⁹ Müssener 1974, s. 317.

¹⁵⁰ Olick 2005, s. 144-145.

¹⁵¹ For meir informasjon sjå: Lorenz 2013, s. 74-75 og Willy Brandt online biografie «1940-1946 Demokratisk sosialist og journalist i Sverige» (u.å.) <https://www.willy-brandt-biografi.com/t/1940-1946/>.

To aktuelle bidrag innan temaet som blir inkludert i dette kapitlet, er frå Brandt og Otto Fridén, pseudonymet brukt av Otto Friedländer.¹⁵² Deira situasjon som tyske emigrantar i samband med forslag om ordninga av Tyskland i etterkrigstid, er viktig å merke seg. Den største politiske gruppa av tyske emigrantar i Sverige var sosialdemokratar. Tyske emigrantar som heilskap var særleg aktive med formidling om det historiske, samtidige og framtidige Tyskland. I etterkrigstid formidla dei tidlegare emigrantane om erfaringar med det svenske demokratiet overfor eit tysk publikum.¹⁵³ Kva for framtidig rolle kunne tyske emigrantar ha i atterreisninga av Tyskland? I 1944 oppfatta Brandt denne rolla som minimal i atterreisninga, men at tyske emigrantar ville ha meir å seie for arbeidarrørsla enn borgarlege grupper.¹⁵⁴ Ulikt frå Brandt, oppfatta Friedländer at dei tyske emigrantane kunne ha ei meir aktiv rolle i etterkrigstida: «Emigranterna [...] få oppgiften att göra sin kännedom om yttervärlden fruktbringande».¹⁵⁵ I samtida var han aktiv i organisasjonen Freier deutscher Kulturbund (FDKB) i Sverige som fremma kulturarbeid for «det andre Tyskland», og konsekvent demonstrerte mot det nasjonalsosialistiske regimet.¹⁵⁶ Med andre eksiltyskarar var Friedländer aktiv i diskusjonen om tysk kulturell atterreisning, og gjennom verksemda til den svenske samarbeidskomiteen for demokratisk oppbygnadsarbeid (SDU) haldt han foredrag om tysk demokratisering av utdanning med bakgrunn i pedagogen og filosofen John Dewey si lære.¹⁵⁷

I 1944 vart boka *Efter segern* publisert, der Brandt var kritisk overfor haldningane til lord Vansittart om den tyske befolkninga.¹⁵⁸ Brandt oppfatta ei demokratisering av tysk samfunn som mogleg om dette vart gjennomført i samarbeid med tyske demokratar og i tilknytning til tyske demokratiske tradisjonar. For at eit nytt tysk regime skulle kunne hevde seg overfor eiga befolkning og krava til sigersmaktene, oppfatta Brandt desse faktorane som sentrale: straffe dei nazistiske forbrytarane «hårt och hänsynslöst», utreinsking av alle offentlege institusjonar, innføring av grunnleggjande demokratiske rettar som religions-, ytrings-, organisasjons- og pressefridom, sikre gode sosiale og økonomiske forhold, demokratisering

¹⁵² Vidare i teksten tar eg i bruk namnet Friedländer, men boka *Tyskland efter Hitler* vil vere oppført under namnet «Fridén» i referansar og i kjelde- og litteraturlista. Friedländer var busett i Sverige til han døydde, og busette seg ikkje i Tyskland att, sjå Müssener 1974, s. 503-504.

¹⁵³ Müssener 1974, s. 134, 300, 340.

¹⁵⁴ Brandt 1944, s. 240.

¹⁵⁵ *Morgontidningen* 11.06.1944. Det blir ikkje analysert frå denne avisa som ein heilskap i oppgåva, men sidan det er her spesifikt om synet til Friedländer blir denne artikkelen tatt med i denne konteksten.

¹⁵⁶ Grass (u.å.), s. 5.

¹⁵⁷ Lindner 1988, s. 160.

¹⁵⁸ Sjå historisk bakgrunn om førestillingane til Vansittart om den tyske befolkninga og utvalt debatt i Storbritannia.

av undervisninga, forvaltninga og rettsapparatet, styrking av kommunalt sjølvstyre, og meir omfattande sentralisering av økonomien.¹⁵⁹ Det var ingen heilskapleg opposisjon som kunne overta etter nazistane, men Brandt meinte at opposisjonen hadde størst forankring i arbeidarrørsla og delar av kyrkja og intelligensen. Tyske emigrantar ville få ei avgrensa rolle i atterreisninga av det tyske samfunnet.¹⁶⁰ Jörg Lindner har vurdert forslaget til Brandt som sosialistisk-materialistisk der økonomisk drivkraft blir oppfatta som avgjerande for samfunnsutviklinga.¹⁶¹ Det er absolutt teikn på at Brandt oppfatta økonomien som ein avgjerande faktor for samfunnsutviklinga i både Tyskland og Europa. Han meinte at det ville få følgjer for levestandard og internasjonal handel om det tyske problemet vart løyst isolert frå ein vidare europeisk og internasjonal samanheng: «Blir Tyskland däremot anvisat sin plats i en organiserad europeisk och internationell ekonomi kan det lämna sitt bidrag till återuppbyggnaden utan att skada andra».¹⁶²

Eit anna bidrag frå tyske emigrantar i Sverige var frå sosialdemokraten Otto Friedländer. I forordet til *Tyskland efter Hitler* frå 1944, gir han uttrykk for at føremålet med boka var å undersøke kva for psykologiske, sosiale og politiske føresetnadar som måtte til for å endre mentaliteten skapt av nazistane.¹⁶³ På same måte som Brandt, var Friedländer kritisk overfor tankane til lord Vansittart om den tyske befolkninga. Men der Brandt trakk fram ein militær okkupasjon av Tyskland i ein overgangsperiode som ein del av ei mogleg løysing, var Friedländer meir negativ innstilt til dette. Samstundes oppfatta han ein militær okkupasjon etter tysk nederlag som mest sannsynleg. Men eit slikt tiltak ville fyrst vere av nytte om alternativet var anarki eller ein forventa tysk revolusjon ikkje vart til. Friedländer kopla følgjer av ein eventuell okkupasjon saman med demokratiseringa av Tyskland: «Varje främmande ockupationsmakt löper fara att begå övergrepp och missgrepp som kan väcka de nationalistiska ressentimenten till liv och därigenom göra demokratiseringen förhatlig för det tyska folket».¹⁶⁴ Friedländer oppfatta det som avgjerande å avskaffe den totale staten for å sikre demokratisk atterreisning og å avskaffe tysk, militær tenkemåte.¹⁶⁵ I tillegg måtte tre

¹⁵⁹ Brandt 1944, s. 229, 242-243.

¹⁶⁰ Brandt 1944, s. 231, 239, 240, 243.

¹⁶¹ Lindner 1988, s. 164.

¹⁶² Brandt 1944, s. 245.

¹⁶³ Det som er særleg interessant med dette forordet er at det blir uttrykt eit syn der nazismen har «skapt» ein mentalitet. Var nazismen då eit brot med tidlegare tyske tradisjonar og tysk historie i følgje Friedländer? Meir om dette i kapittel 6 om lærdomar frå tysk historie. .

¹⁶⁴ Fridén 1944, s. 127.

¹⁶⁵ Fridén 1944, s. 125.

føresetnadar vere til stades for ei ny ordning: materiell tryggleik, suvereniteten til rettsordninga og hindre ei ny mindreverdskjensle hos tyskarane.¹⁶⁶ For å sikre eit tysk demokrati var desse faktorane sentrale: organisere landet som ein desentralisert einskapsstat der Preussen vart jamstilt med dei andre provinsane, økonomisk atterreising for å stabilisere resten av atterreisingsarbeidet og å fullstendig reinske staten for nasjonalsosialistiske embetsmenn.¹⁶⁷

Om tyske politiske og økonomiske relasjonar til omverda skreiv Friedländer at Tyskland kunne bli ein del av Europa ved innføring av dei gamle tyske grensene og om landet fekk fri tilgang til økonomiske marknader. Han fremma politisk og økonomisk samarbeid mellom Tyskland og dei største nabolanda, og frykta ei polarisering av landet mellom aust og vest.¹⁶⁸ Friedländer identifiserte den tyske arbeidarklassen som ein viktig del av den demokratiske atterreisinga «därför att den är långt mindre påverkad av nazismen än såväl medelklass». ¹⁶⁹ På lik linje med Brandt, satt Friedländer den økonomiske utviklinga av Tyskland i samanheng med den demokratiske atterreisinga. Økonomisk stabilitet vart vurdert som ein føresetnad for demokratiseringa av det tyske samfunnet; han brukte stoda i mellomkrigstida som samanlikningsgrunnlag. Sosiale faktorar og stoda i Tyskland etter nederlaget i fyrste verdskrig vart trekt fram som årsakar til framveksten av nazismen.¹⁷⁰

I motsetnad til Brandt, var Friedländer og *Arbetaren* nærmast avfeiande til allierte planar om Tyskland i etterkrigstid. *Arbetaren* var kritisk til den planlagde allierte, politiske atterreisinga av det tyske samfunnet:

En militärmakt kan krossas, men att utrota en anda som hamrats in i levande kött och blod är svårare. Det går varken med förföljelse eller kulor och tortyr. [...] Säkert blir det svårare att bygga upp en ny anda än att återuppbygga vad kriget förött rent materiellt. De allierades militärmakt kommer inte att kunna det.¹⁷¹

¹⁶⁶ Fridén 1944, s. 116.

¹⁶⁷ Fridén 1944, s. 150, 161, 178.

¹⁶⁸ Fridén 1944, s. 133-134. Tyskland som ein del av Europa vart understreka: «Nazismen har velat ställa Tyskland över Europa. Vansittartismen och andra krafter vill på ett eller annat sätt ställa det under Europa. I själva verket ligger Tyskland i Europa». Det står ikkje noko om kva for gjeldande årstal «dei gamle tyske grensene» skulle innebere, var det dei tyske grensene frå 1937 Friedländer sikta til?

¹⁶⁹ Fridén 1944, s. 129.

¹⁷⁰ Brandt 1944, s. 211 og Fridén 1944, s. 114.

¹⁷¹ *Arbetaren* 03.04.1945.

Avisa var særleg prega av eigen politisk profil i diskusjonen om framtida til Tyskland. Den fremma syndikalismen som ei løysing for behandlinga av den tyske befolkninga – utan å eigentleg utdjupe kva dette skulle innebere.¹⁷² Grunnlaget for argumentasjonen for ei slik løysing var å unngå situasjonen etter fyrste verdskrig og hindre ei ny tysk militær opprusting. Andre sentrale aspekt ved forslaget om eit tredje alternativ, «mellom medynk og hemn», var å trekkje fram tyskarane sjølve som det fyrste offeret for nazismen. Igjen kjem den politiske profila tydeleg fram ved bruk av samanlikningar av eit «tysk-hat» i samtida av «storkapitalismen», og jamførte dette med korleis Hitler gjorde jødar til «syndebukk».¹⁷³ Eit anna bidrag om allierte planar i Tyskland, var frå brosjyre-serien *Världspolitikens dagsfrågor* utgitt av instituttet for utanrikspolitikk (UI). Denne brosjyre-serien vart fyrst publisert i 1940 og hadde om lag 10 årlege publikasjonar som retta seg til eit større publikum.¹⁷⁴ Kva tema som vart utvalt kan seie noko om kva som vart vurdert som aktuelle emne i samtida. *Debatten om Tyskland* frå 1945 vart skriva av redaktør i den liberale avisa *Göteborgs Handels- och Sjöfartstidning*, Harald Wigforss. Utgangspunktet for denne var den angloamerikanske debatten og planar for Tyskland i etterkrigstid. Her ga han uttrykk for at: «Avrustningen, ockupationen, förändringar i Tysklands gränser och rikets status – mycket av detta, kanske det mesta, måste komma att få karaktären av tvångsåtgärder».¹⁷⁵ I ei tidlegare publisert bok av same forfattar frå 1944, *Vår plats i fredens värld*, oppfatta Wigforss den tyske befolkninga ute av stand til å halde ved statusen som stormakt med internasjonale plikter då den tidlegare hadde tatt i bruk verkemiddel som «de blodtörstiga assyrierna kunde inte ha gjort sin sak grundligare».¹⁷⁶ Mykje av innhaldet i temaet om atterreisninga av Tyskland i kjeldematerialet, var knytt opp til korleis ein kunne sikre varig fred. Dette fekk til dømes merksemd gjennom bokmeldingar av boka *Primer of the Coming World (ABC-bok för en ny värld* på svensk) av tyske Leopold Schwarzschild i *Svenska Dagbladet* og *Stockholms-Tidningen* der diskusjonen om framtidig internasjonal tryggleikspolitikk vart vektlagt.¹⁷⁷ Den angloamerikanske planlegginga og debatten prega ordsiftet, og var med på å skape referanserammene for svensk diskusjon om «det tyske problemet».

¹⁷² *Arbetaren* 03.04.1945 og 30.04.1945.

¹⁷³ *Arbetaren* 30.04.1945.

¹⁷⁴ Tornberg (red.) 2013, s. 10. Denne brosjyre-serien publiserer framleis årleg.

¹⁷⁵ Wigforss 1945, s. 27.

¹⁷⁶ Wigforss 1944, s. 12-13.

¹⁷⁷ *Stockholms-Tidningen* 17.02.1945 og *Svenska Dagbladet* 27.02.1945.

4.2 «Det tyske problemet» mellom aust og vest, 1945-1947

Stoda i Tyskland og diskusjonen om «det tyske problemet» vart forma av aukande usemje og polarisering mellom stormaktene. Under krigen hadde dei allierte utsett ei avgjerd om ordninga av Tyskland til etter krigsslutt, men det vart ikkje til nokon endeleg fredstraktat. Den fyrste konferansen etter nederlaget var i Potsdam der USA, Storbritannia og Sovjetunionen vart samde om å halde ved den politiske og økonomiske eininga av Tyskland samt prinsipp om demokratisering, denazifisering og demilitarisering. Ulik framferd og okkupasjonspolitikk om politiske og økonomiske målsetjingar resulterte i ein austleg og vestleg blokk. Året 1947 fungerte som eit vendepunkt der angloamerikanske og franske gjennomførte eigne økonomiske og politiske tiltak utan Sovjetunionen.

For denne undersøkingsperioden har eg valt ei tematisk inndeling der diskusjonen om politiske løysingar blir vektlagt, samstundes som økonomiske tilnærmingar til ordninga av Tyskland blir tatt med. Kva for politiske løysingar for Tyskland vart fremma i denne undersøkingsperioden i svensk offentlegheit? Vart nokre forslag særleg vektlagt i diskusjonen? Eit sentralt tema i planlegginga av ei politisk ordninga var tysk økonomi og industri, knytt opp til militær opprusting. Mykje av tidleg planlegging gjekk ut på å hindre ny tysk opprusting og ekspansjon, og det vil vere utbyterikt å sjå korleis dette kjem til uttrykk i kjeldematerialet. Då relasjonane mellom stormaktene hadde stor påverknad på både planlegging og diskusjonen kring dette, vil haldningar til okkupasjonsmaktene i svensk offentlegheit bli diskutert knytt opp til desse to temaa.

4.2.1 Politiske løysingar: tysk føderasjon eller einskapsstat?

I byrjinga av okkupasjonsperioden var det søkelys på omfanget av okkupasjonen av Tyskland, og kva tid den tyske befolkninga sjølve kunne bidra med politisk deltaking og ansvar i atterreisninga. Den kjende tyske forfattern, journalisten og økonomen Leopold Schwarzschild skreiv to artiklar i *Dagens Nyheter* sumaren 1945 med tittelen «Det tyska problemet».¹⁷⁸ Før den nazistiske maktovertakinga var Schwarzschild redaktør av *Das Tagebuch*, og i 1933 flykta han til Frankrike der han hadde ei sentral rolle blant emigrantane. Fram til 1939 var han

¹⁷⁸ *Dagens Nyheter* 15.06.1945 og 16.06.1945. Tidlegare hadde Schwarzschild omtalt hovudtema i krigsoppgjæret slik: «Vi kan bli enige om at Tyskland er oppgjærets hovedkapitel. De som ikke har hærer stående i Tyskland vil bidra meget lite til utformingen av dette kapitlet». Sitert frå Schwarzschild 1945, s. 96.

redaktør av *Das Neue Tagebuch*, og frå 1940 var han busett i USA.¹⁷⁹ Her publiserte han blant anna bøkene *World in Trance* frå 1943 om internasjonale relasjonar i mellomkrigstida og *Primer of the Coming World* frå 1944 om etterkrigsproblema. I artiklane frå *Dagens Nyheter* argumenterte han for okkupasjon av Tyskland som ei militær og politisk løysing med mål om avrusting og demilitarisering. Berre slik kunne ein få ei omskuling der dei tyske, militære tradisjonane kunne forsvinne. Med bakgrunn i mellomkrigstida ynskja han omfattande kontroll av landet: «Demilitarisering jämte allierad ockupation av Tyskland under två generationer framåt ger full materiell säkerhet».¹⁸⁰ Schwarzschild vurderte alliert okkupasjon som den mest effektive metoden for å sikre fred og ei omskulering av den tyske befolkninga.

Okkupasjonen vart ikkje berre oppfatta positivt: med soneinndelinga vart den vurdert som ei hindring for målet å halde ved Tyskland som ei politisk og økonomisk eining. I følgje ein leiarartikkel frå november 1945 i *Svenska Dagbladet* etter London-konferansen, var nettopp soneinndelinga og okkupasjonen skyld i at avgjerdene ved Potsdam-konferansen ikkje vart realisert. Teksten framheva avgjerdene om å behandle Tyskland som ei økonomisk eining og å danne tysk demokrati med kommunalt sjølvstyre.¹⁸¹ Dette var òg eit synspunkt uttrykt av *Stockholms-Tidningen*: «Hindret för varje slag av enhetlighet i behandlingen av Tyskland och tyskarna ligger i den zonindelningen, som gör ryssarna till herrar i östra halvan av landet».¹⁸² *Arbetaren* skildra denne soneinndelinga med kvar okkupasjonsmakt sitt styresett som ei «kolonisering».¹⁸³ I samband med det fyrste valet i britisk, fransk og sovjetisk sone i 1946, peika *Dagens Nyheter* i leiarartikkelen «Tyska tendenser» på manglande politisk påverknad for lokale representantar. Dette var med bakgrunn i maktforholdet til okkupasjonsmaktene, og at dette hadde vore ein faktor til låg interesse for valet blant tyskarane.¹⁸⁴

Vidare i kjeldematerialet er diskusjonen om den politiske ordninga av Tyskland sentrert om den interne politiske og administrative maktkonsentrasjonen i landet. Skulle ei ordning innebere ein sentralisert einskapsstat eller eit føderalt Tyskland? Då det er eit særleg fokus på ei mogleg føderativ løysing på «det tyske problemet», er det overraskande at dette aspektet ved diskusjonen ikkje har fått større merksemd i tidlegare forskingslitteratur. Den nazistiske maktovertakinga vart ei total omvelting av det tyske samfunnet, og ved krigsslutt i 1945

¹⁷⁹ Grubel (red.) 1990, s. 130. Schwarzschild busette seg ikkje i Tyskland att.

¹⁸⁰ *Dagens Nyheter* 16.06.1945.

¹⁸¹ *Svenska Dagbladet* 23.11.1945.

¹⁸² *Stockholms-Tidningen* 13.04.1946.

¹⁸³ *Arbetaren* 10.07.1946.

¹⁸⁴ *Dagens Nyheter* 30.09.1946.

hadde nazistiske sentraliseringsprosessar resultert i store endringar i maktforholdet hos den administrative strukturen hos delstatane.¹⁸⁵ Allierte okkupasjonsmakter vidareførte den føderale tradisjonen då dei avskaffa den mest sentraliserande delstaten, Preussen, og ordna landet i delstatar.¹⁸⁶ Hovudsynspunkta blant dei allierte kan ein hovudsakleg dele i to der Sovjetunionen ynskja ein sentralisert einskapsstat for å minske vestleg påverknad og hindre tysk oppgjer ved deling, medan dei vestlege okkupasjonsmaktene var meir open for eit føderativt statssystem. Diskusjonen i kjeldematerialet om ei mogleg føderativ løysing i Tyskland, hadde hovudsakleg bakgrunn i tidlegare tyske føderale tradisjonar som sto sterkt eller henta inspirasjon frå dei politiske systema i USA og Sveits. Debatten om politisk forfatning og struktur for Tyskland, og dei ulike ståstadene til dei allierte, fekk merksemd i svensk offentlegheit. Willy Brandt var særleg aktiv i perioden med ulike publikasjonar om fredsoppgjeret, og skreiv blant anna om dette i boka *Forbrytere og andre tyskere* frå 1946 og i *Världspolitikens dagsfrågor* med *De tyska delstaterna* frå 1947.¹⁸⁷ I ei bokmelding av *Forbrytere og andre tyskere* frå *Dagens Nyheter*, konkluderte ein med at det var ulike politiske prinsipp i det austlege og det vestlege Tyskland.¹⁸⁸ Og det er ut i frå denne innfallsvinkelen at problemstillinga om den politiske forfatninga vart forstått og tolka i denne avisa i kjeldematerialet. Situasjonen i Tyskland var prega av manglande semje for ei politisk løysing blant stormaktene sjølv to år etter krigsslutt, og *Dagens Nyheter* plasserte hovudansvaret for dette på Sovjetunionen.¹⁸⁹ I leiarartikkelen «Det tyska problemet» vart ulikskapen mellom dei allierte omtalt slik:

Denna olikhet avspeglas i planerna på Tysklands blivande statsform: ett federativt Tyskland som ram för självstyrande demokratiska riksdelar fordrar anglosachsarna, ett centraliserat Tyskland som grunden för en enpartistat av klart antidemokratisk karaktär är den plan som ryssarna vill se genomförd. Den oförenliga motsättningen mellan demokratiskt och ryskt tänkesätt framträder redan i grundfrågan om Tysklands blivande statsskick.¹⁹⁰

¹⁸⁵ Umbach (red.) 2002, s. 141. «Thus, by 1945 German federalism had long since ceased to exist. The German Länder had effectively become hollow shells, their powers drained away by, on the one hand, a centralistic but fragmented Reich administration, which was increasingly paralysed by the jungle of competencies created by Reich departmental particularism...».

¹⁸⁶ Umbach (red.) 2002, s. 12.

¹⁸⁷ Brandt 1946, s. 305 og 1947.

¹⁸⁸ *Dagens Nyheter* 14.09.1946.

¹⁸⁹ *Dagens Nyheter* 17.05.1947.

¹⁹⁰ *Dagens Nyheter* 16.02.1947.

Om temaet tysk statsform tok *Stockholms-Tidningen* tydelegare parti innan den stormaktspolitiske polariseringa der moderne tysk historie vart brukt som døme for å syne kva som ville skje om Tyskland fekk ei sterk sentralregjering igjen. Frykta for at ei sterk, tysk sentralregjering ville føre til nye diktatur vart uttrykt. I følgje avisa ville eit føderativt statssystem fungere betre.¹⁹¹ Med bakgrunn i ein debatt i det britiske overhuset frå mars 1946, fremma leiarartikkelen «Tysklands framtida statsform och freden» oppfatninga om at tyskarane trivst betre med fyrstar og gamle historiske einingar:

Med all sannolikhet skulle konstitutionella furstar i Tyskland erbjuda bättre garantier mot fredsomstörtande strävanden från en militär demagogi än en flock aldrig så uppriktiga demokratiska politiker, som hade svårt att skaffa sig tillbörlig pondus hos sina landsmän och saknade historisk förankring.¹⁹²

Denne vinklinga på problemstillinga var eit gjennomgåande tema hos *Stockholms-Tidningen*. Utsegn om at tyskarane var betre tilpassa eit småstatssystem enn ein sentralisert einskapsstat, prega desse bidraga i diskusjonen hos avisa. I sitatet ovanfor er det ikkje urimeleg å tolke at avisa sikta til det politiske kaoset under Weimarrepublikken, og at eit framtidig politisk system fekk betre føresetnadar om det var basert på historiske einingar. Moglegheita for ein tysk maktkonsentrasjon vart oppfatta som ein trussel og ein ville hindre «preussisk enhetsdrill» ved å innføre eit småstatssystem.¹⁹³ Om maktbalansen i ei føderativ ordning, viste avisa til amerikansk system og erfaringar.¹⁹⁴ Ståstaden til okkupasjonsmaktene i denne problemstillinga vart vektlagt av den svenske historikaren Sven Ulric Palme i artiklane «Tysklands författningsfråga» og «Fjärde rikets författning – modell USA».¹⁹⁵ Mykje av utgangspunktet for diskusjonen var den angloamerikanske pressa og den aukande polariseringa mellom stormaktene om tysk statsform vart tydelegare. Etter det siste avtalte møtet mellom utanriksministrane frå Frankrike, Storbritannia, USA og Sovjetunionen i London 1947, var reaksjonen til leiarartikkelen *Stockholms-Tidningen* at ut i frå den politiske delinga av Tyskland og Europa, burde soneinndelinga bli avskaffa og at Vest-Tyskland skulle bli etablert som ein tysk stat: «tiden mognar för en överenskommelse i form av ett fredsslut

¹⁹¹ *Stockholms-Tidningen* 20.04.1946 og 03.02.1947.

¹⁹² *Stockholms-Tidningen* 20.04.1946.

¹⁹³ *Stockholms-Tidningen* 03.02.1947.

¹⁹⁴ *Stockholms-Tidningen* 24.03.1947.

¹⁹⁵ *Stockholms-Tidningen* 03.07.1947 og 11.07.1947. Mitt inntrykk av bruken av formuleringa «Fjärde riket» av Palme er at han sikta til den nye ordninga av Tyskland i etterkrigstid, men han problematiserer ikkje noko utover dette.

eller något annat dokument, som slår fast, att det finns och skall finnas två tyska riken».¹⁹⁶ Tanken om å dele Tyskland var ikkje ny då den var til stades i avisa allereie i 1945, men den stormaktspolitiske polariseringa hadde eskalert fram til 1947, og leiarartikkelen frå 1947 er prega av denne konteksten.¹⁹⁷

Slik som *Stockholms-Tidningen*, hadde *Arbetaren* fokus på dette aspektet ved diskusjonen om den framtidige ordninga av Tyskland. I leiarartikkelen frå 10. august var responsen på avgjerdene i Potsdam-avtalen positiv og framstilt som politisk «naturleg». Oppfatninga om at Tyskland fyrst hadde blitt ein trussel for omverda med ein sentraliseringsprosess som starta med Bismarck, var argument som vart brukt i denne samanhengen. I samband med dette var desentralisering framstilt som eit verkemiddel til å hindre ny tysk ekspansjon.¹⁹⁸ I kjeldematerialet vektla *Arbetaren* diskusjonen om eit føderativt Tyskland etter sveitsisk mønster i staden for eit fokus på USA slik som i *Stockholms-Tidningen*. Frå «Ett federativt Europa» tar avisa utgangspunkt i ideen til tyskaren W. Schmidt om eit europeisk forbund etter det sveitsiske statssystemet. Konklusjonen av den politiske organiseringa av Tyskland var at: «det tyska folket i sitt eget och Europas intresse bli fanbärare för den federalistiska idén, med alla dess konsekvenser. Alla goda tyska traditioner visar den vägen».¹⁹⁹ Den aukande polariseringa om den politiske og økonomiske ordninga av Tyskland mellom stormaktene, særleg mellom USA og Sovjetunionen, fekk merksemd i avisa. Og det er dette som danna grunnlaget for diskusjonen om ein framtidig tysk statsform.²⁰⁰ Før London-konferansen i november 1947, publiserte avisa leiarartikkelen «Tyskland, Europas öde». I følge denne var det berre mogleg med politisk demokrati i Vest-Tyskland, og ikkje Aust-Tyskland. Hovudårsaken til dette var Sovjetunionen.²⁰¹

Slik som i dei andre avisene vart diskusjonen i *Svenska Dagbladet* om ei framtidig tysk statsordning tolka ut i frå dei politiske og ideologiske motsetnadane mellom stormaktene. Tyskland vart framstilt som eit stort «ingenmannsland» utan administrasjon, regjering og fastsette grenser. Denne politiske splittinga reflekterte resten av stoda i Europa.²⁰² I

¹⁹⁶ *Stockholms-Tidningen* 18.12.1947. London-konferansen var frå 25. november til 16. desember 1947.

¹⁹⁷ *Stockholms-Tidningen* 14.09.1945 og 18.12.1947. Frå leiarartikkelen 14.09.1945: «Och för världens del borde det vara bättre med ett par tyska statsbildningar, som kunde livnära sig, än ett enhetligt rike på svältgränsen».

¹⁹⁸ *Arbetaren* 10.08.1945.

¹⁹⁹ *Arbetaren* 16.04.1947.

²⁰⁰ *Arbetaren* 21.07.1947.

²⁰¹ *Arbetaren* 24.11.1947.

²⁰² *Svenska Dagbladet* 04.09.1947.

kjeldematerialet er det ulike ståstadar hos avisa kring den allierte okkupasjonspolitikken og kva for politisk organisering som skulle gjelde for Tyskland. Den svenske historikaren Torvald Höjer, oppfatta forsøket til ein ny føderalisme i vestlege okkupasjonssoner som prega av manglande historiske tradisjonar hos nyoppretta delstatar, og at desse var kunstige einingar.²⁰³ I «Den tyska enhetstanken i teori och verklighet» av Bretholz vart det stilt spørsmål om den viktigaste føresetnaden for atterreisinga verkeleg var ei sentralforvaltning.²⁰⁴ Og var det etter nederlag, samanbrot, elende, svolt og okkupasjonssoner, noko grunnlag for Tyskland som ei nasjonal eining? Svaret på dette var ulikt i det austlege og vestlege Tyskland i følgje Bretholz. Han framstilte den tyske befolkninga som «sonemedborgarar» og ikkje «tyskarar». Det sovjetiske målet med ein tysk einskapsstat vart forstått som utviding av sovjetisk påverknadssfære og moglegheit til reperasjonar frå Vest-Tyskland. Stoda var vurdert slik at det var umogleg å etablere ein tysk sentralinstans då denne berre ville bli ein ny arena for ideologiske motsetningar mellom aust og vest. Denne artikkelen vektla den stormaktpolitiske polariseringa, og fremma ideen om ei deling av Tyskland i ein austleg og vestleg del. Sjølv etter mykje fokus på einskapstanken, var konklusjonen at den ideologiske splittinga var sterkare enn ynskje om nasjonalt samhoer. Delinga ville vere den mest omfattande følgja av tysk nederlag og alliert okkupasjonspolitik.²⁰⁵

Eit gjennomgåande tema i den svenske offentlegheita var den innbyrdes usemja og polariseringa blant okkupasjonsmaktene. Problemstillinga om den politiske ordninga av Tyskland kan difor ikkje bli satt utanfor denne konteksten. Avi Shlaim skreiv i artikkelen frå 1985 om delinga av Tyskland og den kalde krigen: «The German problem became merged in the Cold War, and the Cold War came to centre increasingly on the German problem».²⁰⁶ Det heilskaplege inntrykket frå forslag om politiske løysingar for Tyskland i denne perioden er at okkupasjonssonene var til hinder for den politiske atterreisinga, og eit føderalt statssystem ville vere betra eigna for tyskarane. Det vart fremma argument om at historiske einingar kunne handtere politiske utfordringar betre, og eit sentralisert Tyskland vart oppfatta som ein trussel.

²⁰³ *Svenska Dagbladet* 09.09.1947.

²⁰⁴ *Svenska Dagbladet* 14.09.1947.

²⁰⁵ *Svenska Dagbladet* 14.09.1947.

²⁰⁶ Shlaim 1985, s. 132.

4.2.2 Økonomiske løysingar: «Morgenthaus destruktiva ideer» eller eit industrialisert Tyskland?

Av Potsdam-avtalen av august 1945 hadde dei allierte blitt samde om å halde ved Tyskland som ei økonomisk og politisk eining, men dette skulle vise seg å ikkje halde i praksis. I kjeldematerialet er det semje om behovet for ein fungerande tysk økonomi der industrien burde ha ei nøkkelrolle. Men sjølv om det var fastsett å framleis behandle Tyskland som ei økonomisk eining, skulle demilitarisering og deindustrialisering fungere som verkemiddel for å hindre framtidig tysk krigføring. Særleg deindustrialisering stilte *Stockholms-Tidningen* seg tvilande til på leiarplass i respons på Potsdam-avtalen: «Men sett på lengre sikt kan man nog ifrågasätta klokheten och genomförbarheten av ett försök att förvandla det högt industrialiserade Tyskland till en mer eller mindre utpräglad agrarstat».²⁰⁷ I samband med avgjerdene frå konferansen peikte Bertil Ohlin, svensk handelsminister frå 1944-1945 og professor i statsvitskap og økonomi, på samanhengen mellom sysselsetjing og utanrikshandel. Med dette argumenterte han for at det ville vere ein fordel for alle partar om garantiar for å hindre tysk krigføring vart skapt utan å hindre tysk næringsliv som «vilar på de naturliga produktionsförutsättningarna och ger tyska folket arbete».²⁰⁸ Vidare i undersøkjingsperioden vart tysk økonomi og industri knytt opp til å motverke sovjetisk påverknadssfære. Frå leiaren «Tysklands framtid i centrum», var omfattande tysk industri framstilt som eit verkemiddel til å hindre «radikale» sovjetiske tiltak for å vinne arbeidarar og «småfolk».²⁰⁹ Vidare polarisering blant stormaktene kjem til uttrykk i diskusjonen om Marshall-planen.²¹⁰

På lik linje med *Stockholms-Tidningen* var *Dagens Nyheter* skeptisk til deindustrialiseringa av Tyskland. Stoda var prega av den innbyrdes usemja mellom stormaktene med forhandlingar utan resultat, parallelt med det som vart sett på som ei forverring av forholda.²¹¹ I leiartikkelen «Det tyska problemet» frå september 1947, vart den manglande gjennomføringa av okkupasjonspolitikken vektlagt. Denne var nok særleg forma av manglande semje blant okkupasjonsmaktene, og ynskje etter resultat: Moskva-konferansen våren 1947 hadde ikkje ført til nokre handfaste resultat for å sikre Tyskland som ei politisk og

²⁰⁷ *Stockholms-Tidningen* 04.08.1945.

²⁰⁸ *Stockholms-Tidningen* 07.08.1945.

²⁰⁹ *Stockholms-Tidningen* 21.10.1946.

²¹⁰ *Stockholms-Tidningen* 17.07.1947.

²¹¹ *Dagens Nyheter* 10.12.1946.

økonomisk eining.²¹² Avisa omtalte den pågåande deindustrialiseringa som eit omfattande og destruktivt arbeid.²¹³ I vurderinga av stormaktene vart Sovjetunionen oppfatta mest negativt, medan særleg USA og Storbritannia fekk positiv merksemd kring deira tiltak. Til dømes gjaldt dette samanslåinga av amerikansk og britisk okkupasjonszone til «Bizonen». I følgje avisa var det på grunn av angloamerikanske tiltak at det hadde blitt ei viss tysk atterreisning. Om den austlege okkupasjonszona vart det brukt omgrep som «politisk sovjetisering» og økonomisk tilslutning til «østblokka».²¹⁴ Med tanke på at landet var delt økonomisk i ein austleg og vestleg del, ville framgang vere prega av kunstige føresetnader.²¹⁵

I tilknytning til temaa tysk økonomisk eining og deindustrialisering, fremma *Arbetaren* synspunkt i tråd med dei andre avisene i kjeldematerialet. Det vart retta særleg kritikk overfor den sovjetiske deindustrialiseringa, men òg mot dei vestlege okkupasjonsmaktene. Reaksjonar etter Potsdam-avtalen vektla Tyskland i ein europeisk kontekst der manglande tysk økonomi ville få omfattande følgjer for europeisk marknad og levestandard. I følgje leiaren «Resultatet av Potsdam», ville Tyskland forsvinne som militær og industriell verdsdikt på grunn av dei økonomiske avgjerdene ved konferansen, og sjølv omgrepet «Tyskland» ville miste sitt tidlegare innhald.²¹⁶ Den europeiske, økonomiske konteksten, og korleis Tyskland burde bli innordna i denne, vart vektlagt i avisa. Meir omfattande økonomisk samarbeid var vurdert som ein sentral faktor for dette.²¹⁷ Den europeiske marknaden hadde eit stort behov for tysk industri med eksport av kol, stål og kunstgjødsel.²¹⁸ Nokre månadar etter avgjerdene i Potsdam-avtalen og byrjinga av deindustrialiseringa i tyske okkupasjonssoner, særleg i den sovjetiske, reagerte *Arbetaren* slik:

Tyskland kan inte leva på sitt jordbruk. Det måste ha sin industri för att existera. En systematisk avindustrialisering betyder svält för miljoner. [...] Europa behöver ett Tyskland som kan köpa och sälja, som kan importera och exportera. Införandet av en

²¹² Szanajda 2015, s. 66, 70. Det mest konkrete resultatet ut frå denne konferansen var avgjerda om å avskaffe delstaten Preussen.

²¹³ *Dagens Nyheter* 25.09.1947.

²¹⁴ *Dagens Nyheter* 30.12.1947.

²¹⁵ *Dagens Nyheter* 30.12.1947.

²¹⁶ *Arbetaren* 04.08.1945.

²¹⁷ *Arbetaren* 10.08.1945.

²¹⁸ *Arbetaren* 21.07.1947.

svältstandard for Tyskland innebär också sänkandet av standarden i Europa utanför Tyskland.²¹⁹

Vidare i undersøkingsperioden var denne sammenhengen mellom tysk og europeisk marknad framleis satt i fokus. Hovudårsaken til manglande økonomisk og politisk ordning var den innbyrdes usemja mellom stormaktene.²²⁰ Men sjølv om det var retta kritikk mot alle okkupasjonsmakter for dette, var Sovjetunionen den aktøren som vart vurdert som hovudårsak til usemja og saboteringa av Potsdam-avtalen om behandlinga av Tyskland som ei politisk og økonomisk eining. Om sovjetisk interesse- og påverknadssfære i austlege delar av Europa, var oppfatninga i *Arbetaren* at Sovjetunionen ynskja å få kontroll over Tyskland ved å splitte og skape ustabile forhold i landet.²²¹ I leiarartikkelen «Tyskland och bolsjevismen» frå november 1945, var denne relasjonen omtalt slik: «Vad man ser av förhållandena inom de länder i östra och sydöstra Europa, som står under ryskt inflytande, är tillräckligt avskräckande för varje frihetligt inställd människa».²²²

Svenska Dagbladet var særleg negativt innstilt overfor Morgenthau-planen og deindustrialisering av Tyskland. Mykje av utgangspunktet for diskusjonen om den økonomiske politikken var den angloamerikanske debatten og planlegginga. Etter talen heldt av den amerikanske utanriksministeren James F. Byrnes i Stuttgart 6. september 1946, var det ei større utgreiing om denne på leiarplass i avisa. Med dette som bakgrunn var hovudtema i leiaren «Byrnes och det tyska problemet», om Potsdam-avtalen, den økonomiske okkupasjonspolitikken i tyske områder og tysk politisk styring. Avisa omtalte talen som konstruktiv, og ut i frå formuleringane og framstillinga av kravet til Byrnes om å behandle Tyskland som ei økonomisk eining ved å avskaffe soneinndelinga, var *Svenska Dagbladet* støttande til dette.²²³ I samanheng med krav om krigserstatningar frå Tyskland, ynskja avisa heller at: «Västmakternas strävanden måste i stället på ut på att få näringslivet på fötter, så att deras zoner bli i stånd att med egen export betala importen av livsmedel och råvaror».²²⁴ Den

²¹⁹ *Arbetaren* 12.11.1945.

²²⁰ *Arbetaren* 24.11.1947.

²²¹ *Arbetaren* 14.03.1947.

²²² *Arbetaren* 12.11.1945.

²²³ *Svenska Dagbladet* 07.09.1946. I følge Fulbrook 1992, s. 156-157, var dette starten på skifte i amerikansk okkupasjonspolitikk der fokuset gjekk frå anti-nazistisk til anti-kommunistisk.

Om talen til Byrnes, sjå «Documents on Germany 1944-1985», s. 91-98. Sjå s.93 om soneinndelinga: «The United States is firmly on the belief that Germany should be administered as an economic unit and that zonal barriers should be completely obliterated so far as the economic life and activity in Germany are concerned».

²²⁴ *Svenska Dagbladet* 24.04.1947.

sovjetiske okkupasjonssona var i tillegg avhengig av etablerte handelsforbindelsar, især med import av råvarer. Og saman med omfattande deindustrialisering vart dei økonomiske forholda forverra.²²⁵ Denne okkupasjonspolitikken vart omtalt i *Svenska Dagbladet* som «Morgenthau destruktiva ideer».²²⁶ Frå ei bokmelding av *Germany Is Our Problem* av Henry Morgenthau Jr., uttrykte avisa at det ikkje var grunnlag for Morgenthau-planen då nederlaget vart meir omfattande enn tidlegare antatt.²²⁷ Kritikken i *Svenska Dagbladet* retta mot både Morgenthau-planen og deindustrialiseringa, er stadfesta i tidlegare forskingslitteratur. Johan Östling skreiv om dette i artikkelen frå 2001 om førestillingar kring skuldspørsmålet og det historiske og framtidige Tyskland i konservative *Svenska Dagbladet* og *Svensk Tidskrift*. I løpet av dei to fyrste okkupasjonsåra vart alliert okkupasjonspolitikk kritisert og vurdert på lik linje med kvarandre, men med aukande ideologisk og politisk polarisering vart den vestlege okkupasjonspolitikken tolka meir positivt ut i frå denne konteksten.²²⁸ I tilknytning til desse funna i konservativ presse, ynskjer eg her å argumentere for at dette kan òg overførast til dei andre avisene i kjeldematerialet. Teikn på kritikk mot den økonomiske okkupasjonspolitikken er til stades hos syndikalistiske *Arbetaren* og liberale *Dagens Nyheter* og *Stockholms-Tidningen*.

Eit gjennomgåande tema i kjeldene var den økonomiske eininga av Tyskland og tysk økonomi i europeisk kontekst. I motsetnad til førre tema om politiske løysingar, var det eit større fokus og behov for å halde ved den økonomiske eininga enn den politiske. Kva kan dette vere uttrykk for? Samanhengen mellom tysk og europeisk økonomi vart vektlagt i kjeldene. Fråveret av tysk økonomi frå den europeiske marknaden fekk store følgjer for resten av den økonomiske atterreisinga på kontinentet. Før krigen fungerte Tyskland som marknad for Aust- og Sentral-Europa, Belgia, Nederland og Middelhavs-regionen. Då den økonomiske atterreisinga for Vest-Europa med fungerande handelsforbindelsar ikkje vart realisert, skapte dette omfattande politisk uvissle. Frykta for at kommunismen skulle få større påverknadssfære var til stades, og dette var med på å flytte fokuset vekk frå anti-nazisme til anti-kommunisme hos dei vestlege allierte. I vestlege okkupasjonssoner av Tyskland var dette kombinert med tyske reaksjonar mot alliert denazifisering, nostalgi for Nazi-Tyskland og omfattande matmangel. Dette vart vurdert som faktorar som var til fordel for Sovjetunionen og framvekst

²²⁵ Fulbrook 1992, s. 153-154.

²²⁶ *Svenska Dagbladet* 24.04.1947.

²²⁷ *Svenska Dagbladet* 18.02.1946.

²²⁸ Östling 2001, s. 3-25.

av neo-nazistiske rørsler.²²⁹ Dette er truleg avgjerande faktorar for fokuset i kjeldene på ein fungerande tysk økonomi ved å halde fast ved den økonomiske eininga slik det var vedtatt i Potsdam-avtalen. Dette kjem tydeleg fram i 1947. Samstundes var det ikkje berre merksemd kring følgjene for «Europa» ved fråveret av tysk økonomi i europeisk marknad, men òg for Sverige. Teikn på dette finn ein til dømes i *Arbetaren* og *Stockholms-Tidningen*. Etter avgjerdene ved Potsdam-konferansen var *Stockholms-Tidningen* særleg oppteken av omfattande følgjer for verdsøkonomien, men òg for Sverige og resten av Norden.²³⁰ Manglande kjøpekraft hos den tyske befolkninga og deindustrialisering ville få konsekvensar: «Bl.a. gäller det ett land som Sverige, som alltid haft ett livligt handelsutbyte med Tyskland».²³¹ Med fråveret av tysk kol, skreiv *Arbetaren* i 1947 om følgjene for europeisk industri og «svårigheter som för övrigt även den svenska industrin har kännning av».²³² Det er då ikkje berre den økonomiske og politiske stoda i samtida som kan vere avgjerande faktorar for fokuset i kjeldene, i tillegg til tidlegare svensk-tyske økonomiske relasjonar. Noko som òg er verdt å merke seg ved diskusjonen om både den politiske og økonomiske ordninga av Tyskland i undersøkingsperioden 1945-1947, er at det er overraskande lite merksemd kring spørsmålet om straff av den tyske befolkninga for deira rolle i det nazistiske regimet. Dette er meir synleg i førre kapittel med reiseskildringar som kjeldegrunnlag. Ulike sjangrar kan vere ein årsak til ulikskapen i fokus; reiseskildringane kommenterte ofte om den pågåande denazifiseringa og informerte om inntrykk frå landet til eit svensk publikum, medan kjeldene i dette kapitlet omhandla føresetnadane for politiske og økonomiske løysingar.

4.3 «Det tyske problemet» i ei delt verd, 1948-1949

Etter tre år med okkupasjon og aukande motsetnadar hadde ikkje dei allierte blitt samde om noko avgjerande for ordninga av Tyskland. Dei vestlege okkupasjonssonene vart behandla som ei økonomisk eining av Frankrike, USA og Storbritannia, medan sovjetisk sone gjennomførte eigne tiltak uavhengig frå vestmaktene. Den sovjetiske blokaden av vestlege sektorar i Berlin frå 1948 til 1949, samt danninga av statane Aust- og Vest-Tyskland, var hendingar som skulle eskalere motsetnadane mellom dei vestallierte og Sovjetunionen.

²²⁹ Judt 2010, s. 87-88.

²³⁰ *Stockholms-Tidningen* 04.08.1945 og 07.08.1945.

²³¹ *Stockholms-Tidningen* 04.08.1945.

²³² *Arbetaren* 21.07.1947.

Tolkingsrammene for ei løysing på «det tyske problemet» i svensk offentlegheit, vart fastsett gjennom den kalde krigen. Grunnmønsteret for den ideologiske-politiske splittinga var allereie til stades i førre undersøkingsperiode, medan i denne siste tidsinndelinga er denne politiske maktkampen den viktigaste referanseramma for framtida til Tyskland og Europa. Slik det vart vist i førre undersøkingsperiode var den politiske og økonomiske løysinga for tyske okkupasjonssoner sett i samanheng med atterreisinga for resten av Europa. I denne samanhengen fremma *Stockholms-Tidningen* kapitalismen og USA som beste løysing for Europa gjennom publisering av artiklar av Hjalmar Schacht. Schacht var økonom og hadde hatt fleire roller i det nazistiske Tyskland som finansiell ansvarleg for den tyske opprustinga og finansminister. Etter attentatet på Hitler i 1944 vart han satt i konsentrasjonsleir, og seinare vart han frikjend i Nürnberg-prosessen.²³³ I desse artiklane utgitt i september 1948 var hovudtema Marshall-planen som grunnlag for atterreisinga.²³⁴ Berre kapitalismen kunne auke velstanden til befolkninga og dermed hindre framvekst av tyranni og kommunismen. I følgje Schacht var årsaken til begge verdskrigane den økonomiske stoda til den europeiske befolkninga og konflikter om råvarer. Den amerikanske politikken for atterreising i Europa vart vurdert særst positiv.²³⁵ Synspunktet om Tyskland som ein del av den europeiske atterreisinga var uttrykt frå andre hald i avisa. New York-redaktør Rolf Lamborn, oppfatta normaliseringa og atterreisinga av Europa som avhengig av Tyskland, men at dette ikkje kunne bli realisert om landet framleis var eit «aude ingenmannsland».²³⁶

Mistilliten mot Sovjetunionen haldt fram og vart forsterka. Inntrykket *Dagens Nyheter* formidla om stoda i Tyskland mars 1948, var om aukande polarisering mellom aust og vest, og forsøk frå okkupasjonsmaktene si side å få den tyske befolkninga meir engasjert i eiga framtid. Tysk eining var ein «fiksjon», og utviklinga i Tyskland peika på ei deling der «den ryske järnridån» hadde ansvaret.²³⁷ Dei allierte delte Berlin inn i fire okkupasjonssoner, og byen vart til eit omstridd område i denne undersøkingsperioden. For *Dagens Nyheter* innebar ein mogleg vestalliert retrett frå Berlin å sanksjonere ei tysk riksdeling.²³⁸ Dette var ei endring

²³³ Östling 2008, s. 90. Her skriv han òg om mottakinga av boka *Vidräkning med Hitler* av Schacht (på svensk 1949). Svensk presse var ikkje overtydd over den unnskyldande haldninga til Schacht over hans eiga rolle i Nazi-Tyskland. Samstundes vart han brukt i svensk presse som eit symbol for den misslykka denazifiseringa i Tyskland.

²³⁴ *Stockholms-Tidningen* 08.09.1948 og 14.08.1948. Desse vart òg utgitt av sveitsiske Die Weltwoche.

²³⁵ *Stockholms-Tidningen* 08.09.1948.

²³⁶ *Stockholms-Tidningen* 22.10.1948.

²³⁷ *Dagens Nyheter* 27.03.1948.

²³⁸ *Dagens Nyheter* 27.03.1948.

frå førre månad då avisa på leiarplass skreiv: «Skulle ryssarna ytterligare förhålla en tysk fredsuppgörelse, kan frågan om att organisera de västra zonerna som en särskild stat bli aktuell, men för närvarande är den det inte».²³⁹ Avisa ga uttrykk for at det var ynskjeleg om den tyske befolkninga sjølve kunne bidra i den politiske framtida til Vest-Tyskland.²⁴⁰ Dette var eit synspunkt som vart særleg understreka i konservative *Svenska Dagbladet*. I følge leiarartikkelen «Vad skall ske i Tyskland?» frå mars 1948, var den allierte behandlinga av den tyske befolkninga eit av dei alvorlegaste feilgrepa i okkupasjonstida. Desse mistaka gjaldt hovudsakleg om denazifiseringa og deindustrialiseringa. Med prosessen og byråkratiseringa innan denazifisering sikta avisa truleg til vestallierte tiltak. Tidlegare tiltak vart skildra som urimelege, og avisa ynskja at den tyske befolkninga skulle delta politisk og økonomisk. Marshall-planen og USA vart framstilt positivt. Avisa vurderte amerikansk deltaking og sakkunnskap nærmast som ein føresetnad for atterreisninga av Vest-Tyskland.²⁴¹ På same måte som i førre undersøkingsperiode var *Svenska Dagbladet* støttande til målet om å halde ved Tyskland som ei økonomisk eining. Sovjetunionen vart sett på som årsak til at dette ikkje vart gjennomført.²⁴² Interesse for ordninga av Tyskland haldt fram i perioden. Gjennom reiseskildringar i aviser og i bokform fekk svensk offentlegheit kjennskap til stoda i Tyskland. Ei av desse som har blitt skildra i tidlegare kapittel, er *Kulissbygget* av Egon Kötting og Ragnar Thoursie. I denne vart ein desentralisert einskapsstat fremma som ei politisk løysing for Tyskland. Tysk føderalisme vart vurdert av forfattarane som ein anakronisme.²⁴³ I ei bokmelding av *Kulissbygget* frå *Svenska Dagbladet*, var Torvald Höjer ikkje einig i argumentasjonen til forfattarane om tysk føderalisme. Sjølv om Höjer hadde tidlegare uttrykt at dei nye delstatane som okkupasjonsmaktene danna ikkje hadde noko historisk grunnlag, var han ikkje samd i at «Furstarna och deras länder var den stora olyckan i den tyska historien».²⁴⁴ *Svenska Dagbladet* oppfatta denazifiseringa som urimeleg overfor den tyske befolkninga, og hadde tidlegare fremma på leiarplass større politisk deltaking for tyskarane. Likevel stilte statsvitaren Gunnar Heckscher spørsmål i «Det tyska samhällets tillfrisknande» frå april 1949 om politisk ansvar for den tyske befolkninga. Han argumenterte for at den

²³⁹ *Dagens Nyheter* 10.02.1948.

²⁴⁰ *Dagens Nyheter* 14.04.1949.

²⁴¹ *Svenska Dagbladet* 07.03.1948.

²⁴² *Svenska Dagbladet* 05.01.1948.

²⁴³ Kötting & Thoursie 1948, s. 46-53.

²⁴⁴ *Svenska Dagbladet* 31.05.1948.

militære okkupasjonen av Tyskland måtte halde fram så lenge det var internasjonale, politiske motsetnader.²⁴⁵

I kjeldematerialet framheva *Arbetaren* den sovjetiske okkupasjonspolitikken som årsak til manglande ordning for fred i Tyskland.²⁴⁶ Omgrepet «politisk ingenmannsland» vart framleis brukt om stoda i okkupasjonssonene. Tolkinga i avisa av maktkampen mellom stormaktene i Tyskland var at den som kunne atterreise landet igjen som ein sjølvstendig nasjon, ville «vinne» den tyske folkesjela. I følgje *Arbetaren* ynskja Sovjetunionen å appellere til tysk nasjonalisme for å oppnå eigne målsetjingar i området, sjølv om dette kunne innebere å støtte ei nasjonalistisk leiing med reaksjonære tendensar. Så lenge den var anti-vestleg nok fekk den sovjetisk støtte i følgje avisa.²⁴⁷ Endringar i trusselbiletet kjem tydeleg fram i denne undersøkingsperioden då det skifta frå anti-nazisme til anti-kommunisme. I artikkelserien «Tysk syn på demonteringspolitikken» var denne endringa skildra slik: «Den tyska faran är i dag ett fantom; den ryska faran är en realitet. Tysklands krigsindustri kunde man hålla under kontroll; Rysslands krigsindustri kan man icke kontrollera».²⁴⁸ *Arbetaren* framheva Tyskland som avgjerande aktør i eit europeisk forsvar mot sovjetisk ekspansjon.²⁴⁹

Ei hending som spegla, og forsterka, motsetnadane mellom stormaktene var Berlin-blokaden. Med introduksjonen av ein ny valuta i dei vestlege sektorane av Berlin i juni 1948, reagerte Sovjetunionen med ein blokade av Vest-Berlin. Blokaden varte til mai 1949, og byen vart til eit omstridd område der Sovjetunionen forsøkte å tvinge dei vestallierte ut or byen. Målet var å sikre sovjetisk interesse- og påverknadssfære, og hindre vestleg innverknad i Berlin. Det vestlege nærværet i byen vart til eit symbol på vestlege garantiar for demokrati i Vest-Tyskland.²⁵⁰ Alle forsyningar til Vest-Berlin i løpet av blokaden vart levert av vestallierte fly som danna ein «luftbru» frå vestlege soner til byen.²⁵¹ Blokaden resulterte i danninga av Aust- og Vest-Tyskland i 1949. Aukande motsetnader kring den politiske statsordninga av Tyskland mellom Sovjetunionen og dei vestallierte, førte til separate økonomiske og politiske tiltak i austleg og vestleg sone. Saman med samanslåinga av amerikansk, britisk og fransk okkupasjonssoner og danninga av ei vest-tysk statsforfatning, svarte Sovjetunionen med

²⁴⁵ *Svenska Dagbladet* 13.04.1949.

²⁴⁶ *Arbetaren* 07.10.1948.

²⁴⁷ *Arbetaren* 08.04.1949.

²⁴⁸ *Arbetaren* 04.11.1948, 05.11.1948 og 06.11.1948. Sitatet er henta frå artikkelen som vart publisert 04.11.1948.

²⁴⁹ *Arbetaren* 04.11.1948.

²⁵⁰ Bark & Gress 1993, s. 214.

²⁵¹ Fulbrook 1991, s. 158.

etableringa av Aust-Tyskland. I leiarartikkelen «Dödens klocka klämtar» samanlikna *Arbetaren* stoda i juni 1948 med München-avtalen frå 1938.²⁵² Det vert ikkje skrive eksplisitt, men ein kan tolke det slik at avisa framstilte det slik at dei vestallierte ikkje kunne trekke seg ut or Berlin utan å danne grunnlag for eit liknande tilfelle som stoda etter München-avtalen. Den sovjetiske blokaden av Vest-Berlin vart sett på som eit ledd i sovjetisk ekspansjonspolitik.²⁵³ Vurderinga av framferda og metodane til Sovjetunionen var sær negativ. Om den spente situasjonen mellom stormaktene kommenterte avisa at: «Det ser knappast lovande ut för freden».²⁵⁴ I følgje *Dagens Nyheter* var grunnlaget for situasjonen i Berlin i den mislykka London-konferansen mellom utanriksministrane. Sidan dess hadde stormaktene praktisert ulik politikk i aust og vest, der Sovjetunionen skapte ein «östtysk vasallstat» medan vestmaktene fekk iverksett konstruktive tiltak i deira okkupasjonssoner.²⁵⁵ Om sovetisk framferd skreiv avisa at: «Praktiskt träffar alla ryssarnas åtgärder väsentligen de över två miljoner tyska män, kvinnor och barn som bebor de västra delarna av Berlin. Tydligare kan Sovjets förakt för vad den västliga världen menar med civilisation inte demonstreras».²⁵⁶ Dette sitatet illustrerer endringa i vestleg haldning og oppfatning av Berlin: frå nazisme og prøyssisk militarisme til demokrati og fridom.²⁵⁷ Tidlegare hadde fokuset omhandla den nazistiske arva og påverknaden, men i denne undersøkingsperioden er det ei klar endring til førestillingar om Vest-Tyskland og dei vestallierte som symbol på vestleg sivilisasjon.

Til trass for svensk nøytralitetspolitikk er det ei klar orientering til dei vestallierte i svensk offentlegheit, og då særleg USA. Polariseringa mellom aust og vest, og danninga av to tyske statar førte til endringar i internasjonale relasjonar. Dette var i følgje den danske historikaren Karl Christian Lammers grunnlaget for to «tyske spørsmål»: å anerkjenne den aust-tyske staten og opprustinga av Vest-Tyskland. I denne fasen av den kalde krigen var det ikkje eit alternativ med ei samling av Aust- og Vest-Tyskland.²⁵⁸ Sverige orienterte seg til den vestlege ståstaden og hadde diplomatiske band til Vest-Tyskland.²⁵⁹

²⁵² *Arbetaren* 28.06.1948.

²⁵³ *Arbetaren* 07.10.1948 og 02.12.1948.

²⁵⁴ *Arbetaren* 02.12.1948.

²⁵⁵ *Dagens Nyheter* 27.06.1948.

²⁵⁶ *Dagens Nyheter* 27.06.1948.

²⁵⁷ Grosser 1971 i Fulbrook 1991, s. 158.

²⁵⁸ Lammers 2006, s. 451.

²⁵⁹ Lammers 2006, s. 451 og Muschik 2006, s. 522.

4.4 Konklusjon

Til trass for ulik politisk profil var det stor semje i svensk offentlegheit om behandlinga av Tyskland i etterkrigstid. Kollektivskuldtesen vart ikkje brukt som eit argument i diskusjonen om politiske og økonomiske løysingar. I den fyrste undersøkingsperioden var det tankar om å straffe nazistiske forbrytarar og element frå det administrative apparatet i den nazistiske staten, men ikkje overfor den tyske befolkninga som heilskap. Demokratisering av det tyske samfunnet og økonomisk stabilitet var oppfatta som sentrale faktorar i atterreisinga av Tyskland. Men det var uttrykt skepsis overfor rolla til dei allierte og ein militær okkupasjon i samband med demokratiseringa. Etter nederlaget vart denne kritikken mot okkupasjonsmaktene forsterka, og Sovjetunionen fekk gjennomgåande mest kritikk. Med den ideologiske-politiske polariseringa i den kalde krigen vart framstillinga annleis då svensk offentlegheit presenterte dei vestallierte, særleg USA, som garanti for demokratiseringa. Viktige aspekt ved debatten om ordninga av det tyske samfunnet var om statsforfatninga og å halde ved landet som ei økonomisk eining. Tolkinga og forståinga av diskusjonen i svensk offentlegheit om tysk statsform var todelt: anten eit føderalt statssystem ut i frå vestleg påverknad eller den sovjetiske modellen med sentralisert einskapsstat. I tråd med angloamerikanske og franske ynskjer om eit føderalt Tyskland, orienterte svensk offentlegheit seg til dette og var avvisande overfor Sovjetunionen – denne tendensen er til stades frå syndikalistisk til konservativ presse. Politisk demokrati var berre mogleg i det vestlege Tyskland som ei følgje av sovetisk framferd og okkupasjonspolitik. Dette tyder på støtte i svensk offentlegheit til vestallierte målsetjingar for den politiske og økonomiske ordninga av Tyskland.

Eit sentralt aspekt ved debatten om ordninga av Tyskland var argument om behovet for politisk deling samstundes som økonomisk eining og samarbeid vart fremma. Slik eg tolkar det kan årsaker til denne ulikskapen vere i tidlegare svensk-tyske relasjonar og frykta for eit sentralisert Tyskland. Mykje av argumentasjonen i kjeldene for eit føderalt statssystem var med bakgrunn i historiske erfaringar der nazismen vart framstilt som det endelege resultatet av sentraliseringsprosessen som byrja med samlinga av Tyskland. Tysk ekspansjonspolitik under krigen var nok hovudårsak til ynskja om ei føderativ statsordning. Samstundes som den kalde krigen auka oppfatninga om behovet for ei politisk deling, var den økonomiske eininga av Tyskland vurdert som sentral for atterreisinga. Fokuset i svensk offentlegheit på behovet for å halde ved Tyskland som ei økonomisk eining og den økonomiske atterreisinga, kan tolkast i samanheng med tidlegare svensk-tyske relasjonar der handelsforbindelsar med eit

stabilt Tyskland var viktige for svensk økonomi. «Det tyske problemet» sett frå svensk ståstad vart forma av geopolitiske omsyn og tidlegare relasjonar. Debatten om den framtidige tyske statsforfatninga, eit føderalt statssystem eller ein sentralisert einskapsstat, er aspekt ved den svenske diskusjonen som tidlegare ikkje har fått stor merksemd i tidlegare forskingslitteratur.

5. Å hjelpe eller ikkje hjelpe? Svensk humanitær innsats i Tyskland og fordrivelsen i svensk offentlegheit, 1945-1949

I etterkrigstida var det omfattande behov for hjelp og ressursar til atterreisninga av Tyskland og resten av Europa. Tidlegare kapittel i oppgåva har fokusert på diskusjonen om det administrative, politiske og økonomiske innhaldet av ei ordning av Tyskland. Gjennom skildringar og inntrykk av tyske okkupasjonssoner i det fyrste analysekapittelet med reiseskildringar som kjeldegrunnlag, vart svensk offentlegheit presentert for vanskelege sosiale, materielle, økonomiske og politiske forhold i Tyskland. Med dette som bakgrunn vil det vere utbyterikt å undersøke nærare det humanitære aspektet i debatten om framtida til Tyskland. Føremålet med dette kapittelet vil framleis vere om ei framtidig ordning av Tyskland, men med hovudtemaa: svensk debatt om humanitær hjelp til Tyskland og reaksjonar i svensk offentlegheit til fordrivelsen av tyskarar frå Aust- og Sentral-Europa. Undersøkningsperioden er frå 1945 til 1949. Strukturen på dette skal vere tredelt der fyrste tema er om humanitær hjelp følgt av fordrivelsen. Deretter følgjer ein diskusjon som vektlegg førestillingar og sjølvforståinga av Sverige som demokratisk og humanitær nasjon då dette vil vere sentralt for heilskapen i kapittelet. Rammeverket til dette kapittelet krinsar kring det moralske aspektet ved krigen med spørsmål om skuld og straff overfor den tyske befolkninga i etterkrigstid.

5.1 Humanitær hjelp i ruinlandet Tyskland

Svensk humanitær hjelp til Tyskland i etterkrigstida hadde materielle og kulturelle innslag. Koplinga mellom internasjonalt hjelpearbeid og nasjonale politiske standpunkt er særleg viktig å merke seg. Jörg Lindner har påpeika at innhaldet og omfanget av Tysklands-hjelpe mellom 1945 og 1954, likna på moderne svensk sosialpolitikk.²⁶⁰ I motsetnad til etter fyrste verdskrig vart den svenske staten meir involvert i internasjonalt hjelpearbeid kring andre verdskrig. Staten kravde innsyn, påverknad, styrte og kontrollerte hjelpearbeidet.²⁶¹ Svenske styresmakter fekk mykje kritikk i etterkrigstid med bakgrunn i svensk nøytralitetspolitikk under krigen. Svensk innsats innan internasjonalt hjelpearbeid vart difor brukt som motvekt i etterkrigstida, og den svenske staten ynskja internasjonal merksemd kring humanitære

²⁶⁰ Lindner 1988, s. 206.

²⁶¹ Lindner 1988, s. 206.

hjelpetiltak, og ville skape «goodwill» overfor det internasjonale samfunnet.²⁶² Dette kan vere ein årsak til statleg påverknad i det internasjonale hjelpearbeidet. I siste halvdel av 1940-talet var svensk hjelp retta kring Norden, Mellom- og Vest-Europa.²⁶³ Samleomgrepet «Tysklands-hjelpa» inneheldt både statlege, ikkje-statlege og andre frivillige aktørar som gjennomførte hjelpetiltak i Tyskland med ulikt omfang og innhald, og dette vart avslutta i 1954. I denne perioden hadde Tyskland motteke mest av svensk etterkrigshjelp av land utanfor Norden med ein sum på over 212 millionar kroner. Dette tyder på ei vurdering der behova i Tyskland vart prioritert.²⁶⁴ Innhaldet i svensk hjelp til Tyskland hadde nokre hovudpunkt: demokratisering av det tyske samfunnet, materielle og medisinske bidrag, matforsyning for barn og ungdom og rekreasjonsopphald.²⁶⁵ Nokre sentrale aktørar var Redd Barna (RB), svensk Røde Kors (SRK), den svenske Europahjelpa (SEH), den svenske komiteen for internasjonal hjelpeverksemd (SIH) og samarbeidskomiteen for demokratisk oppbyggnadsarbeid (SDU). Etter fyrste verdskrig vart nødhjelp for barn, invalid og enker iverksett av svensk Røde Kors og Redd Barna i Austerrike og Tyskland. Hjelpa hadde eit sosialt og medisinsk innhald, og den svenske staten hadde ei sær avgrrensa rolle i hjelpearbeidet.²⁶⁶

Svenske hjelpetiltak i Tyskland tok form av materiell og teknisk bistand med vekt på næring, samt tiltak i Sverige som opphald for tyske barn i landet og studieturar der føremålet var å lære av det svenske demokratiet. På grunnlag av svensk nøytralitet i krigstid og etterkrigstid, og ved å ha unngått krigshandlingar i eige land, hadde Sverige, slik som USA, ressursar og føresetnadar til å bidra i det internasjonale hjelpearbeidet. Dei vestlege allierte ynskja at den svenske hjelpa skulle ha eit kulturelt innslag.²⁶⁷ Den ideologiske-politiske polariseringa mellom stormaktene påverka svensk humanitær hjelp då den orienterte seg kring dei vestlege demokratia på bakgrunn av kulturelle, historiske, økonomiske, ideologiske og innan- og utanrikspolitiske faktorar. Difor vart svensk hjelp retta hovudsakleg til dei vestlege okkupasjonssonene.²⁶⁸ Fram til Berlin-blokaden hadde Aust-Tyskland motteke svensk hjelp, men ikkje i same omfang som i vestlege okkupasjonssoner, og frå 1949 var det ikkje grunnlag

²⁶² Nehlin 2009, s. 47-48.

²⁶³ Lindner 1988, s. 199. Etter dette vart det eit skifte i fokus der land i Afrika, Asia, Midtausten og Sør-Europa fekk svensk hjelp.

²⁶⁴ Lindner 1988, s. 39.

²⁶⁵ Lindner 1988, s. 19.

²⁶⁶ Lindner 1988, s. 205.

²⁶⁷ Lindner 1988, s. 168.

²⁶⁸ Lindner 1988, s. 206.

for frivillig hjelp til austleg sone.²⁶⁹ Er omsyn kring demokratiseringa av Tyskland synleg i kjeldematerialet? Og kva skulle ei eventuell hjelp innebere? Korleis avisene stilte seg til humanitær hjelp til Tyskland, og kva for argumentasjon og språklege verkemidlar som vart tatt i bruk, er sentrale aspekt ved diskusjonen som blir vektlagt her i teksten.

Stockholms-Tidningen var positive til svenske tiltak i atterreisninga av Tyskland og Europa. I nokre bidrag vart den svenske nøytralitetspolitikken brukt som argument til å fremme hjelp til Europa. Sjølv om Tyskland ikkje var nemnd er desse likevel nyttige for å vurdere underliggjande motivasjon bak dei humanitære målsetjingane. Desse tekstane framheva plikta til å hjelpe ofra for krigen. Og denne plikta var med bakgrunn i svensk nøytralitet under krigen.²⁷⁰ Sjølv med tanke på svensk handelspolitikk var det uttrykt at det svenske folket bidrog i arbeidet med den europeiske atterreisninga.²⁷¹ Eit særleg engasjert innslag om hjelp til Tyskland, var frå den norske religionsvitaren Albert Brock-Utne, flyktning i Sverige frå 1943. Han hevda at det var likegyldig at tyskarane tidlegare vart rekna for fienden. Han formulerte det slik: «Det är vår plikt att avhjälpa denna nöd på samma sätt som det är vår plikt att lindra nöden var man än finner den».²⁷² Sjølv om Brock-Utne skreiv at det var menneskeleg forståeleg at ein ikkje ynskja humanitær hjelp til Tyskland, stilte han spørsmålsteikn om det var klokt å la vere. Grunnlaget for denne argumentasjonen var det moralske aspektet ved krigen. Om anti-nazistar skulle behandle den tyske befolkninga på same måte som nazistane gjorde overfor befolkningar dei undertrykte, ville framtidige historikarar hevde at begge parter var jamstilte. Skulddebatten vart òg tatt opp, og i denne samanhengen rekna han ikkje den tyske befolkninga for skyldig i det «nazistiske barbariet». Noko forfattaren av teksten gjer er å stille humanitær hjelp på lik linje med demokratisk fridom, og oppfatta framleis nazismen som ein trussel om Tyskland vart nekta humanitær hjelp i etterkrigstid.²⁷³

Med bakgrunn i vinteren 1945-1946 og følgjene av denne, vart svensk humanitær innsats og hjelp vektlagt i fleire tekstar i *Stockholms-Tidningen*. Igjen vart plikta til å hjelpe understreka ved å ha unngått krigshandlingar i eige land. Det vart det framstilt som sjølvsagt at Sverige skulle bidra med humanitær hjelp til andre land med naud og fattigdom.²⁷⁴ I reiseskildringar av Christer Jäderlund frå Berlin april 1946, vektla han svensk humanitær innsats. Som ein del

²⁶⁹ Lindner 1988, s. 93.

²⁷⁰ *Stockholms-Tidningen* 17.07.1945 og 21.08.1945.

²⁷¹ *Stockholms-Tidningen* 24.08.1945.

²⁷² *Stockholms-Tidningen* 07.10.1945.

²⁷³ *Stockholms-Tidningen* 07.10.1945.

²⁷⁴ *Stockholms-Tidningen* 15.02.1946, 17.02.1946 og 03.03.1946.

av svensk hjelpearbeid i Tyskland i etterkrigstid, vart «Hjälp Tysklands barn» iverksett av Redd Barna og Svensk Røde kors. Ut i frå skildringa av artikkelen «Barnen blir som vargungar i vântan på maten» vart denne innsatsen framstilt særst positivt: «Det är en bister ögonvittnesbild av svält, elände och bitterhet, en mörk tavla, i vilken den svenska rödakorspersonalens insatser utgör en ljusglimt».²⁷⁵ Bileta i denne reiseskildringa spelar ei sentral rolle i å understreke den positive budskapet om svensk humanitær innsats i Tyskland, og at den syner tyske barn som mottakarar av svensk hjelp. Kunne eit slikt fokus på tyske barn vere med på å gjere inntrykket av Tyskland meir «menneskeleg» etter det nazistiske regimet? Jäderlund skreiv vidare i «Vart fjärde spädbarn dör», om epidemismitta Tyskland som ein trussel for Europa over lengre tid, og ville vere prega av meir omfattande følgjer enn venta av krigen og folkeforflytningane. Om sjukdomane i Tyskland, skildra han det slik: «Men priset kommer av allt att döma att bli ohyggligt inte endast för Tyskland. Epidemierna i Tyskland [...] har redan hunnit förgifta den tyska folkroppen så pass att detta Tyskland för lång tid framåt kommer att utgöra en fara för hela Europa».²⁷⁶

I samband med vanskelege levevilkår og hungersnaud vart dette knytt opp til kulturelle relasjonar og kontaktar mellom Sverige og Tyskland i *Stockholms-Tidningen*. I teksten frå tidleg januar 1946, vart det uttrykt at: «Ett folks svältdöd är ju också en kulturfråga».²⁷⁷ Vidare vart det påstått at det i årevis hadde vore til stades ein diskusjon om kva svensk innsats skulle vere i den tyske omskulinga. I tillegg vart det stilt spørsmål kring kva tid ein skulle inngå kulturelle kontaktar igjen.²⁷⁸ Uroa over matmangel og helse var ikkje utan grunn; om sjukdomane i tyske områder ikkje vart kontrollert kunne dette føre til europeiske, og globale, epidemiar.²⁷⁹ Men sjølv om det var merksemd kring moglege følgjer verkar det som om det vart lagt ekstra vekt på omfanget av moglege verknadar for å overtyde om å bidra med humanitær hjelp til Tyskland. Frå leiarartikkelen «Problemet Tyskland allt svårare» frå april 1946, var ein føresetnad for alliert okkupasjonspolitik og atterreisinga av Tyskland å unngå den verste naud. Om ei løysing ikkje vart til ville Europa og «mänskligheten» vere trua av: «en livsfarlig röta i ett av sina naturliga centra, en röta som inte kan undgå att sprida sig med förfärande följder».²⁸⁰

²⁷⁵ *Stockholms-Tidningen* 14.04.1946.

²⁷⁶ *Stockholms-Tidningen* 30.04.1946.

²⁷⁷ *Stockholms-Tidningen* 14.02.1946.

²⁷⁸ *Stockholms-Tidningen* 26.07.1945.

²⁷⁹ Reinisch 2013, s. 5.

²⁸⁰ *Stockholms-Tidningen* 13.04.1946.

Inntrykk av den humanitære situasjonen i Tyskland vart blant anna tatt opp i reiseskildringar frå Berlin av Sven Åhman i *Dagens Nyheter* hausten 1945. Her skildra han Berlin som den største ruinstaden i Europa i tillegg til sjukdom, matmangel og omfanget av svartebørsen i byen.²⁸¹ Varsel for vinteren 1945-1946 vart tatt med, og korleis dette påverka befolkninga ved at dei allereie hadde starta å gjere klar gravar. Noko Åhman tok med i teksten var eit tysk sitat: «Gibt uns mehr zu essen, sonst werden wir Hitler nicht vergessen» (sic).²⁸² Bruken av bilete er særleg viktig i denne samanhengen då dei understrekar skildringane av dårlege levevilkår i sjølve teksten. Nauda og behovet for hjelp til atterreisinga kjem tydeleg fram gjennom både tekst og bilete. Stemninga hos befolkninga i Berlin vart spegla gjennom sitatet ovanfor med «gi oss meir mat elles gløymer vi ikkje Hitler». Bodskaen i dette kan ein nærmast tolka i retning at om det ikkje vart meir mat, vart det heller ikkje noko demokrati.

På same måte som *Stockholms-Tidningen*, kopla *Dagens Nyheter* humanitær hjelp opp til kultur. I leiarartikkelen «Hjälp till Tyskland» frå byrjinga av 1947, var kontrast mellom «ruinernas» Tyskland og det velståande Sverige eit viktig verkemiddel i samband med å fremme hjelp til Tyskland. Det vart spesifikt stilt spørsmål om kva Sverige kunne bidra med innan tysk åndeleg og demokratisk atterreising.²⁸³ Avisa vektla hjelp til Tyskland der innhaldet i forslaga hadde eit kulturelt innslag. Ei løysing på mangelen av tyske lærebøker og anna litteratur kunne vere frå svenske forlag. Her vart tidlegare svensk innsats vektlagt: «Institutioner och organisationer av olika slag i Sverige kunde hjälpa tyska motsvarigheter med skrivmateriel, böcker och kontorsutrustning. De svenska socialdemokraterna har på det området hjälpt sitt tyska broderparti, andra sammanslutningar kan följa exemplet».²⁸⁴ Frå dette sitatet skulle ikkje berre politiske parti delta i den tyske demokratiske atterreisinga, men òg andre institusjonar og grupperingar. I tillegg kunne ein arrangere studieturar til Sverige for unge, demokratisk innstilte tyskarar med føremålet om å lære kva «demokrati är och hur den arbetar».²⁸⁵ *Dagens Nyheter* understreka at den svenska hjelpa ikkje berre skulle til Tyskland, men samstundes måtte bistand til landet bli vurdert i ein større samheng der atterreisinga var del av ein europeisk «sanering».²⁸⁶

²⁸¹ *Dagens Nyheter* 23.09.1945 og 26.09.1945.

²⁸² *Dagens Nyheter* 26.09.1945.

²⁸³ *Dagens Nyheter* 11.01.1947.

²⁸⁴ *Dagens Nyheter* 11.01.1947.

²⁸⁵ *Dagens Nyheter* 11.01.1947.

²⁸⁶ *Dagens Nyheter* 11.01.1947.

Konservative *Svenska Dagbladet* var særleg oppteken av dei vanskelege sosiale forholda i Tyskland. Frå leiarartikkelen «Tysklands första fredsvinter» oktober 1945, vart matmangelen identifisert som ein klar trussel for Tyskland om ikkje det vart organisert tiltak for å unngå hungersnaud vinteren 1945-1946. For å unngå ein katastrofe vart det oppmoda å setje i gang straktiltak for å betre mattilførselen og reorganisere tysk sjølvforvaltning. I samband med dette vart det òg oppmoda om å få fastsett ein meir heilskapleg politikk for behandlinga av Tyskland, og om dette ikkje vart realisert ville det få konsekvensar ikkje berre for Tyskland, men for heile verda.²⁸⁷ Det vart ikkje nemnd kva for type konsekvensar det eventuelt skulle bli anna enn mykje uro og vanskar for sigersmaktene, men det er interessant å merke seg koplinga mellom hendingar og konsekvensar i Tyskland overfor resten av verda. Om ein synte at hendingar og generelle forhold i Tyskland ville få verknadar utanfor tyske grenser, ville dette føre til meir sympati for tyskarane? Eller i det minste meir vilje til å betre levevilkåra? Avisa tok i bruk ganske alvorlege samanlikningar for å syne leveforholda til den tyske befolkninga. Dette kan illustrerast med eit sitat frå leiaren «Problemet Tyskland» frå april 1946:

För de miljoner tyskar, vilkas kaloriförsörjning nu lär understiga Belsenlägrets, är brödet för dagen och taket för natten ett så allt uppslukande livsbehov, att det förgångnas färor förblekna i jämförelse med nuets, för en tidigare kulturnation obeskrivliga elände. [...] I forna ”barbariska” tider dömdes ibland en förbrytare att sönderslitas mellan fyra hästar, som drogo åt vart sitt håll. Det straffet undergår nu Tyskland.²⁸⁸

Ei samanlikning av humanitære forholda i Tyskland i etterkrigstid med ein medviten tysk utryddingspolitikk under krigen, tar ikkje omsyn til handlingar og krigsbrottsverk gjennomført av Nazi-Tyskland. Slike samanlikningar var ikkje berre til stades hos konservative *Svenska Dagbladet*, men òg hos nazistiske *Dagsposten*.²⁸⁹ *Dagsposten* brukte slike samanlikningar i samband med kaloriinntaket til den tyske befolkninga i etterkrigstid.²⁹⁰ Avisa stilte seg tvilande til rapportar om tyske konsentrasjonsleirar og syntest ikkje at den svenske

²⁸⁷ *Svenska Dagbladet* 20.10.1945.

²⁸⁸ *Svenska Dagbladet* 22.04.1946.

²⁸⁹ Eg har valt å ikkje analysere *Dagsposten* som heilskap i oppgåva på grunnlag av mottaking av økonomisk stønad frå Nazi-Tyskland under krigen. Bidrag frå avisa i denne samanhengen er for å sette samanlikningane i perspektiv med andre aviser.

²⁹⁰ Sjå til dømes *Dagsposten* 05.10.1945 og 08.10.1945. Frå 05.10.1945 var overskrifta i artikkelen: «800 kalorier i Belsen och i – Wien». Frå 08.10.1945 vart kaloriinntaket skildra slik: «Det blir för en man i tungt arbete 1330 kalorier, för de övriga 840. Belsen-ransonen, när den var som lägst var 800...».

humanitære hjelpa til Tyskland var tilstrekkeleg.²⁹¹ Slik som i kapittelet om politiske løysingar i svensk offentlegheit til ordninga av Tyskland, framheva *Svenska Dagbladet* rolla til tysk industri i atterreisinga.²⁹²

Hos *Arbetaren* var det ei endring i prioritering av humanitær hjelp til den tyske befolkninga. Etter krigsslutt vart det uttrykt forståing for om den allierte okkupasjonspolitikken prioriterte tidlegare land okkupert av Tyskland i krigstid.²⁹³ Dette var ulikt frå leiarartiklar frå 1947 med overskrifter som «Det svältande Tyskland knorrar» og «Ett svältande folk».²⁹⁴ Frå leiaren i mai vart normale levevilkår for den tyske befolkninga vurdert som ein føresetnad for den europeiske atterreisinga. Avisa understreka at dette ikkje var eit uttrykk for medynkspropaganda, men presiserte at stoda i samtida kunne få omfattande følgjer: «Självfallet är det nuvarande tillståndet den bästa atmosfären för en förnyelse av nazismen, och lika självfallet är det att det tyska folket icke kan få någon respekt för den demokrati som ännu två år efter kriget avslutande endast förmått att konservera svälten i landet».²⁹⁵ *Arbetaren* unngjekk ikkje å drøfte skuldspørsmålet knytt til den tyske befolkninga, men oppmoda i denne samanhengen om å behandle tyskarane med humanitet. Liknande argumentasjon er synleg i leiarartikkelen frå slutten av 1947 der avisa ikkje var samd med kollektivskuldtesen retta mot tyskarane. I tillegg oppfatta *Arbetaren* at nauda var meir omfattande i Tyskland enn i andre europeiske land, og at landet var i fysisk, psykisk og moralsk forfall.²⁹⁶ Denne endringa i prioritet kan spegle endringar i internasjonale relasjonar der frykta for neo-nazistiske grupperingar og særleg kommunismen auka frå nederlaget i 1945 til 1947. Internasjonalt hjelpearbeid vart ikkje lengre framstilt som ei humanitær handling, men heller som ein del av tryggleikspolitikken då ein ynskja å styrke det vestlege demokratiet, og då særleg i Europa.²⁹⁷

Frå reiseskildringa «Svältens och sjukdomarnas land» i *Arbetaren* av Helmut Rüdiger, skreiv han at det hadde blitt gjort lite for å sikre moglegheitene for den tyske befolkninga med arbeid og normal levestandard.²⁹⁸ Rüdiger var tysk emigrant i Sverige som fyrst flytta til Spania i 1932. I Tyskland hadde han vore redaktør for avisa *Der Syndikalist* frå 1928, og i Spania var

²⁹¹ *Dagsposten* 17.10.1945 og 19.10.1945.

²⁹² *Svenska Dagbladet* 20.10.1945 og 24.04.1947.

²⁹³ *Arbetaren* 01.08.1945.

²⁹⁴ *Arbetaren* 14.05.1947 og 22.11.1947.

²⁹⁵ *Arbetaren* 14.05.1947.

²⁹⁶ *Arbetaren* 22.11.1947.

²⁹⁷ Kalinovsky & Daigle 2014, s. 24.

²⁹⁸ *Arbetaren* 17.06.1948.

han framleis aktiv i syndikalistisk presse. Frå 1939 busette han seg i Sverige der han arbeidde som journalist i *Arbetaren* og vart seinare utanriksredaktør i avisa.²⁹⁹ I reiseskildringa frå sumaren 1948 gir Rüdiger uttrykk for at forholda skapt av matmangelen ikkje ga grunnlag for korkje kulturell eller politisk verksemd i Tyskland. Det var ikkje berre konservativ og nazistisk presse som tok i bruk samanlikninga av kaloriinntaket i konsentrasjonsleirar og hos den tyske befolkninga, dette er til stades i denne skildringa:

Inför Nürnbergdomstolen påpekade nyligen en nazistisk försvarsadvokat att de normala ransonerna för koncentrationslägerinternerna i Tyskland, fränsett perioden omedelbart före sammanbrottet, var betydligt större än ”normalförbrukarnas” i 1948 års Tyskland. Den som formulerat ordet gjorde det i syfte att bedriva nazistisk propaganda; det värsta är emellertid att han har rätt och att antinazisterna endast kan besvara hans inlägg med allmänna historiska reflexioner som dock knappast verkar övertygande eller uppfostrande på svältande och undernärda människor.³⁰⁰

Rüdiger skreiv at ein slik samanlikning var ein del av nazistisk propaganda samstundes som det spegla stoda i etterkrigstid, men han problematiserte ikkje noko utover dette. Det er verdt å merke seg at slike samanlikningar vart brukt som språkleg verkemiddel i både konservative *Svenska Dagbladet*, nazistiske *Dagsposten* og syndikalistiske *Arbetaren*. Svensk offentlegheit vart kjend med tyske konsentrasjonsleirar gjennom omfattande publikasjonar om leirane og intervju med overlevande i sluttfasen av krigen. På grunn av den svenske Røde Kors-aksjonen med «dei kvite bussane», fekk svenske journalistar direkte kontakt med overlevande i Sverige, i tillegg til kontakt med frigjorde leirar i Tyskland.³⁰¹ Valet om å samanlikne kaloriinntaket til den tyske befolkninga i samtida med konsentrasjonsleirar slik som Bergen-Belsen i svensk presse etter krigen, er ikkje tilfeldig. Dette kan tolkast som eit medvite val og effektivt språkleg verkemiddel om å fremme tyske behov i etterkrigstid då det var omfattande matmangel og dårlege levevilkår. Samstundes er det problematisk å ta i bruk slike

²⁹⁹ Han skreiv under pseudonyma «Ivar Bergegren» og «H. Rodriguez». Rüdiger busette seg ikkje i Tyskland att etter krigen, men vart verande i Sverige til han døydde under eit besøk i Spania i 1966. For meir info sjå Syndikalisterna «Rüdiger, Helmut 1903-1966» (u.å.) <https://www.sac.se/Om-SAC/Historik/Biografier/R%C3%BCdiger,-Helmut-1903-1966>

³⁰⁰ *Arbetaren* 17.06.1948.

³⁰¹ Holmila 2011, s. 41.

samanlikningar basert på ein nazistisk utryddingspolitikk med ulike mål, innhald og metodar frå den allierte okkupasjonspolitikken.

Eit gjennomgåande tema i kjeldematerialet har vore fokuset på behovet for humanitær hjelp til Tyskland som eit ledd i den europeiske atterreisninga. Det var ikkje nokon oppmoding i svensk offentlegheit om kollektiv straff overfor den tyske befolkninga. Jörg Lindner har peikt på svenske reaksjonar til Tysklands-hjelpa der det var særst få negative og ekstreme meiningsytringar.³⁰² Med bakgrunn i kjeldene er det fremma ynskje om svensk humanitær innsats i Tyskland med demokratisk og kulturelt innhald.

5.2 Fordrivelsen: reaksjonar i Folkhemmet

Fordrivelsen av tyskarar frå Sentral- og Aust-Europa er framleis eit kontroversielt tema.³⁰³ Det vil difor vere særst nyttig å undersøke kjelder der reaksjonar kring hendinga vart uttrykt i svensk offentlegheit i samtida då hendinga vart gjennomført. Dette passar med mi tidsavgrensing for oppgåva som heilskap. Svensk flyktingpolitikk var særst restriktiv kring utbrotet av andre verdskrig. I perioden var ikkje dette eit enkelttilfelle i europeisk kontekst då fleire land handheva ein restriktiv immigrasjonpolitikk, men Sverige var særleg varsam med å binde seg til internasjonale flyktingavtalar.³⁰⁴ Ei innvandrargruppe som vart sterkt regulert av svenske styresmakter var sudettyskarane frå Tsjekkoslovakia. Til saman var denne gruppa på om lag 5000 personar, og emigrerte til Sverige mellom 1938 etter München-avtalen, til midten av 1950-talet.³⁰⁵ Fleirtalet av desse flyktingane kunne ikkje vende tilbake til heimlandet på grunnlag av politiske forhold og fordrivelsen. Med dette som bakgrunn, kva for reaksjonar var det i kjeldematerialet til sjølve fordrivelsen? Her vil det vere inkludert kjeldemateriale frå etter avgjerdene ved Potsdam-konferansen i august 1945, då fordrivelsen vart juridisk og politisk formalisert.

Var det forståing overfor styresmaktene som gjennomførte dette eller for tyskarane sjølve? Avisa *Arbetaren* var tidleg ute med kritikk overfor den tsjekkosllovakiske politikken.³⁰⁶ I

³⁰² Lindner 1988, s. 36.

³⁰³ Lowe 2013, s. 150.

³⁰⁴ Byström & Frohnert (red.) 2013, s. 17-18.

³⁰⁵ Tempsch 1997, s. 247.

³⁰⁶ Tempsch 1997, s. 117. Tempsch undersøker i doktorgradsavhandlinga *Från Centraleuropa till folkhemmet. Den sudettyska invandringen till Sverige 1938–1955*, den sudettyske innvandringa til Sverige og reaksjonane på

nokre reiseskildringar av utsendt korrespondent Walter Taub frå *Dagens Nyheter* frå august og september 1945, rett etter avgjerdene i Potsdam-avtalen kring fordrivelsen vart kjend, var det særst liten kritisk vinkling overfor forholda til tyskarane i Tsjekkoslovakia. Frå reiseskildringa av august, «Tjeckoslovaekiens nya stat byggs med amerikansk fart», var det inga dekning av den nye situasjonen til tyskarane i landet.³⁰⁷ Sjølv ikkje i reiseskildringa frå september, «Varulvar i Tjeckoslovakien med full sabotageutrustning», der korrespondenten vitja ein tidlegare tysk konsentrasjonsleir brukt til å internere tyskarar etter krigen, var det ikkje noko kritikk overfor tsjekkoslovakiske styresmakter. I teksten er det heller eit fokus på gode forhold for tyskarane i leiren og ikkje noko hat blant lokalbefolkninga og tidlegare konsentrasjonsleirfangar overfor tyskarane.³⁰⁸ I følgje Tempsch hadde blant anna avisene *Expressen* og *Göteborgs Handels- och Sjöfartstidning* liknande ukritiske artiklar der dei synte forståing for den tsjekkoslovakiske versjonen og grunngjeving for hendinga.³⁰⁹ Var ei slik forståing eit teikn på uvilje til å dekke tyske lidningar etter kva som vart gjort under krigen med tysk krigføring og okkupasjon? Slik det var nemnd ovanfor, var *Arbetaren* kanskje mest kritisk overfor den politiske utviklinga i Tsjekkoslovakia. I artikkelserien «Tjeckien efter Hitler» frå desember 1945, rapporterte avisa om veksande anti-semittisme, unyansert tysk-hat, nasjonalisme og «panslavisme».³¹⁰ I motsetnad til artiklane i *Dagens Nyheter*, synte desse reiseskildringane i *Arbetaren* forståing overfor situasjonen til tyskarane: «Det räknas som ett brott mot den tjeckiska nationalstaten att tillhöra en släkt, vars medlemmar under seklernas lopp bidragit till områdenas ekonomiska utveckling».³¹¹ I tillegg gjorde avisa eit skilje mellom nazistar og tyskarar med vekt på den sosialistiske påverknaden hos sudettyskarar:

Sudettyskar och ungrare, som i de flesta fall varit tjeckiska statsmedborgare sedan republikens födelse, skärs över samma kam som rikstyska nazister, Henleinfock och quislingar. [...] För de sudettyskar som tidigare och kanske mer aktivt än de flesta tjecker deltagit i kampen mot nazismen (i sin egenskap av socialister har de varit motståndare till all nazism) och därför skulle vara undantagsberättigade, görs det ännu

dette. Då Tempsch har hatt eitt fokus på reaksjonane til den sudettyske innvandringa til Sverige, ynskjer eg å utvide fokuset til reaksjonar i svensk offentlegheit kring fordrivelsen som heilskap.

³⁰⁷ *Dagens Nyheter* 14.08.1945.

³⁰⁸ *Dagens Nyheter* 20.09.1945.

³⁰⁹ Tempsch 1997, s. 116.

³¹⁰ Artikkelserien i *Arbetaren* vart utgitt 20.12.1945, 21.12.1945, 22.12.1945 og 24.12.1945.

³¹¹ *Arbetaren* 20.12.1945.

større svårigheter. De dømes kollektivt som tyskar, den individuelle prøvningen frå fall till fall är inte ens en illusion for deras vidkommande.³¹²

Kvifor framstilte *Arbetaren* og *Dagens Nyheter* det så ulikt? Ein mogleg årsak til dette kan vere koplinga mellom sudettyskarar og venstresida i både Sverige og Tsjekkoslovakia. Med dette sikter eg til det nære samarbeidet mellom dei sudettske sosialdemokratane og den svenske arbeidarrørsla med den sudettske innvandringa til Sverige før, under og etter krigen.³¹³ Slik det var nemnd tidlegare var denne innvandringa regulert av svenske styresmakter ut i frå ynskja kriterier for å passe godt inn i det svenske sosialdemokratiet.³¹⁴ Liberale *Dagens Nyheter*, i motsetnad til syndikalistiske *Arbetaren*, vektla heller mogleg handel mellom Sverige og Tsjekkoslovakia i artikkelen «Tjeckoslovaikiens nya stat byggs med amerikansk fart», og dekkja ikkje omfanget og påverknaden av fordrivelsen i utvalt kjeldemateriale. Dette er i tråd med Tempsch sine funn om presseopinionen kring sudettyskarane frå avslutninga på krigen til desember 1945 der visse liberale aviser skjønmalte tilstanden i landet, medan fyrst og fremst sosialdemokratiske aviser var kritiske til den nasjonalistiske politikken i Tsjekkoslovakia.³¹⁵ I tillegg til desse aspekta er det viktig å understreke den personlege rolla til Taub. Han var politisk flyktning i Sverige under krigen, og seinare Prag-korrespondent for *Dagens Nyheter*, og framstilte seg sjølv som sosialdemokrat. Men etter krigen tok han rolla som «tjeckisk nationalist».³¹⁶ I tillegg skreiv partnaren til Walter Taub, skodespelaren Lux Taub, liknande artiklar i *Expressen* som hadde ein tendens til å skjønmmale tilhøva for sudettyskarane i Tsjekkoslovakia i etterkrigstid.³¹⁷

Sudettyskarane som gruppe i Sverige var særleg politisk aktiv, og gjorde svensk publikum merksame på forholda i heimlandet ved å delta aktivt i svensk presse. Den sudettske sosialdemokratiske foreininga Treuegemeinschaft sudetendeutscher Sozialdemokraten (TG) hadde som føremål å oppretthalde kontakten mellom sosialdemokratiske sudettyskarar i Sverige, Norden og andre land. Især Karl Kern og Ernst Paul deltok med publikasjonar om

³¹² *Arbetaren* 21.12.1945.

³¹³ Om den svenske regjeringa frå Ekman, Toler & Åmark 2003, s. 224: «An interesting example is the Sudeten German immigration to Sweden that started during 1938, which illustrates how social democratic ministers and civil servants in the government offices acted more as a member of the Social Democratic Party than as representatives of the government, even given the fact that these roles could not be wholly kept separate».

³¹⁴ Den sudettske innvandringa til Sverige har i ettertid blitt omtalt som «vellykka», og noko av årsaken til dette kan vere på grunnlag av reguleringa gjort av svenske styresmakter og sudettske sosialdemokratar. Sjå Tempsch 1997, s. 257.

³¹⁵ Tempsch 1997, s. 122.

³¹⁶ Björk 1956, s. 20.

³¹⁷ Björk 1956, s. 20 og Tempsch 1997, s. 116.

stoda i Tsjekkoslovakia.³¹⁸ Kern var òg aktiv i den sosialdemokratiske avisa *Arbetet*. Paul var tidlegare partifunksjonær i det sudettyske sosialdemokratiske partiet, og flykta til Sverige i 1939.³¹⁹ Her vart han leiar av det sudettyske organisasjonen (TG), og denne posisjonen heldt han fram til han emigrerte til Vest-Tyskland i 1948.³²⁰ Slik som Willy Brandt, seinare forbundskanslar av Vest-Tyskland, og Bruno Kreisky, seinare kanslar av Austerrike, var Paul medlem av den «Internasjonale gruppa av demokratiske sosialister».³²¹

Andre reaksjonar vektla omfanget av fordrivelsen og dei uvisse følgjene for Tyskland og okkupasjonsmaktene. Samstundes synte dei forståing overfor styresmaktene som gjennomførte den tvungne befolkningsutvekslinga på grunnlag av tysk framferd i området under krigen. *Stockholms-Tidningen* omtalte deportasjonane og folkeforflytningane i ein leiarartikkel «De hemlösa miljonerna» frå august 1945, med bakgrunn i krigen som dei mest omfattande sidan folkevandringsepoken. Desse store rørsleane av flyktingar skapte uvisse, og avisa frykta for fleire år med tvungen befolkningsoverføringar og uro som følgje av desse. I denne samanhengen vart befolkningsoverføringa frå Tsjekkoslovakia nemnd: «och fördriva dem från det land, där deras fäder bott under snart tusen år».³²² Avisa presiserte at rolla til Sverige i samtida sitt mest påtrengjande og alvorlegaste problem var å ha ein generøs flyktningspolitikk og at «Här väntar en stor uppgift i mänsklighetens tjänst, och Sverige får, sina humanitära traditioner likmätigt, inte undandra sig den självklara plikten att efter förmåga bidra till dess lösning».³²³ Men sjølv om det var vist forståing kring verknadane av fordrivelsen av tyskarane, var det samstundes forståing kring motivasjonen til styresmaktene som gjennomførte befolkningsoverføringa. I ein annan leiarartikkel frå oktober 1945, «Den nya folkvandringens fälor», skreiv *Stockholms-Tidningen* blant anna om fordrivelsen av tyskarar frå Polen:

Polackerna har beslutat sig för att inte behålla någon farlig tysk minoritet inom de områden, som deras land skall få. Man förstår denna politiska tanke, och man förstår också att nazismens ohyggliga framfart i Polen skapat ett hat, som riktar sig mot hela den tyska nationen. Det vore hart när övermänskligt att begära, att polackerna skulle

³¹⁸ Tempsch 1997, s. 82, 117.

³¹⁹ Müssener 1974, s. 351, 509, 515.

³²⁰ Tempsch 1997, s. 82-83. Karl Kern busette seg ikkje i Tsjekkoslovakia etter krigen, Müssener 1974, s. 509.

³²¹ Lorenz 2013, s. 80 og Müssener 1974, s. 245, 515. «Den lille internasjonale» som gruppa òg vart kalla, var eit viktig forum for sosialistar frå okkuperte, nøytrale og allierte land (med unntak av Sovjetunionen). Fleire medlemmar av gruppa fekk etter 1945 sentrale politiske stillingar.

³²² *Stockholms-Tidningen* 12.08.1945.

³²³ *Stockholms-Tidningen* 12.08.1945.

etter allt de genomgått kunna se med fördragsamhet på det folk, som under så många år beundrat och hyllat historiens omänskligaste våldsregim. Men kvar står i alla fall det faktum, att det här är fråga om människor, vilkas medansvar för nidingdåden för det absoluta flertalets del endast kan kallas passivt...[...] Man kan inte, vilka berättigade känslor man än hyser mot en nation, gripa till åtgärder mot dess enskilda medlemmar, som hotar dem med förintelse.³²⁴

Om dei vanskelege forholda i sovjetisk okkupasjonszone på grunn av aukande antal flyktningar med bakgrunn i fordrivelsen, skreiv avisa «Vill de hålla dem kvar hos sig, är hungern ofrånkomlig. Vill de släppa dem vidare till västmakterna, spridas desorganisation och sjukdomar i deras zoner».³²⁵ Samstundes som det vart uttrykt forståing for polsk reaksjon mot tyskarane etter krigen, vart det konkludert med ei klar oppmoding til å finne ei løysing:

Skall det finnas en lösning, som räddar miljoner människors liv och hela vår världsdelen från farsoter och elände, måste den komma snart och genomföras med samma energi, som de segrande makterna lade i dagen under krigens svåraste perioder. Det här är också ett krig, och fienden är gemensam för allt folk.³²⁶

Slik det går fram av desse sitata frå *Stockholms-Tidningen*, ga avisa uttrykk for sympati med den politiske, og moralske, motivasjonen bak avgjerda om tvungen befolkningsoverføring av tyskarane frå Polen. Likevel går det fram av sitata at situasjonen og ei mogleg løysing kring dei fordrivne vart knytt opp til tilstanden til resten av verdsdelen. Avisa argumenterte òg for at rolla til fleirtalet etniske tyskarar busett i Polen under nazistisk okkupasjon hadde vore passiv, og at denne gruppa «alltså inte står under tilltal, än mindre dömts till straff».³²⁷ Dette kan tolkast i retning av at sjølv om det vart uttrykt forståing kring motivasjonen bak fordrivelsen, var ikkje avisa overtydd om kollektivskuldtesen retta mot tyskarane. Hos konservative *Svenska Dagbladet* var dekninga i kjeldematerialet av fordrivelsen meir negativ enn hos andre. Vanlegvis var avisa særst støttande til Tyskland og hadde stor merksemd kring stoda i landet i etterkrigstid.³²⁸ Men i reiseskildringar frå København og den dansk-tyske grensa frå 1945 og 1947, var flyktningane frå aust sett på som eit omfattande problem, og nærmast som ein trussel for den dansk-tyske grensa og det som vart omtalt som ein dansk minoritet i

³²⁴ *Stockholms-Tidningen* 15.10.1945.

³²⁵ *Stockholms-Tidningen* 15.10.1945.

³²⁶ *Stockholms-Tidningen* 15.10.1945.

³²⁷ *Stockholms-Tidningen* 15.10.1945.

³²⁸ Östling 2001, s. 3-25.

Schleswig-Holstein.³²⁹ I desse tekstane er det vektlagt utsegn frå politiske aktørar frå danske styresmakter, og det vart difor fremma ein dansk ståstad i større grad enn dei tyske flyktningane. Her var det særleg fokus på den dansk-tyske grensa. Schleswig-Holstein var under britisk okkupasjonskontroll, og hadde utfordringar knytt til det høge talet av fordrivne i forhold til lokalbefolkninga.³³⁰ Delstaten hadde det største talet på flyktningar i forhold til lokalbefolkninga i dei vestlege okkupasjonssonene. Til dømes auka folketalet med 67 prosent frå mai 1939 til oktober 1946.³³¹ *Svenska Dagbladet* skreiv at den tyske masseflykta frå aust var med på å skape ein heilt ny situasjon i området.³³² Dette synet var avisa ikkje åleine om; frå brosjyre-serien *Världspolitikens dagsfrågor* utgitt av instituttet for utanrikspolitikk uttrykte Troels Fink at situasjonen i området vart forverra på grunn av aukinga av talet på aust-tyske flyktningar.³³³ Vidare i *Svenska Dagbladet* vart det fremma påstandar om at flyktningane dominerte området og hadde ei aggressiv haldning, og at dette påverka spørsmålet om grensa:

Tvärtom tycks danska regeringens förklaring ”gränsen ligger fast” på tyskt håll ha belönats med ett systematiskt infiltrerings- och undermineringsarbete, som tar sikte på dels att bygga ett nytt Ostpreussen vid Nordens sydgräns, dels att så småningom flytta gränsen norrut.³³⁴

Om den vidare tvangsforflytninga frå Aust- og Sentral-Europa skreiv avisa at det var sær sannsynleg at den amerikanske og britiske okkupasjonssona kom til å ta inn flest fordrivne, og at «...man måste också räkna med att landskapet översvämmas av människor från Tysklands typiska oroscentra, folk som äro inställda på aggressiv gränspolitik».³³⁵ Hos *Svenska Dagbladet* er framstillinga av dei fordrivne prega av situasjonen i Schleswig-Holstein, då det vart gjort ei kopling mellom ei auking i talet på tyske flyktningar og det som vart omtalt som ein «tysk ekspansjon» med tanke på den dansk-tyske grensa. I tillegg ynskjer eg å trekkje

³²⁹ Reiseskildringane vart publisert i *Svenska Dagbladet* 06.10.1945, 13.10.1945 og 15.10.1945 av avisa sin utsendte medarbeidar, og 14.01.1947 av København-korrespondenten.

³³⁰ Graham-Dixon 2013, s. 128.

³³¹ Graham-Dixon 2013, s. 131.

³³² *Svenska Dagbladet* 06.10.1945.

³³³ Fink 1948, s. 13. Denne brosjyre-serien av instituttet for utanrikspolitikk (UI) skulle «bedriva saklig opplysning i utrikespolitiske frågor utan tendens i någon riktning». Men sjølv om UI skulle fungere som uavhengig institusjon, var brosjyre-serien produsert blant anna av akademikarar, og det er viktig å sjå etter kva tema som vart utvalt. Sjølv om ein kan hevde at forskinga er «objektiv», er forskinga og utvalet av dette eit bevisst val. Då denne serien hadde berre om lag 10 publikasjonar per år, vil utvalet av tema seie oss noko om kva som vart prioritert som viktige og avgjerande i samtida.

³³⁴ *Svenska Dagbladet* 13.10.1945.

³³⁵ *Svenska Dagbladet* 13.10.1945.

fram årstalet for fleirtalet av desse publikasjonane; nemleg 1945. Dette var kort tid etter det tyske nederlaget, og det var sterke kjensler kring straff og hemn overfor den tyske befolkninga. Ut i frå formuleringane slik som at menneske frå typiske, tyske områder for uro var «innstilt» på aggressiv grensepolitikk, kan dette tolkast som uttrykk for ein tankegang der tyskarar hadde særeigne eigenskapar. Men konservative organ avviste tankesettet til Vansittart kring den tyske befolkninga.³³⁶ Framstillinga av tyske flyktningar frå «Tysklands typiska oroscentra» kan stamme frå den turbulente stoda før krigen då det var ein uavklart relasjon mellom tyske minoritetar utanfor nasjonalstaten Tyskland. Dette var særleg tilfellet med Tsjekkoslovakia då ordninga etter fyrste verdskrig skapte politisk uvisse med sudettyskarar i den tsjekkoslovakiske staten og nazistisk ekspansjonspolitik. Ein anna faktor til formuleringa kan vere tidlegare dansk-tyske relasjonar med prøyssisk overtaking av Schleswig-Holstein på 1800-talet.

Det vart publisert meir nyansert om flyktningane i *Svenska Dagbladet*. Historikaren Nils Ahnlund skreiv i «De fördrivna» frå november 1949, at fordrivelsen ikkje berre var ei tysk sak. Ved samanlikning av liknande historiske hendingar, slik som den gresk-tyrkiske folkeutvekslinga etter Lausanne-avtalen av 1923, trekk Ahnlund fram skilnadane ved desse og fordrivelsen ved at sistnemnde hending var meir kaotisk og prega av panikk for dei involverte. Forfattaren av teksten er òg meir sympatisk overfor desse flyktningane, og tar i bruk samanlikningar med svenske forhold for å fremme rekkevidda av hendinga.³³⁷ Dei ulike framstillingane i *Svenska Dagbladet* av dei tyske flyktningane frå Aust- og Sentral-Europa kan ha grunnlag i tid og rom. Med rom så sikter eg til at Ahnlund skreiv om fordrivelsen som heilskap, medan reiseskildringane var frå Danmark og den dansk-tyske grensa. Desse skildringane vektla den danske ståstaden og vinkla flyktningane negativt, og dei fleste av desse var frå 1945. Fram til 1949 hadde det vore endringar kring synet på skuld og straff overfor den tyske befolkninga generelt, og dette kan ha påverka framstillinga av dei tyske flyktningane.

Fordrivelsen av tyskarar frå Aust- og Sentral-Europa skapte fleire sosiale, politiske og økonomiske utfordringar for okkupasjonsmaktene og lokalbefolkninga. Ved ei slik kompleks og omfattande hending som dette var, skapte det særleg problem med integrering av dei fordrivne i det tyske samfunnet i tidleg etterkrigstid. Fordrivelsen som hending har blitt brukt

³³⁶ Östling 2001, s. 3-25.

³³⁷ *Svenska Dagbladet* 01.11.1949.

til å skape ei offer-forteljing blant tyskarane sjølve, der skulda og ansvaret for det nazistiske regimet og okkupasjon vart satt i bakgrunnen. Slik det vart vist gjennom reiseskildringane frå Tyskland i kapittel 3, syntte ikkje tyskarane noko form for skuld eller anger for okkupasjon og krigsbrottsverk. Hendinga vart òg brukt som, og blir framleis det av nokon, til å argumentere for ei attervending til dei tidlegare områda.³³⁸ Om utfordringane ved dei fordrivne i Tyskland, skreiv til dømes *Arbetaren* at desse som gruppe var særleg mottakeleg for ekstreme haldningar.³³⁹ Det var ei oppfatning om at desse flyktingane kunne «infisere» resten av befolkninga om ikkje det vart ei avgjerd kring problemet:

Hela flyktingmassan är också den värsta härd för nationalistiska känslor och tendenser; dels finner de sitt uttryck i längtan tillbaka till Tysklands ”stora” tid och onyanserat hat mot alla allierade, dels i nya former av väst- och östorienterade maktpolitiska nationalistiska drömmar.³⁴⁰

Dei vanskelege sosiale forholda for dei tyske flyktingane i Tyskland vart òg tatt opp av *Svenska Dagbladet* i «De fördrivna» av Nils Ahnlund. Han skreiv at assimileringa med samfunnet og arbeidslivet gjekk langsamt, og han trakk fram den kulturelle spennvidda i det å vere «tysk»: «Främlingarna äro visserligen tyskar, men tysk är ett minst lika vidsträckt begrepp som skandinavisk».³⁴¹

5.3 Sverige: eit demokratisk og humanitært «ljusglimt»?

Innan temaa svensk debatt om humanitær hjelp til Tyskland og reaksjonar i svensk offentlegheit til fordrivelsen, er førestillingar om rolla til det demokratiske og humanitære Sverige til stades i kjeldematerialet. Føremålet med dette er å undersøke nærare heilskapen i førestillingane om Sverige som humanitær og demokratisk nasjon, og rolla til landet i atterreisninga av Tyskland. I denne samanhengen vart det vist til tidlegare svenske humanitære tradisjonar og plikta til å hjelpe. *Stockholms-Tidningen* fremma eit syn der Sverige hadde ei plikt til å lindre nauda «var man än finner den», sjølv om dette var i Tyskland.³⁴² I kjeldematerialet var det ei vektlegging av svensk humanitær innsats i Tyskland. Til dømes var

³³⁸ Fure 2001, s. 249.

³³⁹ *Arbetaren* 30.06.1948 og 21.07.1949.

³⁴⁰ *Arbetaren* 30.06.1948.

³⁴¹ *Svenska Dagbladet* 01.11.1949.

³⁴² *Stockholms-Tidningen* 07.10.1945.

dette i reiseskildringane frå *Stockholms-Tidningen* av Christer Jäderlund der innsatsen av personell frå svensk Røde Kors i Tyskland vart skildra som eit «ljusglimt».³⁴³ Frå same avis vart det sikta til svenske humanitære tradisjonar og plikta til å hjelpe i tilknytning til utfordringa med fordrivelsen av tyskarar frå Aust- og Sentral-Europa. Avisa oppmoda difor om ein generøs svensk flyktningpolitikk.³⁴⁴ Kva kan ei slik framstilling vere uttrykk for? Og kva var føremålet med denne? Framheving av svensk humanitær innsats kan bli sett i samanheng med plikta til å hjelpe som ei følgje av nøytralitetspolitikken under krigen. Mykje av argumentasjonen i kjeldematerialet omhandla nettopp dette. Funn av Holmila peiker på ei vektlegging av rolla til svensk humanitær hjelp i intervju med overlevande frå konsentrasjonsleirar. På denne måten fekk Sverige eit visst moralsk overtak.³⁴⁵ Humanitær hjelp og småstatsrealismen kan bli knytt opp til kvarandre slik:

Sweden's humanitarian efforts in war-torn Europe were emphasised, a proud and important tradition which continued in the reconstruction of the continent after 1945 and in an ever-increasing international commitment in the 1950s and 1960s. In a curious but significant way, Swedish small-state realism could be smoothly combined with a kind of *small-state idealism*, where Sweden, as a neutral and peaceful democracy could act on the international scene.³⁴⁶

Ved å framheve svensk innsats kunne ein skape «goodwill» overfor det internasjonale samfunnet. Slik det går fram av sitatet ovanfor kunne svensk rolle i ein internasjonal samanheng vere på grunn av nøytralitetspolitikken og som demokratisk nasjon. Knytt opp til dette er det klare føringar i kjeldematerialet med formuleringar om svensk innsats i den åndelege og demokratiske atterreisninga av Tyskland. *Dagens Nyheter* vektla forslag der det vart arrangert studietur til Sverige for tyske ungdomar med føremålet om å lære kva demokrati «eigentleg er».³⁴⁷ Ein kan tolke slike formuleringar i retning av at det var klare tankar om kva Sverige som demokrati kunne bidra med i den tyske atterreisninga. I tillegg kan dette vere uttrykk for ei førestilling der Sverige var kanskje mest eigna til å bidra med den demokratiske etterreisninga. Slike studieturar var ikkje berre organisert av Sverige, men òg av andre vestallierte land. Dette vart vurdert som ein metode i å demokratisere det tyske

³⁴³ *Stockholms-Tidningen* 14.04.1946.

³⁴⁴ *Stockholms-Tidningen* 12.08.1945.

³⁴⁵ Holmila 2011, s. 46, 49.

³⁴⁶ Stenius, Österberg & Östling (red.) 2011, s. 129.

³⁴⁷ *Dagens Nyheter* 11.01.1947.

samfunnet.³⁴⁸ Studieturar og kurs vart blant anna organisert av samarbeidskomiteen for demokratisk oppbygnadsarbeid (SDU), og denne verksemda haldt organisasjonen fram med i eit stort omfang til 1951 då dette vart avslutta.³⁴⁹ Den svenske velferdsstaten vart vurdert av svenske politikarar som godt eigna som samfunnsmodell for andre demokrati. Det var førestillingar om at ein konfrontasjon mellom aust og vest kunne bli unngått om andre demokratiske land implementerte svensk samfunnsmodell.³⁵⁰ Internt i Sverige var det eit særleg fokus på demokrati i utdanning og debatt kring dette på 1940-talet. I etterkrigstid vart erfaringar med totalitære erfaringar, med særleg vekt på nazismen, brukt i debatten for å fremme styrking av det politiske demokratiet.³⁵¹

5.4 Konklusjon

Gjennom undersøkingar av den svenske debatten om humanitær hjelp til Tyskland og reaksjonar i svensk offentlegheit til fordrivelsen i undersøkingsperioden 1945 til 1949, har dette resultert i ein meir djuptgåande framstilling av temaa. I tidlegare forskingslitteratur har fokuset sentrert kring reaksjonar til konkrete hjelpetiltak og verksemder, medan mitt fokus med debatt og reaksjonar i svensk offentlegheit gir betre innblikk i heilskapen kring svenske tiltak og atterreisinga av Tyskland.

Det var stor semje om humanitær hjelp til Tyskland i etterkrigstid. Sjølv om det var uttrykt forståing for at Tyskland ikkje vart prioritert etter nederlaget på grunn av tysk krigføring og okkupasjon, endra dette seg i løpet av undersøkingsperioden. Både tidlegare forskingslitteratur og kjeldematerialet syner ei prioritering av behovet for humanitær hjelp og anna støtte til Tyskland i etterkrigstid. Som heilskap var ikkje svensk offentlegheit overtydd over kollektivskuldtesen overfor den tyske befolkninga og knytt til fordrivelsen. Samstundes vart det uttrykt forståing for den politiske grunngevinga og motivasjonen for hendinga. I motsetnad til debatten om humanitær hjelp til Tyskland var det mindre engasjement om fordrivelsen i svensk offentlegheit. Framstillingar om dei tyske flyktningane som «aggressive» og særleg innstilt for ekspansjon og konflikt vart tatt i bruk. Ein slik argumentasjon kan stå i samanheng med tidlegare historiske døme der tyske områder har

³⁴⁸ Lindner 1988, s. 45.

³⁴⁹ Lindner 1988, s. 171.

³⁵⁰ Nehlin 2009, s. 20.

³⁵¹ Östling 2008, s. 158, 172.

gjennomført ekspansjon gjennom krigføring og konflikter med bakgrunn i den uavklarte relasjonen mellom tyske minoriteter utanfor nasjonalstaten Tyskland. Minoritetsspørsmålet i dei nye nasjonalstatane grunnlagt etter fyrste verdskrig, slik som Polen og Tsjekkoslovakia, vart sett på som ein medverkande årsak til utbrotet av andre verdskrig, og «løysinga» til dette var å gjennomføre befolkningsoverføringar. Slik eg tolkar det kan forståinga overfor styresmaktene som gjennomførte fordrivelsen vere uttrykk for to faktorar: forståing for hemnaspektet ved hendinga utan å støtte kollektivskuldtesen fullt ut og at det kunne fungere som ei løysing på eit aspekt ved «det tyske problemet». Med dette sikter eg til at fordrivelsen ville avslutte den uavklarte relasjonen mellom Tyskland og tyske minoritetar, og at det truleg vart vurdert som naudsynt å gjennomføre fordrivelsen for å unngå vidare konflikter.

I samanheng med humanitær hjelp og skildringar av dei sosiale forholda i Tyskland i etterkrigstid, har kontrast vore nytta som eit språkleg verkemiddel. Gjennom samanlikningar av stoda i Sverige og Tyskland i samtida har kontrasten mellom desse landa blitt eit effektivt verkemiddel til å fremme behovet for hjelp i Tyskland. Ein kan tolke det i retning av at ved å bruke slike kontrastar stadfesta ein nærmast behovet for svensk hjelp i atterreisninga av Tyskland. Slike ulikskapar mellom det nøytrale og velstående Sverige og eit Tyskland i ruiner kom særleg fram i reiseskildringane. Reiseskildringar som sjanger gjorde ulikskapane tydelegare ved svensk møte med Tyskland i etterkrigstid.

6. Tyskland mellom fortid og framtid: lærdomar frå tysk historie, 1944-1949

Diskusjonen om ordninga av Tyskland i dei næraste etterkrigsåra var forma av refleksjon kring tysk historie og nasjonalsosialismen, og samanhengen mellom desse. Kva skulle «Tyskland» innebere etter krigsbrottsverk og konsentrasjonsleirar? Hovudsakleg var forståinga todelt der nasjonalsosialismen kunne bli tolka som eit historisk avvik frå tysk historie eller som ein grunnleggjande del av denne.³⁵² Forståinga og tolkinga av nazismen var viktig i debatten om ordninga av Tyskland. Synspunkt kring skuld og straff overfor den tyske befolkninga, og korleis denne skulle bli behandla, var forankra i korleis ein tyda nazismen. I tilknytning til dette var bruken av historiske lærdomar ein sentral del av diskusjonen og argumentasjonen om ei tysk ordning. Korleis vart dette uttrykt i svensk offentlegheit i perioden 1944 til 1949? Tidlegare emne i oppgåva har omhandla politiske, økonomiske, sosiale og humanitære aspekt ved «det tyske problemet» og ordninga av Tyskland. Føremålet med eit fokus på tydinga av nazismen og bruk av historiske lærdomar i svensk offentlegheit er å undersøke nærare forståinga diskusjonen og forslaga om framtida til Tyskland vart vurdert ut i frå. Det er ikkje mogleg å gjengi den tyske og internasjonale skulddebatten frå etterkrigstida innan rammene for dette kapittelet, men intensjonen er heller å undersøke korleis syn på det framtidige Tyskland vart vurdert i samheng med oppfatningar om det historiske Tyskland i svensk offentlegheit i perioden. Struktura på kapittelet blir todelt der forståing av nazismen knytt opp til skuld og straff blir følgt av bruken av tysk og europeisk historie som samanlikningsgrunnlag for ei framtidig ordning.

6.1 Nazismen: frå Bismarck til Hitler?

Diskusjonen i etterkrigstid om årsaker til nazismen og rolla til den tyske befolkninga kan illustrerast med eit sitat av Vilhelm Scharp frå «Vad visste tyskarna? – och vad visste de andra?» frå *Dagens Nyheter*:

Det gäller om dem vad Jeppe på berget säger om sig själv i Holbergs tragikomedi:
Alla säger att Jeppe dricker, men ingen säger varför Jeppe dricker – alla säga:
Förbannade tyskar! men ingen frågar: Hur blevo de sådana?³⁵³

³⁵² Olick 2005, s. 157.

³⁵³ *Dagens Nyheter* 16.08.1945.

Slike spørsmål og drøftingar kring føresetnadane til nasjonalsosialismen var til stades i krigstid i allierte land, til dømes meiningsutvekslinga mellom lord Vansittart og Victor Gollancz i Storbritannia. Synspunkt om omfanget av nazismen i den tyske befolkninga vart knytt opp til straffeprosessen i etterkrigstid. Eit sentralt aspekt i denne samanhengen var om det vart gjort eit skilje mellom tyskarar og nazistar, mellom individuell og kollektiv skuld. Frå kapittel 3 med skildringane frå dei tyske okkupasjonssonene vart manglande skuld og ansvar hos den tyske befolkninga formidla til eit svensk publikum. Matmangel og dårlege levevilkår fekk merksemda hos tyskarane sjølve. Den tyske skulddebatten var i endring i etterkrigstida som følgje av den polariserande okkupasjonspolitikken mellom stormaktene, og frå 1947 vart dette tydelegare.³⁵⁴ I tillegg til å skape nye nasjonale identitetar og spørsmål om deling og gjenforeining var relasjonen med den næraste fortida eit sentralt aspekt i dei to tyske statane.³⁵⁵ Innhaldet i skuldspørsmålet hadde fått ulik tyding i sovjetisk okkupasjonszone og i dei vestallierte sonene. Den vest-tyske staten aksepterte ansvaret for krigsbrottsverka til det nazistiske regimet, medan Aust-Tyskland avviste tanken om kontinuitet med Tyskland før 1945.³⁵⁶

I svensk offentlegheit vart tyske bidrag i skulddebatten diskutert. Namn som Karl Jaspers, Friederich Meinecke og Wilhelm Röpke vart diskutert. Röpke, som seinare skulle bli ein sentral rådgivar for det nyoppretta Vest-Tyskland, fremma synspunktet der den tyske befolkninga var det fyrste offeret for nasjonalsosialismen.³⁵⁷ I «Tysklands skuld och olycka» i *Stockholms-Tidningen* vart boka *Die deutsche Frage* av Röpke drøfta. Bokmeldinga av Alarik Roos var særleg positiv overfor synspunkta til Röpke. I boka samanlikna Röpke metodane brukt av Bismarck i samlinga av Tyskland med Hitler og peika på Bismarck og Preussen som føresetnadar til nazismen.³⁵⁸ I bokmeldinga vart dette spegla med formuleringa: «Tiden för karteller, monokapitalism och imperialism var inne. Det gamla reaktionära Preussen trädde fram, nu omfattande hela Tyskland».³⁵⁹ Frå nokre bidrag av *Svenska Dagbladet* vart rolla til «det andre Tyskland» understreka. Röpke vart omtalt som «emigrant av tidigt datum» i «Sakens andra sida» frå 1947.³⁶⁰ Frå «Meinecke om Tysklands katastrof» skreiv professor

³⁵⁴ Eberan 2002, s. 265.

³⁵⁵ Fulbrook 1991, s. 291.

³⁵⁶ Bark & Gress 1993, s. xli-xlii.

³⁵⁷ Olick 2005, s. 163-164.

³⁵⁸ Röpke 1946, s. 151-181.

³⁵⁹ *Stockholms-Tidningen* 28.02.1946. Roos var positiv overfor Röpke, til dømes: «Det är mycket troligt att det är den bästa undersökning som över huvud finns av den tyska frågan».

³⁶⁰ *Svenska Dagbladet* 03.04.1947.

Aage Friis om skulda og barbariet til den nazistiske leiinga gjennom dokumentasjon i Nürnbergprosessen, og det vart understreka at: «vi måste också ha full klarhet i hur hög grad ”det gamla Tysklands” bästa krafter stryptes under de mörka åren».³⁶¹ Mykje av forståinga av nazismen i etterkrigstida var at dette var fyrst og fremst eit tysk fenomen der den tyske befolkninga var det fyrste offeret for det nazistiske regimet.³⁶² Var eit fokus i svensk offentlegheit på tyske emigrantar, «det andre Tyskland» og historiske aktørar med på å skape distanse til det nazistiske regimet for den tyske befolkninga? Ved å til dømes understreke rolla til Röpke som emigrant, var dette med på å legitimere stillinga til aktørar som vart rekna som ein del av «det andre Tyskland» i den framtidige ordninga av landet?

Vidare i kjeldematerialet vart historiske omstende brukt som forklaringar til framveksten av nazismen, og kjennskap til utryddingspolitikken vart problematisert. Som nemnd ovanfor skreiv Vilhelm Scharp «Vad visste tyskarna? – och vad visste de andra?» i *Dagens Nyheter*. Etter krigen var Scharp aktiv i samarbeidskomiteen for demokratisk oppbygnadsarbeid (SDU) som formidla demokrati etter svensk mønster i Tyskland.³⁶³ I artiklane utgitt i august 1945 tok han til orde for at «det tyske problemet» hadde særeigne politiske, historiske og sosiale føresetnadar som var «i grund och botten artschilda från vad vi kan kalla ”västerländsk kultur”». ³⁶⁴ Ordninga etter fyrste verdskrig var i følgje Scharp ein avgjerande faktor for utviklinga i Tyskland, og han vurderte Sverige som eigna til å delta i den tyske, demokratiske atterreisinga.³⁶⁵ I artiklane gjer han eit skilje mellom den tyske befolkninga og den «nazistiske illdåden».³⁶⁶ Scharp problematiserer kva den tyske befolkninga kunne vite om utryddingspolitikken til det nazistiske regimet med å stille spørsmål kring kva det ville seie å «vite». Han understreka at om ikkje det frie og nøytrale Sverige hadde nok tilgang til informasjon og «fortrengte» kunnskap, korleis kunne då den tyske befolkninga under diktatur, terror, propaganda og sensur ha nok kjennskap til hendinga?³⁶⁷ Scharp formidla ein distanse mellom den tyske befolkninga og det nazistiske regimet. Tidlegare svensk forskingslitteratur har fokusert på det moralske aspektet ved svensk presse under andre verdskrig og kunnskap om Holocaust i samtida.³⁶⁸ Innhaldet i «Holocaust» i notid er prega av vår forståing og

³⁶¹ *Svenska Dagbladet* 14.03.1947.

³⁶² Olick 2005, s. 163.

³⁶³ Björkman, Lundell & Widmalm (red.) 2016, s. 34.

³⁶⁴ *Dagens Nyheter* 18.08.1945.

³⁶⁵ Björkman, Lundell & Widmalm (red.) 2016, s. 45.

³⁶⁶ *Dagens Nyheter* 16.08.1945.

³⁶⁷ *Dagens Nyheter* 16.08.1945.

³⁶⁸ Sjå til dømes Andersson & Tydén (red.) 2007 med *Sverige och Nazityskland. Skuldfrågor och moraldebatt*.

kunnskap om hendinga, og når ein vurderer diskusjonen i etterkrigstid er merksemd kring denne ulikskapen viktig slik at vår vurdering i notid ikkje formar tolkinga av forståinga i samtida.³⁶⁹ Spørsmål om tilgang til informasjon om hendinga vart knytt opp til diskusjonen om skuld og straff i etterkrigstida.

Andre bidrag frå *Dagens Nyheter* vektla historiske omstende som årsak til framveksten av nazismen og utviklinga i Tyskland.³⁷⁰ Tysk historie, særleg frå Bismarck og frametter, vart framstilt som ein sentral faktor i forklaringa av det nazistiske regimet. Sjølv om leiarartikkelen «Tyska folkets skuld och ånger» trekk fram visse tradisjonar og ideologiar som ein del av utviklinga i Tyskland, avviste avisa tanken på arvelege og særeigne eigenskapar hos den tyske befolkninga: «en skillnad måste göras mellan tyskar och tyskar – mellan tyskar och nazister. Även de människor som i princip förnekar denna skillnad erkänner den i praktiken; eljest skulle de behandla alla tyskar som förbrytare».³⁷¹ I ein annan leiarartikkel, «Det andra Tyskland», var den viktigaste føresetnaden for endringar i Tyskland den økonomiske krisa i mellomkrigstida. I staden for særeigne eigenskapar hos tyskarane vart enkelte autoritære tradisjonar utpeikt som grunnlag for den nazistiske maktovertakinga då «det är svårt att tänka sig att exempelvis engelsmän och amerikaner skulle ha böjt sig lika fogligt».³⁷²

På lik linje som *Dagens Nyheter*, vurderte både *Arbetaren* og *Svenska Dagbladet* tysk historie som føresetnad for hendingane i Tyskland på 1900-talet. *Arbetaren* framheva i leiarartikkelen «Ett experiment i decentralism» frå august 1945, tysk sentraliserings- og samlingsprosessen på slutten av 1800-talet som avgjerande for at Tyskland vart ein trussel for resten av omverda.³⁷³ Tyske, historiske aktørar vart trekt fram som direkte årsak til den seinare utviklinga: «Utan det bismarckska enhetsverket hade de senaste sjuttiofem årens historia fått en helt annan och sannolikt betydligt fredligare karaktär än vad fallet nu blivit. Utan kejsar Wilhelms Tyskland hade världskriget nummer ett aldrig gått av stapeln».³⁷⁴ Hitler fullførte denne sentraliseringa, og i følgje avisa hadde det ikkje vore noko grunnlag for den nazistiske politikken om endringar i den administrative og politiske utforminga i forbundsstaten hadde

³⁶⁹ Björkman, Lundell & Widmalm (red.) 2016, s. 35 og Åmark 2016, s. 269.

³⁷⁰ *Dagens Nyheter* 09.08.1949 og 11.08.1949.

³⁷¹ *Dagens Nyheter* 09.08.1949.

³⁷² *Dagens Nyheter* 11.08.1945.

³⁷³ *Arbetaren* 10.08.1945.

³⁷⁴ *Arbetaren* 10.08.1945.

blitt unngått.³⁷⁵ Tidlegare grunnlag for tysk demokrati vart framstilt som svakt, og sjølv om sigermaktene hadde avvikla den prøyssiske delstaten var ikkje Preussen berre eit geografisk omgrep, men òg ein mentalitet.³⁷⁶ Frå «Finis Borussiae» i *Svenska Dagbladet* vart rolla og «undergangen» til delstaten i Tyskland på 1930-talet framstilt som ein allianse med nasjonalsosialismen.³⁷⁷ Tidlegare hadde avisa uttrykt i leiaren «Vad Hitler gjort» at det tyske nederlaget i fyrste verdskrig og fattigdomen i mellomkrigstida skapte grunnlag for både kommunismen og nazismen i Tyskland.³⁷⁸

Liknande argument vart fremma av dei tyske emigrantane Brandt og Friedländer. Dei vurderte særleg sosiale forhold som føresetnad for den nazistiske maktovertakinga, og dette var i motsetnad til «vansittartismen». Brandt var ikkje samd i at alle tyskarar hadde blitt nazistar, og stilte spørsmål om det var fruktbart å halde ved kollektivskuldtesen overfor den tyske befolkninga med bakgrunn i handlingane til regimet:

I så fall skulle eksempelvis det engelska folket vara ansvarigt för Chamberlains stöd åt Hitlers krigsforberedelser. Man kommer inte så långt genom att fastslå att ungrarna bär kollektivt ansvar för Horthys, italienarna för Mussolinis och rumänerna för Antonescus politik.³⁷⁹

Friedländer viste til stoda etter fyrste verdskrig saman med faktorar som moralsk oppløysing som følgje av inflasjonen, massearbeidsløyse og proletariseringa av middelklassen som årsak til endringane i Tyskland. I denne samanhengen fremma han argument om at det var ikkje heile den tyske befolkninga som vart utsatt for denne endringa, men heller leiinga.³⁸⁰ Representantane for det nazistiske regimet var den «hårskande klass» til nasjonalsosialistane og den unge generasjonen med oppvekst i det nazistiske samfunnet. Den prøyssiske militarismen vart vurdert som ein arveleg belastning for Tyskland. Om skulda til den tyske befolkninga oppfatta han det slik: «De är offer för sin historia och skyldiga genom sina gärningar. [...] Men man kan inte göra den enskilde ansvarig för ett folks historia».³⁸¹

³⁷⁵ *Arbetaren* 10.08.1945.

³⁷⁶ *Arbetaren* 07.07.1949.

³⁷⁷ *Svenska Dagbladet* 10.04.1947.

³⁷⁸ *Svenska Dagbladet* 02.06.1945.

³⁷⁹ Brandt 1944, s. 213-214.

³⁸⁰ Fridén 1944, s. 114-115.

³⁸¹ Fridén 1944, s. 86-89.

I kjeldematerialet har forklaringar til framveksten av nazismen omhandla historiske omstende med politiske, sosiale og økonomiske faktorar. Bismarck og Preussen vart framheva som sentrale aktørar for framveksten. Andre forklaringar brukt utanfor Sverige var å forklare røtene til nazismen med bakgrunn i Martin Luther. Luther vart diskutert både i Tyskland og dei allierte landa i åra etter krigen. Andre kjende tyske personar vart knytt opp til skulddebatten og framveksten av nazismen, var til dømes: Goethe, Kant, Wagner og Nietzsche.³⁸² Tankar om å gjennomføre kollektiv straff og skuld overfor den tyske befolkninga er ikkje til stades i svensk offentlegheit. Den svenske skulddebatten var annleis frå den tyske då det i følgje Johan Östling berre var to forklaringar som representerte svensk offentlegheit. I den tyske skulddebatten var det forklaringar til nazismen frå arvelege eigenskapar i den tyske nasjonalkarakteren, prøyssisk militarisme til Antikrist og kulturkrise.³⁸³ Den dominerande forklaringa i svensk offentlegheit var i følgje Östling at nasjonalsosialismen var eit uttrykk for ein militaristisk grunntanke typisk for Tyskland med røter i den prøyssiske delstaten. Den andre forklaringa var tysk historie med særigne tradisjonar ulikt frå resten av Europa hadde gjort det mogleg med eit nazistisk regime. I tillegg var det ei tredje forklaring som framstilte nazismen som ein sjukdom, men i svensk samanheng var denne nesten berre metaforisk i følgje Östling.³⁸⁴ Dei to fyrste forklaringane er tydeleg til stades i kjeldematerialet der det militaristiske Preussen var årsak til nasjonalsosialismen og Tyskland som trussel for omverda, og tysk historie som annleis frå den europeiske. I tidlegare kapittel om reiseskildringar frå Tyskland tok svensk presse i bruk skildringar av den tyske befolkninga som sjukleg. I reiseskildringane der svensk presse møter Tyskland blir nazismen forklart som ein sjukdom, og dette tolkar eg som ein tredje forklaring til nazismen brukt av svensk offentlegheit. Dette er i tråd med funn av Holmila om korleis svensk presse forklarte fenomenet. Ulikt frå Vansittart var difor ikkje «sjukdomen» ein arveleg og særigen eigenskap, men heller at den tyske befolkninga kunne bli «frisk».³⁸⁵ Kva for inntrykk av den tyske befolkninga resulterte dette i? Kunne ei slik forklaring forsterke

³⁸² Eberan 2002, s. 152, 166-167, 181, 185.

³⁸³ Eberan 2002, s. 329-347. Her gir ho ein oversikt over ti forklaringstypar brukt i den tyske skulddebatten i etterkrigstid. Desse var: 1. Ein tysk nasjonalkarakter med særigne arvelege eigenskapar (vansittartismen) 2. Prøyssisk militarisme 3. Antikrist 4. Kulturkrise 5. Nazismen som sjukdom 6. Ikkje ein heilskapleg nasjonalkarakter på grunn av manglande nasjonal einskap av historiske omstende 7. Fascismen som eit internasjonalt fenomen, men særigne tilhøve i Tyskland 8. Endringar i den sosiale strukturen i det moderne samfunnet 9. Ytre omstende 10. Hitler som avgjerande aktør og den tyske befolkninga som nazismen sitt fyrste offer.

³⁸⁴ Östling 2008, s. 96.

³⁸⁵ Holmila 2011, s. 51, 55.

tanken om at Tyskland var det fyrste offeret for nasjonalsosialismen? Med dette sikter eg til vinklinga i forklaringa der framstillinga krinsar om nazismen som noko som er påført den tyske befolkninga, og ikkje eit medvite val.

6.2 Frå Versailles til det Tredje riket?

Ved forklaringar i svensk offentlegheit til framveksten av nazismen har det blitt vist til historiske omstende der ordninga etter fyrste verdskrig og stoda i mellomkrigstida har vore dei mest sentrale. Fredsordninga frå 1919 og frametter hadde fleire fredstraktatar; det er difor ikkje berre ei «ordning» etter fyrste verdskrig. Korleis vart slike lærdomar brukt i svensk offentlegheit om ordninga av Tyskland etter andre verdskrig? Etter det eg er kjend med har ikkje dette aspektet fått særleg merksemd i tidlegare forskingslitteratur. Ei gjennomgåande vinkling i kjeldematerialet er å vise til erfaringane frå fredsordningane frå fyrste verdskrig. På leiarplass ved byrjinga av Potsdam-konferansen vurderte *Stockholm-Tidningen* utforminga med dei tre sigersmaktene der dei avgjorde ordninga som eit framsteg frå førre verdskrig:

Erfarenheten har visat, att detta ä rett praktiskt framsteg – spåren från Versailles förskräcker verkligen, när man minns, hur mycket trassel som där rådde mellan företrädarna för stora, medelstora och små nationer, av vilka alla var angelägna att trygga sig så stora delar som möjligt av bytet.³⁸⁶

Avisa uttrykte at det burde gå annleis etter denne konferansen i motsetnad til sist med ei verd i kaos dominert av forbrytarpolitikken til den tyske nazismen.³⁸⁷ Her vart fredsordninga av 1919 framstilt som ein direkte årsak til den tyske nasjonalsosialismen. Den svenske historikaren Sven Ulric Palme hevda at føremålet med ei tysk overgjeving utan vilkår var med bakgrunn i ynskje om å skape grunnlag for ei ny folkerettsleg ordning og å unngå ei ny Dolkestøtslegende.³⁸⁸ Leopold Schwarzschild i *Dagens Nyheter* var særleg kritisk overfor kontrollen av Tyskland etter fyrste verdskrig.³⁸⁹ Ulikt frå etter fyrste verdskrig argumenterte han for at okkupasjon av Tyskland var det einaste verkemiddelet som kunne hindre ny tysk opprusting. I tillegg burde demilitariseringa ha eit meir omfattande innhald: «Erfarenheterna från tiden mellan de bägge världskrigen visar klart och tydligt att man inte utifrån förmår

³⁸⁶ *Stockholms-Tidningen* 17.07.1945.

³⁸⁷ *Stockholms-Tidningen* 17.07.1945.

³⁸⁸ *Stockholms-Tidningen* 03.07.1947.

³⁸⁹ *Dagens Nyheter* 16.06.1945.

förhindra en sådan opprustning liksom inte heller med hjälp av små och maktlösa kontrollkommissioner».³⁹⁰ Liknande standpunkt i *Dagens Nyheter* vart spegla i leiarartikkelen «Det tyska problemet» frå juli 1946. Manglande og dårleg kontroll av tysk demilitarisering ved førre krig, samt tysk militær og industriell opprusting ved krigsutbrotet i 1945, vart mogleg gjennom sigersmaktene si behandling av Tyskland som ein suveren stat.³⁹¹

Inntrykket frå bidraga ovanfor er ynskje om meir omfattande politiske og militære tiltak av sigermaktene overfor Tyskland etter andre verdskrig. *Arbetaren* fremma synspunktet om at Tyskland hadde tidlegare vore eit sentrum for «krigerske erobringstankar».³⁹² Avisa uttrykte at demilitarisering måtte fungere som eit verkemiddel til å hindre ny krig, men ynskja ikkje hat og hemn overfor den tyske befolkninga: «Om någonting är sant och visst, så är det det, att en hatfylld och hämndfylld behandling av ett besegrat folk kommer att utlösa ett nytt krig».³⁹³ Kan dette tolkast i retning av å unngå liknande tilhøve som ved «krigsskuldparagrafen» frå Versailles-traktaten av 1919, og at dette var grunnlaget for utbrotet av andre verdskrig? For å danne eit juridisk grunnlag for krigsskadeerstatningar av Tyskland hevda paragraf 231 i traktaten at tysk aggresjon var skyld i krigsutbrotet. Dette skapte sterke reaksjonar på tvers av det politiske spektrumet, og traktaten vart oppfatta av Tyskland som eit «diktat» basert på hemn av sigersmaktene.³⁹⁴ Leiarartikkelen frå *Arbetaren* var frå oktober 1944, og fokuserte særleg på å anvende demokratiske prinsipp overfor Tyskland og den tyske befolkninga.³⁹⁵ Kunne ei framtidig fredsordning utan demokratisk grunnlag resultere i ein ny tysk krig?

I førre kapittel om humanitær hjelp og fordrivelsen brukte historikaren Nils Ahnlund Lausanne-traktaten av 1923 som samanlikningsgrunnlag med fordrivelsen av tyskarar frå Aust- og Sentral-Europa.³⁹⁶ Lausanne-traktaten var ein del av fredsordninga etter verdskrigen, og danna det juridiske grunnlaget for den gresk-tyrkiske folkeutvekslinga i tillegg til dagens Tyrkia.³⁹⁷ I tilknytning til denne samanlikninga av Ahnlund er det to moment eg ynskjer å vektlegge. For det fyrste er det juridiske grunnlaget annleis i Lausanne-traktaten frå Potsdam-avtalen. Fyrstnemnde legitimerte ei folkeutveksling mellom to land, medan Potsdam-avtalen ga grunnlag for ei befolkningsoverføring. Mykje av intensjonen med å gjennomføre eit slikt

³⁹⁰ *Dagens Nyheter* 16.06.1945.

³⁹¹ *Dagens Nyheter* 14.07.1946.

³⁹² *Arbetaren* 27.10.1944.

³⁹³ *Arbetaren* 27.10.1944.

³⁹⁴ Hobson 2015, s. 251-252 og Jarausch & Geyer 2003, s. 180.

³⁹⁵ *Arbetaren* 27.10.1944.

³⁹⁶ *Svenska Dagbladet* 01.11.1949.

³⁹⁷ Sharp 2008, s. 185.

tiltak var for å unngå stoda i mellomkrigstida med uvisse relasjonar mellom nasjonalstatar og minoritetar. For det andre er det viktig å merke seg framstillinga av fordrivelsen i teksten, og kva som ikkje blir nemnd. Den blir skildra som eit av dei største problema i samtida. Slik det var skrive i førre kapittel samanlikna Ahnlund omgrepet «tysk» med «skandinavisk» i samband med utfordringar knytt til integreringa av flyktningane: «ett liknande opprivande experiment skulle sannolikt hos oss i Norden inte slå bättre ut».³⁹⁸ Men sjølv om han tar høgde for omfanget og verknadane av fordrivelsen, tar han ikkje stilling til grunngevinga for hendinga der ein ynskja å unngå etniske konflikhtar ved å ta i bruk slike politiske verkemidlar.

6.3 Konklusjon

I tilknytning til diskusjonen om ordninga av Tyskland var årsaker til nazismen og spørsmål om skuld og straff sentrale emne. Då fokuset i denne masteroppgåva er om meiningsutvekslinga om framtida til Tyskland, har det vore sentralt å undersøke dette i lys av førestillingar om det historiske Tyskland. I svensk offentlegheit var det brukt særleg to forklaringar til framveksten av nasjonalsosialismen. Ein militaristisk grunntanke med røter i Preussen og særeigne tyske tradisjonar (og ikkje eigenskapar) ulikt frå resten av Europa var brukt som tolkingar av framveksten til det nazistiske regimet. Det er grunnlag til å hevde at nazismen vart forklart i svensk offentlegheit som ein sjukdom. Felles for desse forklaringane var at tysk historie og historiske omstende vart brukt som faktorar til framveksten av nazismen. Særleg emigrantane Brandt og Friedländer brukte sosiale tilhøve frå fyrste verdskrig og mellomkrigstida som faktorar til den nazistiske maktovertakinga. Gjennom bruk av slike forklaringar danna dette grunnlag for ein distanse mellom det nazistiske regimet og den tyske befolkninga. Slik unngjekk ein kollektivskuldtesen overfor den tyske befolkninga som heilskap. I tråd med funn frå tidlegare forskingslitteratur er det ikkje teikn til ein tankegang lik «vansittartismen» som vektla ibuande eigenskapar hos den tyske befolkninga som forklaring til framveksten av nazismen.

Tidlegare forskingslitteratur har sentrert om årsaker til nazismen, og korleis dette vart tolka i svensk offentlegheit. Med undersøkingar om historiske analogiar i samband med framtida til Tyskland har dette gitt betre innblikk i førestillingar frå samtida om kva ei ordning av Tyskland burde innebære basert på tidlegare historiske døme. Fredsordninga etter fyrste

³⁹⁸ *Svenska Dagbladet* 01.11.1949.

verdskrig var det mest sentrale dømet som vart vektlagt i kjeldematerialet. Årsaken til dette kan vere at dette var det næraste samanlikningsgrunnlaget for omfanget av andre verdskrig. I tillegg var det oppfatningar om at fredsordninga etter fyrste verdskrig var ein direkte årsak til framveksten av nazismen og dermed utbrotet av andre verdskrig. I tråd med eit slikt synspunkt av årsakssamanhengen var det uttrykt behov om meir omfattande politiske og militære tiltak gjennom okkupasjon. Samstundes vart det uttrykt i tidlegare kapittel om behov for tysk politisk deltaking i etterkrigstid. Dette var ikkje berre fremma av dei tyske emigrantane, men òg frå andre hald i svensk offentlegheit. Dette kan difor bli sett i samanheng med endringar i den stormaktspolitiske sfæren då fokuset hos dei vestallierte skifta frå anti-nazisme til anti-kommunisme.

7. Konklusjon

Føremålet med denne masteroppgåva har vore å undersøke haldningar i svensk offentlegheit til «det tyske problemet» og framtida til Tyskland i perioden 1944-1949. Gjennom fokus på skildringar av den tyske befolkninga og Tyskland, politiske og økonomiske løysingar, den humanitære stoda og tysk framtid sett i lys av det historiske Tyskland, har sentrale aspekt ved diskusjonen om atterreisninga av Tyskland blitt undersøkt nærare enn det tidlegare forskning har gjort.

Slik det går fram av analysen var det gjort eit skilje mellom «tyskarar» og «nazistar», og ei avvising av kollektiv skuld i svensk offentlegheit. Med andre ord var det ein avstand frå nazismen, men ikkje den tyske befolkninga. Dette er i tråd med tidlegare forskning. Debatten om tysk skuld og ansvar for nazismen og andre verdskrig var til stades i Sverige i perioden. Eg har argumentert for tre forklaringstypar i svensk offentlegheit om årsaker til framveksten av nazismen. Desse er tanken om ein prøyssisk militarisme, særeigne tyske tradisjonar og nazismen som ein «sjukdom». I oppgåva har skulddebatten vore særleg synleg i kapittel 3 med skildringar av Tyskland. Skulddebatten vart her knytt opp til skildringane av den tyske befolkninga som apatiske, sjuklege og utan skuldkjensle og ansvar for deira rolle i det nazistiske regimet. Gjennom desse skildringane fekk svensk offentlegheit kjennskap med naud, svolt og aukande polarisering mellom stormaktene i Tyskland. Humanitær hjelp til Tyskland vart som heilskap framstilt som ein prioritet, og der Sverige skulle ha ein sentral rolle som demokratisk og humanitær nasjon. Ut i frå mine funn var det generelt sett konsensus i svensk offentlegheit om å prioritere humanitær hjelp til tyske okkupasjonssoner. Dette vart sett på som ein del av ei europeisk atterreisning, og sterke språklege verkemidlar vart tatt i bruk for å fremme budskapet. Slik det vart vist i kapittel 5 om humanitær hjelp brukte både syndikalistiske *Arbetaren* og konservative *Svenska Dagbladet* drastiske samanlikningar med konsentrasjonsleirar for å syne behovet for hjelp til Tyskland.

Rammeverket for forståinga og tolkinga av politiske og økonomiske løysingar for Tyskland var den ideologiske-politiske splittinga mellom stormaktene. Grunnmønsteret for den kalde krigen var til stades i diskusjonen om «det tyske problemet», og det var ei orientering i svensk offentlegheit til dei angloamerikanske demokratia og løysingane. Positive skildringar av især USA og Storbritannia, og deira tiltak i dei tyske okkupasjonssonene, er synleg i diskusjonen om politiske løysingar, humanitær hjelp og frå reiseskildringane. For å sikre fred og tryggleik frå eit sentralisert Tyskland var det ei vektlegging av eit føderativt statssystem som politisk

løysing. Fredsordninga frå fyrste verdskrig var brukt som samanlikning i argumentasjonen om ei framtidig ordning med meir omfattande politiske og militære tiltak av sigermaktene.

Kven deltok i diskusjonen om framtida til Tyskland?

Interessa i svensk offentlegheit for den framtidige ordninga av Tyskland var stor både under krigen og i etterkrigstid. Deltakarar i denne diskusjonen var akademikarar (særleg historikarar), journalistar, politikarar og tyske emigrantar. Ein avgjerande faktor for interessa var truleg tidlegare svensk-tyske relasjonar. Verknadane for Sverige av tysk og europeisk økonomisk stagnasjon vart vektlagt i svensk offentlegheit. Det kulturelle aspektet ved svensk-tyske relasjonar var understreka i til dømes konservative *Svenska Dagbladet* i samband med diskusjonen om humanitær hjelp til Tyskland.

I tilknytning til aktørar i den svenske debatten er det sentralt å trekkje fram rolla til emigrantane. Med deira rolle som emigrantar hadde dei interesse av å legitimere «det andre Tyskland». Var det naudsynt å legitimere «det andre Tyskland» for å kunne hevde politisk legitimitet i ei framtidig ordning av Tyskland? Både emigrantane sjølve og andre aktive i den svenske debatten framheva ein distanse mellom det nazistiske regimet og delar av den tyske befolkninga. Ei slik framheving har vore tydeleg gjennom oppgåva då det vart gjort eit skilje mellom «tyskarar» og «nazistar». I kapittel 6 om tolkingar av framveksten av nazismen vart rolla til Wilhelm Röpke som emigrant framheva, og ei slik framstilling er truleg ikkje tilfeldig. Slik eg tolkar det var funksjonen med å skape ein slik distanse mellom emigrantane og det nazistiske regimet å danne eit grunnlag for at deira ytringar vart vurdert som alternativ til det Tredje riket.

Ved å avvise «vansittartismen» om kollektiv skuld og særeigne tyske eigenskapar, framheva i staden Willy Brandt og Otto Friedländer dei sosiale, politiske og økonomiske tilhøve i mellomkrigstida. På denne måten var det nazistiske regimet eit resultat av historiske tilhøve og ikkje arvelege eigenskapar. Ynskja dei å sikre ei rolle i ei framtidig ordning av Tyskland? Det var fleire av dei tyskspråklege emigrantane som busette seg i Tyskland etter krigen. Her er Willy Brandt det mest kjende dømet då han seinare vart forbundskanslar av Vest-Tyskland. Andre av dei tyske emigrantane som har blitt nemnd i denne oppgåva som reiste tilbake til Tyskland var Ernst Paul og Egon Kötting. Sjølv om ikkje «alle» busette seg i Tyskland etter

1945, hadde dei særeigne interesser då dei deltok i debatten om ei framtidig ordning av Tyskland.

Kva tiltak var naudsynt for å løyse «det tyske problemet» og sikre fred?

Vurderinga i svensk offentlegheit om den allierte okkupasjonen av Tyskland var at den var naudsynt. Utsegn om dette var vanleg kort tid etter nederlaget, men uttrykk om dette haldt fram vidare i undersøkingsperioden. I denne samanhengen var fyrste verdskrig og stoda i mellomkrigstida brukt som døme til å syne kva som burde bli gjort annleis ved ei eventuell fredsordning etter 1945. Her var det uttrykt behov om meir omfattande politiske og militære tiltak, og dermed unngå å behandle Tyskland som ein suveren stat som etter fyrste verdskrig. Sjølv om okkupasjonen vart vurdert som naudsynt for å sikre fred og hindre tysk aggresjon, vart den òg vurdert som eit hinder i den politiske, administrative og økonomiske einskapen og demokratiseringa av Tyskland. Denne oppfatninga var i samanheng med den aukande polariseringa mellom stormaktene der det utvikla seg til oppfatningar om ei deling som politisk løysing for Tyskland.

Ei politisk løysing som var føretrekt av svensk offentlegheit var eit tysk føderativt statssystem, og dette aspektet ved diskusjonen har vore nærmast fråverande i tidlegare forskingslitteratur. Grunngevinga i argumentasjonen knytt til denne løysinga var at den tyske befolkninga var betre eigna til tyske historiske einingar. I tekstane analysert i kapittel 4 og 6 vart det uttrykt frykt for eit sentralisert Tyskland. Dette var med bakgrunn i sentraliseringsprosessen frå Bismarck og frametter. Ein ynskja å hindre tysk aggresjon og ekspansjon gjennom ei føderativ løysing. Til dømes vart det argumentert for i *Arbetaren* at om ein hadde haldt ved den tyske forbundsstaten ville tysk historie ha vore fredelegare. Dette tolkar eg som teikn på forklaringa av nazismen med bakgrunn i prøyssisk militarisme då Bismarck som aktør i tillegg samlings- og sentraliseringsprosessen vart framstilt som årsak.

Eit anna moment som eg ynskjer å vektlegge i samband med diskusjonen om eit føderativt statssystem som politisk løysing og skilnadar frå ordninga etter fyrste verdskrig, er fordrivelsen av tyskarane under og etter krigen. Frå tekstane analysert i kapittel 5 om humanitær hjelp og fordrivelsen var dei tyske flyktningane i delstaten Schleswig-Holstein framstilt sær negativt. Kvifor? Mitt inntrykk frå kjeldematerialet er at det var som heilskap forståing for den politiske grunngevinga av hendinga som var å unngå ein «farlig tysk

minoritet». Dette sikter til ordninga av fyrste verdskrig der nasjonalt sjølvstende og demokrati var nærmast synonyme omgrep og resulterte i minoritetskonfliktar. Dette var særleg tilfelle i Sentral-Europa. Eit sentralt aspekt ved diskusjonen frå kjeldene er å vise til tidlegare tysk aggresjon og ekspansjon som følge av tysk samling og sentralisering. Dette kan vere uttrykk for at fordrivelsen vart knytt opp til eit føderativt statssystem som ei politisk løysing for Tyskland og «det tyske problemet». Med dette sikter eg til ein tankegang der føderalisme som statsløysing og å unngå tyske minoritetar utanfor tyske grenser ville føre til ei fredelegare ordning enn ved førre verdskrig. Kollektivskuldtesen overfor den tyske befolkninga var ikkje brukt om fordrivelsen i svensk offentlegheit, men samstundes var det uttrykt forståing for dette som ei haldbar løysing for å unngå tyske minoritetar utanfor grensene til Tyskland.

Folkhemmet som ideal?

Både frå kjeldematerialet og tidlegare forskingslitteratur er det klare førestillingar om rolla til Sverige i den demokratiske atterreisinga av Tyskland og Europa. Svenske humanitære tradisjonar vart vektlagt i tillegg til framhevinga av plikta til å hjelpe på grunnlag av nøytralitetspolitikken. I vurderinga av okkupasjonsmaktene var det ei orientering til vestlege demokrati der oppfatninga av USA og Storbritannia var mest positiv. På grunnlag av sovjetiske framferd i eiga okkupasjonszone og utviklinga av den kalde krigen, vart demokrati vurdert som mogleg i Vest-Tyskland og ikkje Aust-Tyskland. Samstundes var det uttrykt manglande grunnlag for tysk demokrati i svensk offentlegheit.

I kapittel 3 med reiseskildringane frå Tyskland var slike framstillingar av den tyske befolkninga understreka. Dette kan illustrerast med ytringane frå Rolf Lamborn i *Stockholms-Tidningen* om manglande behov og forståing blant den tyske befolkninga for amerikansk, engelsk og nordisk demokrati. Orienteringa til dei angloamerikanske demokratiar var tydeleg. Funksjonen ved framhevingane av svensk humanitær innsats og hjelp i reiseskildringane og andre bidrag, var å danne grunnlag for eit moralsk overtak overfor det internasjonale samfunnet. Det kan òg tenkast at ved å trekke fram både svensk humanitær innsats og nordiske (svensk) demokrati ville dette syne det vidare behovet for svensk rolle i den demokratiske atterreisinga av Tyskland. Sverige fekk mykje kritikk for nøytralitetspolitikken under krigen, og i etterkrigstid kan førestillingane om rolla til Sverige gi inntrykk av at det var nettopp på grunn av svensk nøytralitet at landet var eigna til å delta i atterreisinga av Tyskland. Inntrykket frå kjeldematerialet er ei vektlegging av det svenske sosialdemokratiet

som ei politisk løysing for atterreisinga av Tyskland. Tiltak som studieturar til Sverige med føremål om å lære om det svenske demokratiet, vart vurdert som viktige. Interessant var fleirtalet av emigrantane som deltok i diskusjonen om framtida til Tyskland sosialdemokratar, og henta inspirasjon frå det svenske samfunnet både under krigen og i etterkrigstid.

Vidare forskning

Denne oppgåva har hatt fokus på «det tyske problemet» og framtida til Tyskland i svensk offentlegheit i perioden 1944-1949. Dette har vore ei avgrensing av omfanget av både det tematiske grunnlaget og kjeldegrunnlaget, og det er moglegheiter til vidare forskning innan dette. Det kan til dømes utvidast til å omhandle eit anna kjeldemateriale med større fokus på svenske styresmakter si innstilling til emnet. Vidare er det mogleg å undersøke om det er grunnlag for ein komparativ studie av meiningsutvekslinga om temaet i dei skandinaviske landa i etterkrigstid. Det kan vere særst interessant å samanlikne meiningsutvekslinga mellom Sverige og Noreg eller Sverige og Danmark. På grunnlag av krigsforløpet og tysk okkupasjon av Noreg og Danmark, er det truleg mest utbyterikt å starte undersøkingsperioden etter tysk nederlag. Med bakgrunn i ulik erfaring under krigen vil det vere interessant å undersøke korleis dette kom til uttrykk i etterkrigstid. Var det til dømes eit større fokus på hemn-aspektet og kollektivskuldtesen overfor den tyske befolkninga i tidlegare okkuperte Noreg og Danmark enn i det nøytrale Sverige med klare førestillingar om å delta i den europeiske atterreisinga?

Kjelder og litteratur

Kjelder 1941-1949

Aviser

Arbetaren

Dagens Nyheter

Dagsposten

Morgontidningen

Stockholms-Tidningen

Svenska Dagbladet

Brosjyre-serie: Världspolitikens dagsfrågor

Brandt, Willy. *De tyska delstaterna*. Stockholm 1947.

Fink, Troels. *Det sydslesvigske problemet*. Stockholm 1948.

Wigforss, Harald. *Debatten om Tyskland*. Stockholm 1945.

Bøker

Asklund, Erik. *Människor under jorden*. Stockholm: Wahlström & Widstrand, 1947.

Brandt, Willy. *Efter segern*. Omsett av Olov Janson. Stockholm: Albert Bonniers
Förlag, 1944.

Forbrytere og andre tyskere. Oslo: H. Aschehoug & Co., 1946.

Documents on Germany 1944-1985. United States Department of State.

Department of State Publication 9446. Office of the Historian, Bureau of Public
Affairs, 1985.

Dagerman, Stig. *Tysk höst*. Stockholm: Norstedts, 1947.

Fridén, Otto. *Tyskland efter Hitler*. Stockholm: Albert Bonniers Förlag, 1944.

Gollancz, Victor. *Shall Our Children Live Or Die? A reply to Lord Vansittart on The*

German Problem. London: Victor Gollancz, Limited, 1942.

Kötting, Egon & Thoursie, Ragnar. *Kulissbygget. Tyskland mellan Molotov och Marshall*.

Stockholm: Ljus, 1948.

Röpke, Wilhelm. *The German Question*. Omsett av E. W. Dickes. Leicester: The Blackfriars Press Limited, 1946.

Schwarzschild, Leopold. *ABC for en ny verden*. Omsett av Per Vogt. Oslo: H. Aschehoug & Co., 1945.

Vansittart, Robert. *Black Record: Germans Past and Present*. London: Hamish Hamilton, 1941.

Bones of Contention. London: Hutchinson & Co Ltd., [1945]

Vinde, Victor. *Nürnberg i blytljus*. Stockholm: Albert Bonniers Förlag, 1946.

Wigforss, Harald. *Vår plats i fredens värld*. Stockholm: Albert Bonniers Förlag, 1944.

Litteratur

Bøker, artiklar og avhandlingar

Andersson, Lars M. & Tydén, Mattias. *Sverige och Nazityskland. Skuldfrågor och moraldebatt*. Stockholm: Dialogos Förlag, 2007.

Bark, Dennis L. & Gress, David R. *A History of West Germany. 1. From Shadow to Substance 1945-1963*. Oxford & Cambridge: Blackwell, 1993 andre utgåve.

Björk, Kaj. *Spel bakom ridå*. Stockholm: Tidens Förlag, 1956.

Björkman, Maria, Lundell, Patrik & Widmalm, Sven (red.). *De intellektuellas förräderi? Intellektuellt utbyte mellan Sverige och Tredje riket*. Lund: Arkiv förlag, 2016.

- Byström, Mikael & Frohnert, Pär (red.). *Reaching a State of Hope. Refugees, immigrants and the Swedish Welfare State, 1930-2000*. Lund: Nordic Academic Press, 2013.
- Eberan, Barbro. *Vi är inte färdig med Hitler på länge än*. Stockholm: Brutus Östlings Bokförlag Symposion, 2002.
- Ekman, Stig, Thullberg, Per & Åmark, Klas (red.). *Metodövningar i historia 1. Historisk teori, metod och källkritik*. Lund: Studentlitteratur, 1993.
- Ekman, Stig, Åmark, Klas & Toler, John (red.). *Sweden's relations with Nazism, Nazi Germany and the Holocaust. A survey of research*. Stockholm: Almqvist & Wiksell International, 2003.
- Fulbrook, Mary. *The Divided Nation. A History of Germany 1918-1990*. New York & Oxford: Oxford University Press, 1992.
- Fure, Jorunn Sem. «Gutes zuhause, aber keine Heimat» *War and Post-War Experience, Narrative Strategies and memory of the German Expellees from the Eastern German Provinces after 1945*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen, 2001.
- Gilmour, John & Stephenson, Jill (red.). *Hitler's Scandinavian Legacy. The Consequences of the German Invasion for the Scandinavian Countries, then and Now*. London: Bloomsbury, 2013.
- Graham-Dixon, Francis. *The Allied Occupation of Germany. The Refugee Crisis, Denazification and the Path to Reconstruction*. London: I.B. Tauris, 2013.
- Grubel, Fred, Divack, Alan S., Mecklenburg, Frank, Riff, Michael A. & Sznajder, Nusi. *Leo Baeck Institute New York Catalog of the Archival Collections*.

- J.C.B. Mohr (Paul Siebeck) Tübingen, 1990.
- Hagtvet, Bernt. «On the Fringe: Swedish Fascism 1920-45» s. 715-742. I Larsen, Stein Ugelvik, Hagtvet, Bernt & Myklebust, Jan Petter (red.) *Who were the Fascists? Social Roots of European Fascism*. Bergen: Universitetsforlaget, 1980.
- Hobson, Rolf. *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500-1945. Samfunnsendring – statssystem – militærteori*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, 3. opplag 2013
- Europeisk politisk historie, 1750-1950*. Oslo: Cappelen Damm AS, 2015.
- Holmila, Antero. *Reporting the Holocaust in the British, Swedish and Finnish Press, 1945-50*. (The Holocaust and Its Contexts). New York: Palgrave Macmillan, 2011.
- Jaraus, Konrad H. & Geyer, Michael. *Shattered Past. Reconstructing German Histories*. Princeton & Oxford: Princeton University Press, 2003.
- Johansson Alf W. *Den nazistiska utmaningen. Aspekter på andra världskriget*. Stockholm: Prisma, 2000 5. utgåve.
- Judt, Tony. *Postwar. A History of Europe since 1945*. London: Vintage Books, 2010.
- Kalinovsky, Artemy M. & Daigle, Craig (red.). *The Routledge Handbook of the Cold War*. London & New York: Routledge, 2014.
- Kershaw, Ian. *To Hell and Back. Europe 1914-1949*. Penguin books, 2016.
- Lindner, Jörg. *Den svenska Tysklands-hjälpen 1945-1954*. Doktorgradsavhandling, Stockholm: Almqvist & Wiksell International, 1988.
- Lorenz, Einhart. *Willy Brandt: Et politisk liv*. Omsett av Kari Uecker. Res Publica,

- 2013.
- Lowe, Keith. *Råskapens Europa. Kontinentet i kjølvannet av andre verdenskrig.*
Omsett av Rune Rogndokken Moen. Lysaker: Dinamo Forlag AS, 2013.
- Mazower, Mark. *Dark Continent. Europe's Twentieth Century.* London: Penguin Books, 1998.
- Melve, Leidulf. *Historie. Historieskriving frå antikken til i dag.* Oslo: Dreyers forlag, 2010.
- Melve, Leidulf & Ryymmin, Teemu (red.). *Historikerens arbeidsmåter.* Oslo: Universitetsforlaget, 2018.
- Müssener, Helmut. *Exil in Schweden. Politische und kulturelle Emigration nach 1933.* Doktorgradsavhandling, München: Carl Hansen Verlag, 1974.
- Nehlin, Ann. *Exporting visions and saving children – The Swedish Save the Children Fund.* Linköping: Universitetet i Linköping, 2009.
- Olick, Jeffrey K. *In the House of the Hangman. The Agonies of German Defeat, 1943-1949.* Chicago: The University of Chicago Press, 2005.
- Persson, Hans-Åke. *Retorik och realpolitik. Storbritannien och de fördrivna tyskarna efter andra världskriget.* Doktorgradsavhandling. Lund: Lund University Press, 1993.
- Reinisch, Jessica. *The Perils of Peace. The Public Health Crisis in Occupied Germany.* Oxford: Oxford University Press, 2013.
- Sharp, Alan. *The Versailles Settlement. Peacemaking after the First World War, 1919-1923.* Basingstoke: Palgrave Macmillan, andre utgåve 2008.
- Szanajda, Andrew. *The Allies and the German Problem, 1941-1949. From*

- Cooperation to Alternative Settlement*. Basingstoke: Palgrave Macmillan, 2015.
- Tempsch, Rudolf. *Från Centraleuropa till folkhemmet. Den sudettyska invandringen till Sverige 1938–1955*. Doktorgradsavhandling, Göteborg: Ekonomisk historiska institutionen, 1997.
- Trentmann, Frank & Just, Flemming (red.). *Food and Conflict in Europe in the Age of the Two World Wars*. New York: Palgrave Macmillan, 2006.
- Tornberg, Anna (red.) *Jubileumsskrift: UI 75 år*. Institutt for utanrikspolitikk, 2013.
- Umbach, Maiken (red.) *German Federalism. Past, Present, Future*. Basingstoke: Palgrave, 2002.
- Verheyen, Dirk. *The German Question. A Cultural, Historical, and Geopolitical Exploration*. Boulder: Westview Press, 1991.
- Wolff, Stefan. *The German Question since 1919. An Analysis with Key Documents*. Westport: Praeger, 2003.
- Åmark, Klas. *Att bo granne med ondskan. Sveriges förhållande till nazismen, Nazityskland och Förintelsen*. Stockholm: Albert Bonniers Förlag, 2016.
- Östling, Johan. *Nazismens sensmoral: Svenska erfarenheter i andra världskrigets epok*. Doktorgradsavhandling, Stockholm: Atlantis, 2008.
- «The Limits of the Wahlverwandtschaft. Images of Germany in the Main Swedish Conservative Organs 1945-48». *Nordeuropaforum Zeitschrift für Politik, Wirtschaft und Kultur*. 1/2001, s. 3-25.

Artiklar henta frå internett

Goldman, Aaron. «Germans and Nazis: The Controversy over "Vansittartism" in

Britain during the Second World War». *Journal of Contemporary History*
14/1979: s. 155-191.

<<https://www.jstor.org/stable/pdf/260232.pdf?refreqid=excelsior%3Accb0a2e10211d2510d2cafad3d756519>>

Grass, Martin. «Den tyskspråkiga exilen i ARAB:s magasin». Arbetarrörelsens arkiv
och bibliotek. (u.å.) Tilgjengeleg frå:

<https://www.arbark.se/pdf_wrd/vik05.pdf> [Lest 01.10.2019]

Lammers, Karl Christian. «The Nordic Countries and the German Question after
1945». *Contemporary European History*, 15/2006: s. 443-452.

<<https://www.jstor.org/stable/pdf/20081325.pdf?refreqid=excelsior%3Aaedb6b35895f69a2af6088402e98fd3a>>

Levine, Paul A. «Nazismens sensmoral: Svenska erfarenheter i andra världskrigets
efterdyning [The Lessons of Nazism: Swedish experiences in the Wake of the
Second World War] by Johan Östling. *The American Historical Review*.
114/2009: s. 1552-1553.

<<https://www.jstor.org/stable/pdf/23303597.pdf?refreqid=excelsior%3Ac3ffaa072b69767afa9b5b83417675b8>>

Muschik, Alexander. «Headed Towards the West: Swedish Neutrality and the
German Question, 1949-1972». *Contemporary European History*. 15/2006: s.
519-538.

<<https://www.jstor.org/stable/pdf/20081329.pdf?refreqid=excelsior%3Aaa90ceec3002e147c607cba6feabcc9c>>

Shlaim, Avi. «The Partition of Germany and the Origins of the Cold War». *Review of
International Studies*, 11/1985, s. 123-137.

<https://www.jstor.org/stable/pdf/20097039.pdf?refreqid=excelsior%3A89de872c9e8025a099798e161e2d6a8>

Syndikalisterna «Rüdiger, Helmut 1903–1966». (u.å.) Tilgjengeleg frå:

<https://www.sac.se/Om-SAC/Historik/Biografier/R%C3%BCdiger,-Helmut-1903-1966>

[Lest 28.10.2019]

Willy Brandt online biografie «1940-1946 Demokratisk sosialist og journalist i

Sverige». (u.å.) Tilgjengeleg frå:

<https://www.willy-brandt-biografi.com/t/1940-1946/>

[Lest 13.08.2019]